
Forord

Statskonsult har i dei seinare åra gjennomført fleire kartleggingar og studiar av ulike aspekt ved sambandet mellom Noreg og EU. Merksemda har særleg vore retta mot dei konsekvensane EØS-avtalen har for forvaltninga. Som ein lekk i dette arbeidet har vi utarbeidd ei kartlegging av den norske deltakinga i programverksemda i EU.

Noreg har i dei siste 14 åra delteke i ulike programaktivitetar i regi av EU. Heilt frå byrjinga i 1987 med avgrensa deltaking i EUs forskingsprogram, til det store omfanget samarbeidet har i dag, har programverksemda i EU vore mellom dei områda der sambanda mellom Noreg og EU har utvikla seg raskast. Kartlegginga viser at Noreg ved årsskiftet 2000/2001 deltok i 37 EU-program innanfor 15 ulike sektorar, og at kostnadene for norske styresmakter i samband med deltaking i programma er på ca. 800 millionar kr per år.

Føremålet med denne kartlegginga har vore å gje eit bilete av omfanget av dette samarbeidet mellom EU og Noreg, å skildre kvart program og dei utvegane som ei deltaking i programma gjev norske aktørar, og gje ein kortfatta omtale av korleis det norske oppfølgingsapparatet er organisert. Vi vonar at rapporten kan bli eit nyttig oppslagsverk over dei EU-programma som Noreg deltek i, i tillegg til å gje lesarane eit innsyn i korleis implementeringa og oppfølginga av programma går føre seg i Noreg.

Avdelingsdirektør Jørn Skille har vore prosjektansvarleg. Rapporten er skriven av rådgjevar Tom-Espen Carlsen med unntak av omtalen av EUs strukturfondsprogram, som er skriven av seniorrådgjevar Sverre Sogge. I ein tidleg fase av prosjektet kom seniorrådgjevar Ingrid Kvåle med mange nyttige innspel.

Statskonsult vil nytte høvet til å takke alle som har kome med informasjon og tilbakemeldingar til denne rapporten, særleg ressurspersonar i dei ansvarlege departementa og sekretariata som har lese igjennom og kommentert omtalen av dei ulike programma. Vi vil likevel presisere at Statskonsult ålene står ansvarleg for innhaldet i rapporten.

Oslo, mai 2001

Jon Blaalid
direktør

INNHALDSLISLE

1	INNLEIING	5
1.1	AVGRENSING AV PROSJEKTET	5
1.2	KJELDER FOR RAPPORTEN.....	5
1.3	MÅLGRUPPE.....	6
1.4	OPPBYGGING AV RAPPORTEN.....	6
2	OPPBYGGING AV EUS PROGRAMAKTIVITETAR, KRITERIUM FOR NORSK DELTAKING, IMPLEMENTERING OG OPPFØLGING	9
2.1	GRUNNLEGGJANDE PRINSIPP FOR UTFORMINGA AV EU-PROGRAM.....	9
2.2	DELTAKING FRÅ TREDJELAND I EU-PROGRAM.....	11
2.3	KRITERIUM FOR NORSK DELTAKING I EU-PROGRAM SOM ER OMFATTA AV EØS-AVTALEN	11
2.4	IMPLEMENTERING AV EU-PROGRAM I NOREG.....	12
2.5	OPPBYGGING AV DET NORSKE OPPFØLGINGSAPPARATET.....	13
2.6	FINANSIERINGSKJELDER FOR Å DELTA I EU-PROGRAM.....	14
2.7	EU-PROGRAM SOM IKKJE ER OMFATTA AV EØS-AVTALEN	15
3	HOVUDFUNN I KARTLEGGINGA.....	17
3.1	FORDELINGA AV EU-PROGRAM MELLOM SEKTORAR SOM ER OMFATTA AV EØS-AVTALEN	17
3.2	NORSKE BIDRAG TIL EU-PROGRAMMA.....	19
3.3	NORSK UTBYTTE AV PROGRAMDELTAKINGA	20
4	OVERSYN OVER EU-PROGRAM MED NORSK DELTAKING	22
4.1	FORSKING OG TEKNOLOGISK UTVIKLING (FOU).....	22
4.1.1	<i>EUs femte rammeprogram for forskning og utvikling.....</i>	<i>28</i>
	Fellesaspekt ved særprogramma.....	30
	Livskvalitet og forvaltning av levande ressursar	31
	Brukarvenleg informasjonssamfunn	34
	Konkurransedyktig og berekraftig vekst	37
	Energi, miljø og berekraftig utvikling	39
	EU-forskingas internasjonale rolle	43
	Innovasjon og SMB-deltaking	46
	Menneskelege ressursar og sosio-økonomisk kunnskap	48
4.2	INFORMASJONSSAMFUNNET	50
	eContent	51
	PROMISE – fleirårig program for informasjonssamfunnet	54
	Handlingsplan for å fremje sikrere bruk av Internett.....	58
4.3	UTDANNING, OPPLÆRING OG UNGDOMSSPØRSMÅL.....	61
	Sokrates.....	62
	Leonardo da Vinci	73
	Ung i Europa.....	80
	European Pathways/Europass.....	86
	Det europeiske språkåret 2001.....	89
4.4	SOSIALPOLITIKK.....	92
	Handlingsprogram for likestilling mellom kvinner og menn	92
	DAPHNE - handlingsprogram for tiltak mot vold mot born, ungdom og kvinner	98
	Handlingsprogram for tiltak mot sosial utstøytning og diskriminering.....	101
4.5	FORBRUKARVERN.....	103
	Rammeprogram for forbrukarpolitikk	103
4.6	SMÅ OG MELLOMSTORE BEDRIFTER.....	106
	Fleirårig program til å fremje næringsliv og entreprenørskap.....	107
	Joint European Venture II (JEV)	113
4.7	AUDIOVISUELL SEKTOR.....	116
	MEDIA Plus.....	117
4.8	SIVIL BEREDSKAP	123
	Handlingsprogram for sivil beredskap.....	123

4.9	KULTUR.....	127
	Kultur 2000.....	127
4.10	ENERGI OG MILJØTILKNYTT ENERGIVERKSEMD.....	132
4.10.1	<i>Rammeprogram for energi</i>	133
	SAVE II - Fleirårig program for å fremje energieffektivitet	136
	ALTENER II - fremje av energikjelder som kan fornyast.....	138
	ETAP.....	140
4.11	FOLKEHELSE.....	142
	Handlingsprogram for helsefremjande tiltak, helseopplysning, helseutdanning og helseopplæring	144
	Handlingsprogram for tiltak mot kreft.....	145
	Handlingsprogram for å førebyggje AIDS og andre smittsame sjukdomar	147
	Handlingsprogram for å førebyggje narkotikamisbruk	149
	Handlingsprogram for helseovervaking	152
	Handlingsprogram for sjukdomar som kjem av ureining.....	153
	Handlingsprogram for å førebyggje skader	155
	Handlingsprogram for sjeldne sjukdomar	157
4.12	SYSSELSETJING	158
	Analyse, forskning og samarbeid innanfor sysselsetjing og arbeidsmarknadspolitik	159
4.13	OFFENTLEG FORVALTNING.....	161
	IDA – Transeuropeiske nett for elektronisk datautveksling mellom forvaltningar	162
4.14	PROGRAM SOM IKKJE ER OMFATTA AV EØS-AVTALEN.....	166
	Strålevern	166
4.14.1	<i>Strukturfondsprogram</i>	168
	INTERREG III - Stønad til tverrnasjonalt og interregionalt samarbeid.....	168
5	KJELDER	173
	Offentlege dokument	173
	Publikasjonar, bøker og databasar	173
	Andre kjelder	174
	Relevante publikasjonar frå Statskonsult.....	174

1 Innleiing

EU har på dei områda der organisasjonen har kompetanse, oppretta mange nettverksaktivitetar og økonomiske stønadsordningar. Svært mange av desse er organiserte gjennom tidsavgrensa programaktivitetar. Føremålet med programma vil ofte vere å stimulere til aktivitet på område i utvikling og/eller på område der aktiviteten på europeisk nivå utgjer eit viktig supplement til aktiviteten på nasjonalt nivå.

I utgangspunktet er programma øyremerkte medlemslanda i EU, men mange program er også opne for deltaking frå land som alt har eit omfattande avtaleverk med EU, som EFTA-/EØS-landa Island, Liechtenstein og Noreg og land i Sentral- og Aust-Europa som har Europa-/assosieringsavtalar med EU.

Formålet med programaktiviteten i EU varierer sterkt, frå omfattande program som gjev stønad til utveksling og utviklingsprosjekt for forskarar, studentar og småbedrifter, til smalare program for fagekspertar og forvaltningsorgan som skal stimulere utviklinga av eit fag- eller politikkområde gjennom nettverksaktivitet og pilotprosjekt. Sams for programma er likevel den overordna målsetjinga om å involvere deltakarar frå fleire europeiske land i ulike prosjekt, og på den måten skape ein meirverdi både fagleg og kulturelt i høve til det ein kan oppnå innanfor ei rein nasjonal ramme.

1.1 Avgrensing av prosjektet

I denne kartlegginga definerer vi eit EU-program som eit *tiltak der EU har vedteke visse rammer med omsyn på formål, verkemiddel og gjennomføring, at EU heilt eller delvis finansierer tiltaket, og at tiltaket er tidsavgrensa.*

Kartlegginga omfattar dei programma som Noreg deltek i, anten gjennom prosedyrane fastlagde i EØS-avtalen eller i dei tilfelle der programma høyrer inn under sektorar som ikkje kjem inn under EØS-avtalen, gjennom bilaterale avtalar. Vi har også omtala nye program som enno formelt ikkje er vedteke som ein del av EØS, men som fell inn under sektorar som er omfatta av EØS-avtalen.

Kartlegginga omfattar ikkje nettverk som er meir permanente, handlingsplanar som ikkje femner om ein eksternt retta aktivitet og deltaking i ulike frittstående agentur og organ knytte til EU.

1.2 Kjelder for rapporten

Det viktigaste kjeldematerialet for denne rapporten er EUs råds- og europa-parlamentsvedtak som ligg til grunn for opprettinga av kvart program og den parallelle stortingsproposisjonen som inneheld vedtaket i EØS-komiteen, norsk omsetjing av EU-vedtak og detaljar om korleis programmet skal implementerast og administrerast i Noreg. Andre viktige kjelder er skriftlege publikasjonar og vevsider frå generaldirektorata i Europakommisjonen, EU-databasar som Cordis (forskningsprogram), ISPO (informasjonssamfunnet) og CELEX (EU-lovgjeving),

EFTAs vevsider og årsrapportar, Utanriksdepartementets vevside "Møteplass Europa", og vevsider og annan skriftleg informasjon frå norske fagmiljø som administrerer den norske deltakinga i dei ulike EU-programma.

Vi har også hatt stor nytte av dei oversyna som finst over ulike EU-program, særleg handboka til Europakommisjonen: "Grants and loans of the EU". For forskingsprogramma har handbøkene til Det danske forskningsministeriet: "EU Forskning – hvem hvad hvor" og Noregs forskingsråd: "EUs 5. rammeprogram – støtte til forskning og teknologisk utvikling", vore særst nyttige kjelder. Av andre norske kjelder vil vi trekkje fram oversynet til Kommunenes sentralforbund "Støtte fra EU? Oversikt over europeiske samarbeidsmuligheter for kommunesektoren" og oversyna dei norske Euro Info Centre har lagt ut på vevsidene sine over EU-program med norsk deltaking.

Utanom dei skriftlege kjeldene som er nemnde ovanfor, har samtalar med personar som arbeider med EU-program i Utanriksdepartementet, norske nasjonale ekspertar i Europakommisjonen og tilsette i organ som administrerer den norske deltakinga i EU-programma på norsk side, vore svært viktige. Desse kjeldene har både supplert med viktige faktaopplysningar og kome med interessante synspunkt på organiseringa av oppfølginga av EU-programma i Noreg. For å luke ut feil og mistydingar, har vi så langt det har lete seg gjere, sendt omtalen av programma i kapittel 4 til gjennomlesing av personar som står sentralt i oppfølginga av kvart program.

Under omtalen av kvart program står namnet på dei relevante kjeldene. I tillegg er det med eit oversyn over kjeldematerialet som vedlegg til denne rapporten.

1.3 Målgruppe

Målgruppa for rapporten er tilsette i forvaltninga som arbeider med EU-/EØS-relaterte spørsmål, særleg dei som har oppgåver knytte til forvaltninga av norsk deltaking i EU-program. Eksisterande og potensielle brukarar av EU-programma er også ei viktig målgruppe. Elles vonar vi rapporten kan vere ei oversiktleg informasjonskjelde for personar som ønskjer å orientere seg om eit viktig aspekt ved dei samarbeidsrelasjonane som Noreg har med EU. Rapporten vil også bli brukt som rettleiingsmateriell ved Statskonsults opplæringstiltak på EU-/EØS-området.

1.4 Oppbygging av rapporten

Utanom dette innleiingskapittelet er rapporten delt inn i tre hovuddelar:

I kapittel 2 forklarar vi nærmare korleis programaktiviteten i EU er organisert, kva kriterium og prosedyrar som gjeld for norsk deltaking, og korleis det norske oppfølgingsapparatet er bygt opp.

I kapittel 3 oppsummerer vi hovudfunna i kartlegginga. Vi har her med oversyn over dei programma Noreg deltek i, fordelinga av programma på sektorar,

storleiken på budsjett og norske tilskot. Vi drøftar også kort i dette kapittelet det utbyttet Noreg får ved å delta i EU-program.

I kapittel 4 omtalar vi dei EU-programma som Noreg deltek i. Programma er grupperte etter sektorar basert på inndelinga som er brukt i EØS-avtalen. Denne inndelinga samsvarar med få unntak med den tematiske inndelinga EU bruker i presentasjonen av programma i sine publikasjonar. Gjennomgåande fell inndelinga i sektorar også saman med kva generaldirektorat i Europakommisjonen som har ansvar for å administrere programma på europeisk nivå, og kva departement som har det administrative ansvaret for programma i Noreg.

Omtalen av kvart program følgjer ein felles mal med underkapitla:

Formål

Kva målsetjingar EU har definert for programmet.

Innhald

Omtale av dei ulike aktivitetane og aktivitetsområda i programmet. Her er det også ofte nemnt kva slags type og omfang av stønad ein kan søkje om frå programmet og særskilde krav til prosjektsøknader.

Målgruppe

Opplysningar om målgruppa som programmet er retta mot.

Relevante vedtak

Tilvisingar til vedtak i EU og Noreg som fastset rammene for programmet og kriteria for norsk deltaking. Dokumenta det er vist til her er gode kjelder for å skaffe seg meir kunnskap om programma.

Tidslengd

Opplysning om tidsomfanget for kvart program. Dersom Noreg ikkje deltek i heile programmet, er det nemnt spesielt.

Økonomisk ramme

Budsjettet for programmet fastsett av EU.

Kostnader for Noreg ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

Storleiken på tilskot frå Noreg til programmet og eventuelle administrasjonskostnader, både som tilskot til Europakommisjonen og som kostnader i samband med sekretariat, rettleiing og administrasjon på norsk side. Dersom det er relevant og det finst tilgjengeleg statistikk, blir det her også teke med utbetalingar til norske deltakarar i programma.

Supplerande finansieringskjelder

Opplysningar om det finst særskilde finansieringsordningar *utover* den stønaden ein får direkte frå programmet, til dømes stønadsordningar frå norske styresmakter direkte til søkerane.

Norske deltakarar

Opplysning om talet på norske deltakarar og norskeleia prosjekt i programmet.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Kva organ administrerer programmet på norsk side, kva rolle har dei norske oppfølgingsorgana i programmet, og korleis er informasjonsarbeidet organisert. Her er det også opplysningar om kontaktinformasjon til dei relevante organa i Noreg.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Kva organ administrerer programmet i EU, korleis er drifta av programmet organisert, og kva finst av tilgjengeleg informasjon. Her er også opplysningar om kontaktinformasjonen for dei relevante organa i EU.

2 Oppbygging av EUs programaktivitetar, kriterium for norsk deltaking, implementering og oppfølging

2.1 Grunnleggjande prinsipp for utforminga av EU-program

Både bakgrunnen for og formålet med kvart EU-program varierer, men generelt har formålet med dei ulike EU-programma vore å stimulere til:

- 1) Auka samkvem på tvers av nasjonalstatsgrensene og slik styrkje den mellomfolkelege forståinga og
- 2) fremje utvalde sektorar og politikkområde, særleg der det er venta at ein kan hente ut ein meirverdi ved å satse gjennom EU-program framfor ei tilsvarende satsing på nasjonalt nivå.

For dei tiltaka som rettar seg mot aktørar innanfor EU/EØS, er det eit gjennomgåande krav at aktivitet som skal få stønad, må involvere deltakarar frå fleire EU-/EØS-land.

Målgruppa for EU-programma kan vere alt frå dei einskilde borgarane, organisasjonar, bedrifter og offentleg forvaltning i EU-land og andre europeiske land som deltek i programma til mottakarar i andre delar av verda. Formåla som får stønad, har også stor spennvidd. Til dømes kan organisasjonar og institusjonar søkje om stønad til ulike aksjonar, utgreiings- og pilotprosjekt, informasjonstiltak og nettverk. Studentar og elevar kan få stønad til studieopphald og utvekslingar, og bedrifter kan få stønad til forskings-, utviklings- og omstrukturingsprosjekt.

Initiativet til å etablere nye EU-program kjem formelt sett frå Europakommisjonen. Til grunn for initiativet frå Europakommisjonen ligg det som regel innspel frå aktørar i medlemslanda, frå regjeringane i medlemslanda eller frå utgreiingsverksemda i Europakommisjonen. Eit vilkår for at eit program kan setjast i gang, er at EU i traktatgrunnlaget sitt har kompetanse på den sektoren som programmet omfattar. Det er også eit gjennomgåande krav at aktivitetane i programma skal stø opp om og supplere eksisterande verksemd på nasjonalt og regionalt nivå i EU-medlemslanda.

Den endelege avgjerda om å setje i gang eit program blir som regel avgjort av Europaparlamentet og Unionsrådet i samråd gjennom den såkalla samarbeidsprosedyren. For kvart program blir det vedteke ei separat Europaparlaments- og rådsavgjerd der dei overordna målsetjingane og aktivitetsområda, tidslengda og budsjettet blir fastlagde. Avgjerda inneheld også administrative vedtak som gjeld administrering av programmet, m.a. å setja ned ein programkomité.

Programkomiteane som blir oppretta i samband med programma, er sette saman av representantar for regjeringane i medlemslanda og er leia av ein representant frå Europakommisjonen. Vanlegvis vedtek programkomiteane årlege arbeids-

program der prioriteringane for programmet blir fastsett, basert på retningslinene i Europaparlaments- og rådsavgjerda som ligg til grunn for programmet. Komiteane behandlar også evaluerings- og resultatrapportar frå programma.

Den jamlege administrasjonen av kvart program er lagt til det generaldirektoratet i Europakommisjonen som har ansvaret for politikkområdet som programmet omfattar. Europakommisjonen er ansvarleg for utlysingar og informasjon om programmet til brukarar og nasjonale styresmakter. For somme program har Europakommisjonen også ansvar for å behandle søknader og tildeling av midlar, medan Europakommisjonen for andre program har sett ut søknadsbehandlinga til innleigde konsulentar i såkalla Technical Assistance Offices (TAO) eller har delegert søknadsbehandlinga til sekretariat som er etablerte for å følgja opp programmet i dei landa som deltek.

Søknadsprosedyrane varierer mellom dei ulike programma og er omtala nærmare under kvart program. Midlar frå programma blir lyst ut gjennom offentlege utlysingar ("calls for tender"). I desse dokumenta er det spesifisert kva slags prosjekt det blir delt ut stønad til og kva krav som gjeld for søknadene. Dei offentlege utlysingane er tilgjengelege i EUs "Official Journal" S-serien og i databasen Tenders Electronic Daily database (TED). TED er tilgjengeleg som ei betalingsteneste via salsagentane for EUs publikasjonskontor (EUR-OP). Det er også ein avgrensa tilgang til TED-basen via Internett på adressa: <http://ted.europa.eu>. For mange program blir dei offentlege utlysingane også lagde ut på Internettsidene til dei ansvarlege generaldirektorata.

På områda forskning og utvikling, forbrukarvern, kultur og energi har EU oppretta særskilde rammeprogram som ein overbygning for særprogramma innanfor den relevante sektoren. Særprogramma som er underlagde rammeprogramma, har parallelle tidsrom og sams programkomitear. På den måten skal rammeprogramma gjere det lettare å administrere programma effektivt og få ut synergi-effektar mellom særprogramma. Organisering av program innanfor same sektor i rammeprogramma er noko som truleg blir utvida til nye sektorar i åra som kjem. Førebels ligg det føre planar om nye rammeprogram på sektorane informasjons-samfunnet og folkehelse. Desse nye rammeprogramma blir truleg etablerte om 2 til 3 år.

I tillegg til at offentleg forvaltning er involvert i fleire tiltak som brukar, har nasjonale styresmakter ei sentral rolle i forvaltninga av EU-programma. Dei nasjonale styresmaktene har eit overordna ansvar for at kvart land utnyttar høvet til å delta i EU-programma best mogeleg. Viktige oppgåver er i denne samanhengen å formidle informasjon til aktuelle brukarar, og å tilby oppfølging og rettleiing for søkjarar. For somme program er også sjølvbehandlinga av søknader desentralisert til dei organa som er oppnemnde av deltakande statar for å følgje opp programma. Oppgåva til Europakommisjonen i ein slik desentralisert modell blir å sjå til at dei nasjonale organa behandlar søknadene i tråd med dei retningslinene som er lagde for kvar aktivitet. Denne modellen blir til dømes brukt innanfor store delar av utdannings- og opplæringsprogramma. Nasjonale styresmakter styrer også indirekte omfanget av deltakinga frå kvart land gjennom

den oppgåva dei har som finansieringskjelde for den eigenfinansieringa som vanlegvis er turvande for å kunne delta i EU-programma.

2.2 Deltaking frå tredjeland i EU-program

I avgjerda som ligg til grunn for eit program, vil det ofte vere nemnd om tredjeland kan delta i programmet. I alle fall vil den endelege avgjerda om å gjere eit program open for deltakarar frå land som ikkje er medlem i EU, vere basert på forhandlingar mellom EU-organa og styresmaktene i det landet det gjeld.

Dersom eit EU-program blir opna for deltakarar frå tredjeland, kan det gjerast på to måtar. Land som har etablert eit avtaleverk med EU som gjev rett til deltaking i visse EU-program, kan få ei fullverdig deltaking i programma. Det inneber at landa betaler inn ein kontingent til EU for deltakinga i det programmet basert på det relative tilhøvet mellom bruttonasjonalprodukt for vedkomande land og EU. Aktørar frå tredjeland som deltek i eit program på dette grunnlaget, kan delta i prosjekt og søkje midlar frå programmet på lik line med aktørar i medlemslanda i EU. Styresmaktene i desse landa får også delta i programkomiteane med tale og forslagsrett, men har ikkje røysterrett. Deltaking i visse EU-program på desse vilkåra omfattar EFTA-/EØS-landa Island, Liechtenstein og Noreg og land i Sentral- og Aust-Europa som har Europa-/assosieringsavtalar med EU. I dei tilfella der eit tredjeland ikkje har avtalar som gjev rett til å delta i eit EU-program, kan landet likevel få høve til å delta på assosiert basis. Det inneber at landet kan delta i prosjekt under programmet, men må sjølv dekkje alle kostnader i samband med deltakinga. Normalt vil land som deltek på assosiert basis ikkje få delta i programkomiteen for programmet. Deltaking på slike vilkår omfattar land som ikkje har avtaleverk som gjev rett til fullverdig deltaking i EU-program, til dømes Sveits, landa i tidlegare Sovjetunionen og landa i det nordlege Afrika. Deltaking på spesielle vilkår gjeld også for EFTA-/EØS-landa og søkjarlanda i Sentral- og Aust-Europa på sektorar der desse landa ikkje har avtaleverk med EU.

2.3 Kriterium for norsk deltaking i EU-program som er omfatta av EØS-avtalen

Som nemnt, har Noreg gjennom EØS-avtalen sikra seg høve til å delta i mange av EU-programma. I EØS-avtalen er den norske deltakinga heimla i artikkane 78-88 og samarbeidet innanfor kvar sektor er spesifisert i protokoll 31 "om samarbeid på særlege områder utenfor de fire friheter".

I protokoll 31 er det nemnt fleire område/sektorar der det i dag ikkje er program. Det gjeld områda miljø, turisme, handelslette, transport og mobilitet. Dersom EU set i gang program på desse områda, har EFTA/EØS-landa rett til å delta dersom dei ønskjer det.

På det sosialpolitiske området finst det vedtak som sikrar EFTA/EØS-landa i å delta i program for handikappa. Programma for funksjonshemma (Helios II og Handynet) vart likevel stoppa i 1997 då det viste seg at Europakommisjonen mangla heimel for å drive program retta mot desse gruppene.

2.4 Implementering av EU-program i Noreg

Når EU lanserer nye program, blir det vurdert om programmet fell inn under område som er regulerte i EØS-avtalen. Her kan det ofte vere flytande grenser og vurderingar etter skjøn som spelar inn. Prosessen byrjar med at EFTA-sekretariatet ber medlemmene i dei arbeids-/ekspertgruppene det gjeld, å vurdere om rettsakta om oppretting av eit program er EØS-relevant. Saka blir vurdert på dette grunnlaget nasjonalt, og skal leggjast fram for det relevante spesialutvalet der både Utanriksdepartementet og relevante fagdepartement deltek. Svaret blir sendt EFTA-sekretariatet. Når dei tre EFTA-/EØS-landa har svara positivt, set EFTA-sekretariatet opp eit utkast til avgjerd i EØS-komiteen (draft legal text) som deretter blir godkjent av ekspertane i arbeidsgruppa. Når det ligg føre ei slik godkjenning, går saka vidare til Underkomite IV (der UD representerer Noreg) for kontroll før ho blir oversendt Europakommisjonen. Dei tre EFTA-/EØS-landa Island, Liechtenstein og Noreg må samla slutte seg til programma. Det er altså ikkje mogeleg for Noreg åleine å slutte seg til eit EU-program innanfor ramma av EØS-avtalen.

Frå EU si side vil spørsmålet om deltaking frå EFTA-/EØS-landa først bli klarert internt i Europakommisjonen og deretter med Rådet i EU og eventuelt Europaparlamentet, før det kjem opp til avgjerd i EØS-komiteen. Frå EU si side kan det generaldirektoratet i Europakommisjonen som er sett til å administrere programmet vere viktig. I praksis er det slik at somme generaldirektorat har tradisjon/praksis for å trekkje inn EØS-landa, medan andre ikkje har det. I dei tilfella der forvaltninga av eit nytt program vert tillagt eit generaldirektorat som vanlegvis ikkje vedkjem EØS, vil det difor vere særleg viktig med ein målretta innsats for å sikre EØS-deltaking dersom det er ønskjeleg.

Dersom EØS-komiteen vedtek at eit EU-program skal koma inn under EØS-avtalen, fremjar Utanriksdepartementet det i ein Stortingsproposisjon slik at Stortinget kan vedta dei endringane av EØS-avtalen som er nødvendig for at Noreg formelt sett kan slutte seg til programmet. Stortingets samtykke for å delta i programma er nødvendig etter Grunnlovas § 26 dersom deltakinga medfører folkerettslege plikter til økonomiske bidrag over fleire år.

I praksis vil det ofte vere slik at dei fagmiljøa det gjeld, har etablert eit uformelt samarbeid innanfor kvart program før Stortinget har gjort eit vedtak. Ein slik praksis kan verka problematisk, men har vist seg nødvendig for å sikre god norsk uttelling i programma. Det er viktig at oppfølgingsapparatet i Noreg er operativt på det tidspunktet eit program byrjar, slik at norske søkjarar kan delta frå første utlysing. Behovet for slike uformelle løysingar blir forsterka av det faktumet at det formelle vedtaket om EFTA-/EØS-deltaking ofte først blir gjort fleire månader etter at programmet tok til å gjelde. Årsaka til det ligg ofte hjå EU som i fleire tilfelle først har gjort eit eige formelt vedtak tett opptil og til og med etter det formelt tok til å gjelda for fleire program. Slike forseinkingar forplantar seg vidare til EFTA-/EØS-landa i og med at det som regel tek opptil seks månader frå eit program er formelt vedteke i EU til formelt vedtak er fatta i EØS-komiteen og i Stortinget.

Praksisen med at Noreg deltek på uformell basis før ei deltaking er formelt vedteken, føreset også smidigskap og velvilje frå EU. Stort sett har det fungert smertefritt, men i samband med igangsetjinga av dei nye programma på utdanningsområdet på nyåret 2000, vart mangel på formelle vedtak i EØS-komiteen og Stortinget brukt av Europakommisjonen for å stengje Noreg ute frå dei relevante programkomiteane i ein periode. Det er usikkert om dette vil bli eit problem også ved seinare høve, men problemstillinga aktualiserer behovet for ein raskast mogeleg avgjerdsprosess på EFTA-/EØS-sida og på norsk side. Eit poeng i denne samanhengen er at Grunnlovas § 26 krev at Utanriksdepartementet fremjar ein separat stortingsproposisjon om norsk deltaking for alle EU-program som krev løyvingar over fleire år. Island har derimot ikkje krav om at slike saker skal leggjast fram for Alltinget, medan Liechtenstein har krav om å få lagt fram for Parlamentet saker som inneber økonomiske plikter over ein viss sum. I praksis har det i seinare år vore avgrensa til Rammeprogrammet for forskning og utvikling og Sokratesprogrammet. Island og Liechtenstein kan difor gje ei endeleg tilslutning til programma raskare enn det Noreg kan.

For å forsere avgjerdsprosessen på norsk side har det frå 2000 for dei fleste nye programma blitt fremja ein stortingsproposisjon om deltaking i programmet *før* avgjerda om deltaking frå EFTA-/EØS-landa er fatta i EØS-komiteen. Stortinget sitt EØS-utval har i tilfella med avvik frå vanleg prosedyre vorte konsulterte i forkant. Truleg vil denne unntaksprosedyren også bli brukt for framtidige program der eit samtykke frå Stortinget i etterkant av ei EØS-komiteavgjerd vil medføre ei forseinking for EFTA-/EØS-landa i å delta i programmet.

2.5 Oppbygging av det norske oppfølgingsapparatet

Når ei norsk tilslutning til eit EU-program endeleg er vedteke av Stortinget, vil den vidare oppfølginga av norsk deltaking bli teken hand om av det fagdepartementet og dei faginstansane departementet har delegert ansvaret til. Overordna problemstillingar, mellom anna i samband med dei norske posisjonane i dei ulike programkomiteane, vil også kunna takast opp til behandling i dei relevante spesialutvala. Normalt er det representantar frå fagdepartementa som deltek i styringskomiteane for EU-programma, eventuelt saman med representantar frå underliggjande etatar eller frå særskilde einingar som er oppretta for å ta vare på oppfølginga frå norsk side.

For dei store programma på forskings- og utdanningsområdet er det oppretta særskilde sekretariat. Eigne sekretariat finst også for program innanfor informasjonssamfunnet og audiovisuell sektor. For programma for små og mellomstore bedrifter spelar også visse sekretariat ein vesentleg rolle i samband med informasjon og rettleiing til brukarane. Programma innanfor dei ovanfor nemnde sektorane er dei som vender seg til dei største brukargruppene og som dermed byggjer på ei omfattande oppfølging av informasjon og rettleiing frå norsk side. Innanfor utdanningssektoren har dei norske sekretariata også ansvar for delar av søknadsbehandlinga, og dei mottek delvis refusjon av administrasjonsutgiftene frå Europakommisjonen. Oppretting av særskilde norske sekretariat medfører auka kostnader i samband med programdeltakinga, men det er liten tvil

om at dei særskilde sekretariata medverkar til at norske aktørar betre kan utnytte det potensialet som ligg i programma. Gjennomgåande er det god tilgang til informasjon og rettleiing for dei programma som har særskilde sekretariat i Noreg.

For dei andre programma har det ansvarlege fagdepartementet den jamlege oppfølginga, eventuelt i samarbeid med ein underliggjande etat. Det er mest mindre program som i første rekkje vender seg til avgrensa fagmiljø innanfor stats- og regionalforvaltninga og forskings- og undervisnings sektoren. I mange tilfelle er det difor mindre behov for generell informasjons verksemd retta mot allmenta. Likevel er det grunn til å peike på at det ofte er vanskeleg å finne informasjon om dei programma der departementa sjølve har ansvaret for den jamlege oppfølginga. For fleire program seier ansvarlege personar i departementa at ressursane som er avsette til informasjon og oppfølging, ikkje er tilfredsstillande. Det fører truleg til at den norske deltakinga i somme program er mindre enn det kunne vore med betre informasjon og oppfølging frå norsk side.

I tilknytning til fleire av programma har EFTA-/EØS-landa fått høve til å utplassere nasjonale ekspertar i Europakommisjonen. Spørsmålet om eventuelle nasjonale ekspertar frå EFTA-/EØS-landa blir avgjort i samband med dei årlege budsjett-drøftingane. Dei nasjonale ekspertane blir teke med i det såkalla "EØS-budsjettet" som omfattar tilskot frå EFTA-landa til operasjonelle utgifter av programma og administrative utgifter i samband med det. Ekspertane arbeider i Europakommisjonen i ein periode som er venta å vare i 3 år. Perioden kan ikkje forlengjast.

Dei nasjonale ekspertane representerer ein viktig inngang for Noreg til å få betre kunnskap om programverksemda i EU og om Europakommisjonens arbeid og organisering. Ekspertane kan òg nyttast som ressurspersonar i samband med rettleiing og informasjon til norske brukarar av EU-program. Samtalar med nokre av ekspertane har vist at kompetansen og røynslene deira nok kunne vore betre utnytta i høve til informasjon og rettleiing for norske brukarar enn det som er tilfelle i dag.

I tillegg til dei nasjonale ekspertane har også fagråda ved den norske EU-delegasjonen i Brussel ein viktig rolle, både i høve til å fange opp initiativ til nye program og aktivitetar, og i høve til informasjon til og tilrettelegging for den kontakten norske styresmakter har med organ i EU om programverksemda.

2.6 Finansieringskjelder for å delta i EU-program

EU-programma finansierer frå 20 til 100 % av dei prosjekta som mottok stønad. Eit typisk stønadsnivå er 50 %. Føresetnaden er at dei andre utgiftene blir dekte av søkjaren anten ved eigne midlar eller ved supplerande finansiering frå andre kjelder. Det er gjennomgåande få særskild oppretta stønadsordningar i Noreg for å supplere stønaden frå EU-programma. Eit viktig unntak er ei ordning for forprosjektstønad for søkjarar til særprogramma under rammeprogrammet for forskning og utvikling. Mange av dei norske deltakarane er offentlege institusjonar,

og det blir her ofte sett av midlar i dei ordinære budsjetta til å finansiere ei deltaking i prosjekt som er knytte til EU-program.

Det er i utgangspunktet få formelle hindringar frå EU si side for supplerande finansiering så lenge ikkje stønaden er knytt opp til kommersielle bindingar som kan påverke konkurransen i marknaden.

2.7 EU-program som ikkje er omfatta av EØS-avtalen

Det er fleire område der EU har omfattande programverksemd som fell utanfor EØS-avtalen. Dei viktigaste områda som fell utanfor EØS er:

- ?? EU-program retta mot omverda/tredjeland. Viktige område/program er her:
 - ?? Støtteprogram retta mot utviklingslanda, det viktigaste programmet er samarbeidet innanfor den femte Lomé-konvensjonen
 - ?? Støtteprogram retta mot særskilde regionar, det viktigaste programmet er MEDA-programmet retta mot landa i Middelhavsregionen
 - ?? Støtte til landa i Sentral- og Aust-Europa og til landa i den tidlegare Sovjetunionen, dei viktigaste programma på dette området er Phare (bistand til Sentral- og Aust-Europa) og Tacis (bistand til landa i den tidlegare Sovjetunionen og Mongolia)
- ?? Programverksemd finansiert av EUs strukturfond
EUs strukturfond kanaliserer i perioden 2000-2006 totalt 213 milliardar EURO til programverksemd om regional utvikling og arbeidsmarknadspolitik. Størstedelen av midlane blir brukte til program i kvart medlemsland. Ein mindre del, ca. 5 % av budsjettet, går til såkalla fellesskapsinitiativ der formålet er å skape utvikling gjennom samarbeid mellom aktørar i fleire medlemsland:
 - ?? INTERREG III: grenseregionalt, transnasjonalt og interregionalt samarbeid
 - ?? Urban: omstilling og opprusting av kriseramma byområde
 - ?? Leader +: bygdeutvikling
 - ?? Equal: motarbeide diskriminering og utestenging frå arbeidsmarknaden
- ?? Justis- og indrepolitiske spørsmål
 - ?? GROTIUS: Utviklings- og utvekslingsprogram for aktørar innanfor rettsstellet
 - ?? STOP: Utviklings- og utvekslingsprogram for personar med ansvar for å kjempe mot menneskehandel og seksuell utnytting av barn
 - ?? OISIN: utvekslings-, utdannings- og samarbeidsprogram for rettshandhevande styresmakter
 - ?? ODYSSEUS: utvekslings-, utdannings- og samarbeidsprogram på områda asyl, innvandring og passering av dei ytre grensene
 - ?? FALCONE: utvekslings-, utdannings- og samarbeidsprogram for personar med ansvar for å kjempe mot organisert kriminalitet
- ?? Program heimla i Euratom-traktaten
 - ?? Særprogrammet for forskning og utvikling innanfor kjernekraft under det femte rammeprogrammet for forskning og utvikling

Av dei ovanfor nemnde programma har Noreg inngått eit bilateralt samarbeid med EU på områda strålevern og INTERREG III.

Det kan truleg vere mogeleg for Noreg å inngå bilaterale avtalar om å delta i fleire program som fell utanfor EØS-avtalen på liknande vilkår som gjeld for Interreg III og strålevernprogrammet. Det er heller ikkje utenkjeleg at det kan bli aktuelt for EFTA-/EØS-landa å ta initiativ til å innlemme visse av dei ovanfor nemnde programma i EØS-avtalen. Truleg kan det særleg vere aktuelt for program på justis- og indrepolitiske område.

3 Hovudfunn i kartlegginga

Kartlegginga viser at Noreg ved årsskiftet 2000-2001 deltok i 37 særprogram fordelt på 15 sektorar. Noreg har slutta seg til 35 program innanfor ramma av EØS-avtalen, medan deltakinga i to program på område som fell utanfor EØS, er basert på bilaterale avtalar med EU.


Totalbudsjettet for dei 35 programma som Noreg deltek i under EØS-avtalen, utgjer ca. 35,5 milliardar kr per år. For å delta i dei 35 programma som er underlagde EØS-avtalen, betaler Noreg ein kontingent på ca. 663 millionar kr per år.

I tillegg til dei ovanfor nemnde 37 særprogramma har vi i kapittel 4.4 også omtala "Handlingsprogram for tiltak mot sosial utstøyting og diskriminering". Dette programmet var ved årsskiftet enno ikkje formelt vedteke av EU og difor heller ikkje innlemma i EØS-avtalen. Dersom programmet blir vedteke av EU, har EFTA-/EØS-landa som mål å slutte seg til dette programmet innan utgangen av 2001. I og med at programmet ikkje er endeleg vedteke har vi ikkje teke med programmet i oversyna i dette kapitlet.

3.1 Fordelinga av EU-program mellom sektorar som er omfatta av EØS-avtalen

I fordelinga mellom sektorane er forskings sektoren suverent størst etter storleiken på budsjettet. Dei 7 særprogramma pluss felles forskingssentra i EU under Det femte rammeprogrammet for forskning og utvikling har eit budsjett på til saman ca. 28 milliardar kr per år.¹ Det utgjer 79 % av det totale budsjettet for EU-programma som er omfatta av EØS-avtalen. Ein annan stor sektor er programma innanfor utdanning, opplæring og ungdomsspørsmål med eit budsjett på til saman ca. 4,2 milliardar kr per år eller 12 % av totalbudsjettet. Deretter er det eit langt sprang ned til dei andre 11 sektorane som samla har eit budsjett på ca. 2,9 milliardar kr per år eller 9 % av det totale budsjettet.

Figur 3.1: Relativ fordeling av budsjetta mellom sektorane som er omfatta av EØS-avtalen




¹ Denne summen inkluderer ikkje den delen av rammeprogrammet for FoU som er finansiert via Euratom og som ligg utanfor EØS-avtalen.

I tillegg til sektorane nemnde ovanfor kjem dei to programma som ikkje er omfatta av EØS-avtalen, og som Noreg difor deltek i på basis av bilaterale avtalar. Desse to programma, INTERREG III og strålevernprogrammet under EUATOM-delen av forskingsprogrammet, har til saman eit budsjett på ca. 6 milliardar kr per år. I og med at norske aktørar ikkje kan søkje midlar direkte frå INTERREG- og strålevernprogramma, har vi valt å ikkje samanlikne totalbudsjetta for desse programma med totalbudsjetta for programma som er dekte av EØS-avtalen.

Når det gjeld fordelinga av programtal mellom dei ulike sektorane, så toppar folkehelsesektoren med 8 program, fylgd av forskingssektoren med 7 program og utdanningssektoren med 5. Det er i denne samanhengen viktig å vere merksam på at EU innanfor sektorane forskning, forbrukarvern, kultur og energi har valt å samle aktivitetane i rammeprogram. Også programmet for allmennutdanning, Sokrates, har preg av å vere eit rammeprogram på den måten at det omfattar fleire tidlegare sjølvstendige program. Det varierer mellom dei ulike rammeprogramma kor sterkt integrerte dei ulike aktivitetane er. Innanfor rammeprogrammet for forskning og utvikling og rammeprogrammet for energi er aktivitetsområda definerte som særprogram vedtekne ved eigne rådsavgjerder og med separate budsjett. Derimot er integrerte aktivitetsområde innanfor forbrukarvern-, kultur- og allmennutdanningsområdet vedtekne ved ei felles rådsavgjerd. Denne skilnaden har ført til at vi har valt å telje særprogramma på forskings- og energi-sektoren med som eigne program, medan vi på forbrukarvern-, kultur- og allmennutdanningssektoren har valt å behandle dei ulike aktivitetane som eitt program.

Figur 3.2: Fordelinga av programma på ulike sektorar




3.2 Norske bidrag til EU-programma

Dei norske bidraga til EU-programma som Noreg deltek i under EØS-avtalen utgjer ca. 663 millionar kroner per år. Denne summen inkluderer kontingenten Noreg betaler til programmet og i somme tilfelle også supplerande kostnader i samband med programmet som bidrag til Europakommisjonens administrasjonskostnader og/eller til å dekkje kostnader ved utplassering av nasjonale ekspertar frå EFTA/EØS-landa i Europakommisjonen.

For programma som Noreg deltek i under EØS-avtalen, blir den norske kontingenten rekna ut frå ein fordelingsnøkkel mellom landa som deltek i programmet og er basert på forholdet mellom bruttonasjonalinntekta (BNI) i landa. Formelt blir bidraget for EFTA-/EØS-landa rekna som ei eining og den norske delen av EFTAs bidrag utgjer ca. 95 %. Rekna ut frå totalbudsjettet for programma ligg den norske delen typisk i området 1,7 til 1.9 %.

For strålevern- og INTERREG-programma som ligg utanfor EØS-avtalen, blir det ikkje betalt kontingent. Den norske deltakinga blir finansiert direkte frå norske styresmakter, som betaler tilsvarande det norsk deltakarar ville fått frå EU dersom Noreg hadde delteke på same vilkår som EU-medlemslanda. Samla for dei to programområda utgjer denne norske finansieringa ca. 82 millionar kroner per år. Fordi EU-finansieringa i desse programma ikkje gjev fullfinansiering av prosjekta, kjem det eigendelar i tillegg. Det må det også skaffast midlar til i Noreg.

Figur 3.3 og 3.4: Årlege norske utgifter til EU-program på ulike sektorar



Det totale norske bidraget til den delen av EU-programverksemda som blir dekt av EØS-avtalen, inkluderer ikkje kostnader til nasjonal oppfølging og informasjon om programma. For somme program utgjer administrasjonskostnadene i Noreg like mykje som kontingenten, medan det for andre berre utgjer ein mindre del. For mange program har det også vist seg umogeleg å kvantifisere kostnader i Noreg i samband med programma, fordi administrasjonen inngår som ein integrert del av verksemda i det ansvarlege organet. Forsiktig vurdert utgjer desse kostnadene minst 50 millionar kr per år og kjem i tillegg til det norske bidraget på ca. 660 millionar kr per år. I tillegg til stønaden på ca. 82 millionar kr per år til norske deltakarar i dei to programma som ikkje er omfatta av EØS-avtalen, blir dei totale kostnadene for norske styresmakter i samband med deltaking i EU-program i underkant av 800 millionar kr per år.

3.3 Norsk utbytte av programdeltakinga

Med det store omfanget som den norske deltakinga i programverksemda i EU har, er det nærliggjande å stille spørsmål om kva Noreg og norske aktørar får att for dei store bidraga som Noreg betaler til EU. Det ligg utanfor vårt mandat å gi ei generell evaluering av den norske deltakinga i EU-program. Ei slik evaluering vil krevje grundigare studiar av kvart program enn det som er gjort i dette prosjektet. Vi nøyer oss difor her med nokre allmenne vurderingar rundt den norske deltakinga basert på observasjonar gjort i samband med innsamlinga av opplysningar om kvart program.

Det har blitt utført evalueringar av den norske deltakinga i somme av EU-programma. Nyare evalueringar finn ein mellom anna for rammeprogrammet for forskning og utvikling (Noregs forskingsråd 1998) og programmet for små og mellomstore bedrifter (SMB) (Agderforskning 2000). Gjennomgåande var desse evalueringane positive i vurderinga av det norske utbyttet av deltakinga i EU-programma, men for SMB-programmet vart det peika på at informasjon om programmet var fragmentert og til dels vanskeleg tilgjengeleg for målgruppa.

Observasjonane våre tilseier at graden av suksess målt i talet på norske deltakarar i prosjekt eller i sum utbetalt til norske aktørar, relativt sett varierer både mellom og innanfor dei enkelte programma. For store og viktige sektorar som forskning og utdanning, men også mindre sektorar som audiovisuell sektor og media, viser tilgjengeleg statistikk at norske aktørar gjennomgåande er godt representerte både i talet på deltakarar og i motteke stønad frå programma. Eit typisk trekk ved programma der norske aktørar gjer det bra, er at programma er godt innarbeidde, og at det er etablert eit godt organisert informasjons- og rettleiingsapparat i Noreg.

I vurderinga om deltakinga i EU-program gjev eit tilfredsstillande utbytte for Noreg, er det viktig å ikkje einsidig fokusere på mengda av prosjekt og tilbakeførte midlar. For mange av dei mindre programma som i hovudsak rettar seg inn mot fagstyresmakter og –miljø innanfor kvar sektor, er ofte den største verdien av programdeltakinga det å delta i nettverk med tilsvarande fagmiljø i andre europeiske land. På den måten får norske aktørar høve til å kunne følgje med i og delta i fagleg og politisk utvikling på området. Så langt aktivitetane i programma er med på å leggje premissane for politiske vedtak i EU, blir deltakinga i

programma spesielt viktig for eit EØS-land som Noreg, som elles har avgrensa tilgang til avgjerdsorgana i EU.

Utover det at EU-programma opnar for å delta i prosjekt og nettverk, har EFTA i tilknytning til fleire av programma forhandla seg fram til å utplassere nasjonale ekspertar i Europakommisjonen. I og med at Noreg betaler ca. 95 % av dei totale tilskota frå EFTA til dei ulike programma, er i praksis nesten alle EFTA-ekspertane nordmenn. Ekspertane arbeider i Europakommisjonen for ein periode på 1 til 3 år og blir utplasserte i dei generaldirektorata som har ansvaret for administrasjonen av det programmet eksperten skal jobbe med. Det er stort sett tilsette i dei forvaltningsorgana som har oppfølgingsansvaret for programmet i Noreg, som reiser ut for å jobbe som nasjonal ekspert knytte opp til programma. Eit oppdatert oversyn over kva nasjonale ekspertar som er knytte til Europa-kommisjonen, kan ein få ved å vende seg til sekretariatet til EFTA i Brussel:

EFTA Secretariat
Brussels Office
74 rue dei Trèves
B-1040 Brussels
Tlf.: +32 2 286 1711
Faks: +32 2 286 1750

Oversynet finn ein også på vevsidene til EFTA er på adressa:
<http://secretariat.efta.int/euroeco/ECProg/dbafile3900.html>

I diskusjonen om nytteeffekten av deltakinga i EU-programma må ein vere merksam på at det frå EU si side er eit sentralt formål med programverksemda å skape ein meirverdi med auka felles kunnskapsbase og større mellomfolkeleg forståing. Denne meirverdien vil kome alle deltakande land til gode, men kan ikkje alltid målast i tal på prosjekt og utbetalte summar. Ei einsidig vektlegging på nasjonalt utbytte i form av høgast mogeleg deltaking i prosjekt og størst mogeleg tilbakeføring av midlar er difor ikkje rekna for å vere heilt ”stovereint” i EU-samanheng.

4 Oversyn over EU-program med norsk deltaking

4.1 Forsking og teknologisk utvikling (FoU)

Hovudmålsetjinga for EUs fellesskapsforskning er å styrkje det vitenskaplege og teknologiske grunnlaget for europeisk industri for dermed å fremje konkurransevna. For ikkje å kome i konflikt med konkurranselovgjevinga skal forskning som mottek stønad frå EU vere generisk (grunnleggjande) og pre-kompetitiv. Det inneber at forskinga kan vere marknadsorientert, men ikkje marknadsnær.

Størstedelen av løyvingane til EU-forskinga har vore gjevne innanfor ramma av EF-traktaten (Roma-traktaten), medan ein mindre del har vore nukleær forskning knytt til EURATOM-traktaten. Med Maastricht-traktaten er EUs forskingspolitikk utvida til også å omfatte forskingstiltak som er nødvendige for å gjennomføre andre felles mål, til dømes levevilkår, kultur og folkehelse.

EU-verksemnda på forskingsområdet er organisert i fleirårige rammeprogram. Nye rammeprogram blir vedtekne i fellesskap av Europaparlamentet og Rådet etter forslag frå Europakommisjonen. I rammeprogramma fastlegg ein dei generelle målsetjingane for EU sin innsats på FoU-området, samla budsjett og fordelinga på dei ulike forskingsområda. Ei viktig årsak til at EU har valt å samle særprogramma på FoU-området i rammeprogram, er det store omfanget av verksemnda. Gjennom rammeprogramma blir det lettare for brukarane og nasjonale styresmakter å få oversyn over kva forskingsområde EU vil satse på i den aktuelle perioden. Tabell 4.1 gjev eit oversyn over rammeprogramma frå det første som starta opp i 1984 fram til det femte som starta opp 1. januar 1999 med tilhøyrande budsjett.

Tabell 4.1: EUs rammeprogram for forskning og utvikling

Rammeprogram	Periode	Budsjett (euro)	Noregs bidrag
1. rammeprogram	1984-87	3,8 mrd.	--
2. rammeprogram	1987-91	5,4 mrd.	--
3. rammeprogram	1992-94	6,6 mrd.	--
4. rammeprogram	1994-98	13,2 mrd.	195 mill. euro/ ca. 1,6 mrd. kr
5. rammeprogram	1999-02	15,0 mrd.	254 mill. euro/ ca. 2,1 mrd. kr

I utforminga av forskingsstrategien i EU stør Europakommisjonen seg på fleire rådgjevande komitear. Særleg viktig er Komiteen for vitenskapleg og teknisk forskning (CREST). CREST er ein permanent forskingspolitisk komité som gjev råd både til Europakommisjonen og Rådet om overordna FoU-spørsmål. CREST er ein viktig aktør både ved drøfting av langsiktige strategiar og ved utarbeidinga av forskingsprogram, då dei ofte blir involverte på eit tidleg tidspunkt i avgjerdsprosessen. I tillegg til CREST er det også nyleg oppretta eit Europeisk forskingsforum (ERF). Dette forumet erstattar dei to tidlegare rådgjevande komiteane;

ESTA som var ein vitenskapelig komité som hadde til oppgåve å stø Europa-kommisjonen med å utarbeide, setje i verk og følgje opp EUs politikk på FoU-området, og IRDAC som var ein forskingsindustriell komité som gav råd i samband med industrielle behov knytte til EU-program.

Forvaltning og informasjon på EU-nivå

Frå EU si side er forvaltninga av særprogramma under rammeprogramma for FoU i hovudsak lagd til generaldirektorat for forskning, som er sett saman av tidlegare DG XII (vitenskap, forskning og utvikling) og delar av DG XIII (telekommunikasjon, informasjonsteknologi og utnytting av forskingsresultat). Andre generaldirektorat som har oppgåver knytte til rammeprogramma, er Generaldirektoratet for næringspolitikk (sett saman av tidlegare GD III (industri) og DG XXIII (små og mellomstore verksemdar)), Generaldirektoratet for sysselsetjing og sosialpolitikk (tidlegare GD V), Generaldirektoratet for landbruk (tidlegare GD VI), generaldirektoratet for transport (tidlegare GD VII), Generaldirektoratet for fiskeri (tidlegare GD XIV) og Generaldirektoratet for energi (tidlegare GD XVII).

Særprogramma under rammeprogramma for FoU har programkomitear der kvar av dei deltakande landa har éin til to representantar. I samarbeid med Europa-kommisjonen arbeider programkomiteane ut arbeidsprogram og vel ut prosjekt, dessutan har dei jamleg evaluering og utvikling av særprogrammet. Kvart særprogram har også ein administrativ stab som typisk er sett saman av ein programdirektør og fem til ti sakshandsamarar med fagleg kompetanse innanfor programområdet. Europakommisjonen nyttar seg også mykje av uavhengige eksterne vitenskapelige ekspertar, gjerne i form av såkalla "External Advisory Groups", som stø Europakommisjonen i førehandsvurderingar av prosjekt og evaluering av dei enkelte områda innanfor kvart særprogram.

Når eit særprogram er endeleg godkjent, lyser Europakommisjonen ut programmidlane. Nemninga på denne utlysinga er "call for proposals". Det blir kunngjort i *Official Journal*, som er Europakommisjonens daglege meldingsblad. Supplerande informasjon om alle særprogramma finn ein i egne informasjonspakker som inneheld opplysningar om programinnhaldet ("work programme"), verkemiddel, kontaktpersonar i Europakommisjonen og søknadsskjema.

Ei viktig kjelde for oppdatert informasjon om FoU-programma er EUs informasjonsteneste for forskning og utvikling, CORDIS. CORDIS driv fleire ulike databasar der det dagleg blir lagt ut informasjon. Databasane er gratis tilgjengelege via Internett eller ein kan få dei på CD-ROM. I nyheits- og publikasjonsdatabasane blir det lagt ut pressemeldingar, kunngjeringar og informasjon om nye konferansar og publikasjonar. I prosjektdatabasane finn ein detaljar om nye og gamle prosjekt, deltakarar og mogelege partnarar. CORDIS gjev også ut tidskriftet CORDIS-focus kvar fjortande dag som presenterer eit utval av nyheitsmeldingar som blir lagde ut på nyheitsdatabasane. CORDIS kan kontaktast på desse adressene:

Internett: <http://www.cordis.lu/>
E-post: helpdesk@cordis.lu (spørsmål om bruk av CORDIS)
Post: CORDIS Help Desk
B.P. 2373

L-1023 Luxembourg
Tlf.: +352 44 10 12 2240
Faks: +352 44 10 12 2248

Generaldirektoratet for forskning har etablert eit informasjonskontor som svarar på generelle spørsmål om EUs FoU-aktivitetar. Dette er også staden å vende seg til for abonnement og tinging av publikasjonar og anna informasjonsmateriale.

Informasjonskontoret kan kontaktast på denne adressa:

Communication Unit (AP06)
European Commission, SDME 2/85
Wetstraat 200 / Rue dei la Loi, 200
B-1049 Brussel / Bruxelles
BELGIË / BELGIQUE
Tlf.: +32 2 299 18 65
Faks: +32 2 295 82 20
E-post: research@cec.eu.int

Andre generaldirektorat i Europakommisjonen produserer også ein del informasjon om programma dei administrerer. Nærmare omtale av slike informasjonstiltak finn ein i denne rapporten under omtalen av ulike særprogram.

Norsk deltaking

For Noreg sin del er FoU-området det suverent største både med omsyn til det norske bidraget, talet på særprogram/prosjekt med norske deltakarar og talet på norske deltakarar totalt.

Noreg fekk saman med andre EFTA-land avgrensa tilgang til EU-forskinga alt i 1987. Deltakinga var då basert på bilaterale avtalar med finansiering etter sjølvkostprinsippet. EØS-avtalen opna for full norsk deltaking i rammeprogramma som var underlagde EF-traktaten. I tillegg deltek norske forskarar i delar av verksemda ved EUs felles forskingsinstitutt (Joint Research Centre - JRC). Program underlagde EURATOM-traktaten er ikkje omfatta av EØS-avtalen, men Noreg har delteke i somme prosjekt innanfor strålevern (sjå punkt 4.14). Frå 1994 deltok Noreg fullt ut i det fjerde rammeprogrammet. Norske forskingsinstitusjonar og bedrifter har frå då av kunna søkje om midlar frå det totale budsjettet for rammeprogrammet på lik line med EU-landa.

Som fullverdig deltakar i rammeprogramma har Noreg rett til å møte med to delegatar i forvaltningskomiteane til særprogramma vi deltek i. Noreg møter også med to delegatar i CREST, men formelt sett har desse berre rett til å delta når det blir behandla spørsmål i samband med råd til Europakommisjonen. Etter den evalueringa som Noregs Forskingsråd har gjort om den norske deltakinga i EU sine rammeprogram for FoU, går det fram at Noreg reelt sett har større innverknad i CREST enn det dei formelle avgrensingane tilseier (Noregs forskingsråd 1998).

Det norske tilskotet utgjorde ca. 1,6 milliardar kr for det fjerde rammeprogrammet (ca. 400 millionar kr per år), medan det for det femte rammeprogrammet vil koma opp i ca. 2,1 milliardar kr (ca. 525 millionar kr per år).

Noregs forskingsråd har rekna ut at midtveges i det fjerde rammeprogrammet (årsskiftet 1996/97) var meir enn 2000 norske forskarar involverte i prosjekt fordelt på i alt 656 delprosjekt. Fram til avslutninga av det fjerde ramme-programmet rekna Noregs forskingsråd med at talet på delprosjekt med norsk deltaking ville bli fordobla til ca. 1300 (Noregs forskingsråd 1998).

I evalueringa som Noregs forskingsråd har gjort, blir det konkludert med at norske søkjarar har fått god utteljing i form av godkjende prosjektsøknader og prosjektløyvingar. Det økonomiske omfanget av tilbakeføring av midlar til norske deltakarar blir rekna til å liggje på nivå med storleiken på kontingenten, medan den totale samfunnsøkonomiske meirverdien er stor. Ein reknar med at norske FoU-aktørar ved å delta i prosjekt som er finansierte gjennom det fjerde ramme-programmet, får tilgang til eit prosjektvolum på 20 milliardar kr.

For det femte rammeprogrammet ser det ut til at både interessa mellom norske aktørar og suksessraten for søknader til dei ulike særprogramma er god. Per august 2000 viser statistikk frå Noregs forskingsråd at det deltok norske aktørar i 394 prosjekt, og av desse hadde 87 prosjekt norske koordinatorar. Framleis står det att fleire store utlysingar, slik at talet på prosjekt med norske deltakarar vil kome til å auke kraftig før programmet blir avslutta ved utgangen av 2002.

Det norske oppfølgingsapparatet

På det overordna nivået blir den norske deltakinga i EUs forskingssamarbeid koordinert av regjeringas spesialutval for forskning og utvikling. Frå 1. juli 2000 har spesialutvalet vore leia av Nærings- og handelsdepartementet. Tidlegare var det Kyrkje-, forskings- og utdanningsdepartementet som leia spesialutvalet. På møta deltek også representantar frå andre aktuelle departement og etatar, og norske representantar i forvaltningskomiteane for særprogramma som Noreg deltek i på FoU-området.

Noregs forskingsråd (NFR) har hovudansvar for informasjon i samband EUs rammeprogram. NFR har også ei viktig oppgåve som koordinator for det norske støtteapparatet som skal stimulere til norsk deltaking i EU-forskinga. For kvart av særprogramma på FoU-området er det oppnemnt ein fagleg koordinator med ansvar for oppfølging og informasjon for norske forskingsmiljø. Fagkoordinatorane er tilsette i relevante fagavdelingar i NFR. Til den faglege koordinatoren for kvart av programma er det knytt eit nettverk av ansvarlege for kvar nøkkelaktivitet og eksterne ressurspersonar. Fagkoordinator og ein delegat (ofte frå det ansvarlege departement) deltek i forvaltningskomiteane for særprogrammet på EU-nivå.

NFR har også oppretta eit særskilt informasjonskontor, *EU ForskingsInfo*. Informasjonskontoret skal gje brukarane og andre interesserte generell informasjon og rettleiing om EU-forskinga. EU ForskingsInfo er også det norske kontaktpunktet for EUs forskingsdatabase *CORDIS*. Det generelle informasjonsarbeidet blir i første hand teke vare på gjennom utgjeving av eit nyheitsbrev og gjennom ei godt utbygt Internettene. EU ForskingsInfo har også utarbeidd ei handbok for EUs femte rammeprogram for forskning og utvikling (Noregs

forskringsråd 1999). I tillegg arrangerer EU ForskringsInfo fleire seminar og kurs. EU ForskringsInfo kan kontaktast på denne adressa:

EU Forskringsinfo
Noregs Forskringsråd
Stensberggaten 26
Postboks 2700 St. Hanshaugen
0131 Oslo
Tlf./faks: 22 03 70 00 / 22 03 70 01
E-post: eufi@forskringsradet.no
Internett: <http://www.forskringsradet.no/eu>

Ei viktig oppgåve for EU Forskringsinfo er å stø søkjarar til forskingsprosjekt under EUs rammeprogram med å finne partnarar i andre EU-/EØS-land. I arbeidet med partnarsøk samarbeider EU Forskringsinfo tett med *EU Innovasjon* som er det norske leddet i EU sitt formidlingsnettverk for teknologiløysingar og forskingsresultat. Hovudoppgåva til EU Innovasjon er å knyte kontakt mellom norske og andre europeiske bedrifter. EU Innovasjon blir leia av SINTEF i Trondheim og driven i samarbeid med EU ForskringsInfo, Rogalandsforskning i Stavanger, Christian Michelsen Research i Bergen og NORUT i Tromsø. EU Innovasjon kan kontaktast på denne adressa:

EU Innovasjon
SINTEF
Strindveien 4
7465 TRONDHEIM
Telefon: 73 59 70 37
E-post: IRC@indmans.sintef.no
Internett: <http://www.sol.no/eufou/irc/eu/indexeu.html>

Norske universitet, høgskular og forskingsinstitutt er viktige samarbeidspartnarar for EU Forskringsinfo, både som brukarar og informatorar. Innanfor universitets- og høgskulesektoren har desse institusjonane oppnemnt særskilde kontaktpunkt for EU-forskning:

Universitetet i Bergen
Internasjonalt kontor
Postboks 7800
5020 Bergen
Tlf./faks: 55 58 49 84 / 55 58 49 81
Internett: <http://www.uib.no/fa/intkont/index.html>

Universitetet i Oslo
Studie- og forskingsadministrativ avdeling, Seksjon for avtalar og næringslivskontakt
Boks 1072 Blindern
0316 Oslo
Tlf./faks: 22 85 44 32 / 22 85 43 73
Internett: <http://www.admin.uio.no/sfa/sak/>

Universitetet i Tromsø
Forskingsavdelinga
9037 Tromsø
Tlf./faks: 77 64 57 35 / 77 64 4900
Internett: <http://www.adm.uit.no/forskingsavd/index.htm>

Noregs teknisk naturvitskapelege universitet, Trondheim
Internasjonalt kontor
7491 Trondheim
Tlf./faks: 73 59 57 00 / 73 59 52 10
Internett: <http://www.ntnu.no/intersek/>

Landbrukshøgskolen på Ås
Administrasjonen
Postboks 5003
1432 Ås

Ved den norske delegasjonen i Brussel har det i fleire år vore tilsett ein eigen forskingsråd. Frå januar 1999 har Jostein Mykletun hatt denne stillinga. Forskingsråden er eit viktig bindeledd mellom EU og rettleiingsapparatet i Noreg, mellom anna som støttespelar for norske delegatar i ekspert- og forvaltningskomitear på EU-nivå. Forskingsråden er å treffe på denne adressa:

Mission of Norway to the European Union
Rue Archimède 17
B-1000 Bruxelles, Belgia
Tlf: +32 2 2341111

Fjerde versus femte rammeprogram

I skrivande stund er vi halvveges i det femte rammeprogrammet. Det fjerde rammeprogrammet vart formelt avslutta 31. desember 1998, men mange av prosjekta som fekk midlar frå programmet held fram i lang tid etter at programmet formelt var avslutta. Det femte rammeprogrammet vart endeleg vedteke i EU i desember 1998 og i EØS-komiteen i februar 1999, og dei første utlysingane var i februar/mars 1999 med søknadsfrist mai/juni 1999. Sjølv om det framleis er aktivitet knytt til det fjerde rammeprogrammet, har vi likevel valt å konsentrere oss om det femte rammeprogrammet i denne rapporten fordi det berre er det rammeprogrammet som no er ope for nye prosjekt. Innhaldet og norsk deltaking i det fjerde rammeprogrammet er elles grundig dokumentert i fleire publikasjonar frå Noregs forskingsråd og på EUs forskingsdatabase CORDIS.

Det femte rammeprogrammet skil seg frå det fjerde på fleire punkt. Tydelegast er reduksjonen av talet på særprogram frå 16 til 7, som er eit uttrykk for at EU ønskjer ei sterkare målretting av innsatsen mot prioriterte område. Viktige målsetjingar har vore å leggje til rette for sterkare samfunnsorientering, vektlegging av etiske prinsipp, likestillings- og miljøaspekt, auka tverrfaglegdom og fleksibilitet, og meir inndraging av små- og mellomstore bedrifter. Det kan diskutertast om den sterke reduksjonen i talet på særprogram er reflektert av ein like sterk reell forenkling av rammeprogrammet. Tendensen er at særprogramma

under det femte rammeprogrammet har fleire nøkkelaktivitetar og eit meir omfattande verkeområde enn særprogramma under tidlegare rammeprogram.

Budsjettet aukar marginalt i høve til det fjerde rammeprogrammet, noko som må sjåast i samanheng med dei økonomiske innstrammingane som er nødvendige i samband med utvidinga av EU til Aust- og Sentraleuropa. Det er likevel von om at budsjettet kjem til å auka i programperioden.

Når det gjeld Noreg, aukar bidraget vårt frå 1.6 milliardar kr for fjerde rammeprogram til ca 2,1 milliardar kr for femte rammeprogram. Den relativt sett sterke aukinga i bidraget frå Noreg enn aukinga i budsjettet totalt har samanheng med at den norske kontingenten er rekna ut etter forholdet mellom bruttonasjonalinntekt (BNI) i deltakarlanda.

Førebuingar til det sjette rammeprogrammet for forskning og utvikling

Europakommisjonen har alt starta førebuingane til eit sjette rammeprogram for forskning og utvikling, som etter planen skal avløyse det femte rammeprogrammet frå 1. januar 2003. Førebuingane til det sjette rammeprogrammet inngår som ein viktig del av arbeidet i EU med å styrkje den forskingspolitiske rolla ved å etablere eit felles europeisk forskingsområde (European Research Area - ERA). Det er venta at Europakommisjonen legg fram det første og overordna framlegget til innhald og struktur våren 2001. Det vil deretter bli lagt fram forslag til fagleg innhald i dei ulike delprogramma. Behandlinga av det sjette rammeprogrammet vil gå i fleire omgangar i Rådet og Europaparlamentet. Dei første utlysingane er venta hausten 2002.

Noregs forskingsråd har utarbeidd dei første synspunkta på innhald og struktur i eit sjette rammeprogram for forskning etter konsultasjon med mange forskingsmiljø. Kommentaraner er oversende Nærings- og handelsdepartementet, som har det overordna ansvaret for å koordinere norske synspunkt på EUs rammeprogram. Noreg – og Forskringsrådet – ønskjer å delta aktivt i å påverke innhald og struktur i det komande rammeprogrammet. EU ForskringsInfo har lagt ut informasjon om førebuingane til det sjette rammeprogrammet på Internettssidene sine på adressa: <http://www.forskringsradet.no/fag/eu/aktuelt/framtidsperspektiver/>


4.1.1 EUs femte rammeprogram for forskning og utvikling

Det femte rammeprogrammet som går frå 1. januar 1999 til 31. desember 2002, er inndelt i sju særprogram der fire er tematiske og tre tverrgåande. Under kvart av dei tematiske programma er det oppretta fleire underprogram, såkalla nøkkelaktivitetar. Dei tverrgåande programma fungerer mest som støtteaktivitet til dei tematiske programma. Inkludert i rammeprogrammet er det også midlar til direkte forskingsaktivitetar i den forskingsutøvande eininga til EU (Joint Research Centre - JRC). JRC-sentra gjev forskarar frå alle land som deltek i rammeprogrammet høve til å delta i prosjekt som på ulike måtar byggjer opp under EUs politikktutforming. JRC har desse åtte institutta:

- ?? Institute for Reference Materials and Measurements (IRMM, Geel)
- ?? Institute for Transuranium Elements (ITU, Karlsruhe)
- ?? Institute for Advanced Materials (IAM, Petten og Ispra)

- ?? Institute for Systems Engineering and Informatics (ISEI, Ispra)
- ?? Environment Institute (EI, Ispra)
- ?? Institute for Remote Sensing Applications (IRSA, Ispra)
- ?? Institute for Safety Technology (IST, Ispra)
- ?? Institute for Prospective Technological Studies (IPTS, Sevilla)

Figur 4.1: Strukturen i EUs femte rammeprogram for forskning og utvikling



Figur 4.1. viser innholdet i dei ulike særprogramma. Innanfor dei ulike programområda er det lagt opp til ein kombinasjon av ulike forskingsaktivitetar, frå grunnleggjande (generisk) forskning til brukarorientert forskning.

Innanfor rammeprogrammet blir det gjeve stønad til fleire ulike prosjekt. Den vanlegaste typen er stønad til forskingsprosjekt som er basert på prinsippet om delt kostnad mellom brukarar av programmet og EU. For slike prosjekt dekkjer Europakommisjonen vanlegvis inntil 50 % av *samla kostnader*. For prosjekt som involverer universitet og høgskular kan Europakommisjonen dekkje inntil 100 % av *tilleggskostnadene*, i og med at føresetnaden her er at lønskostnader for personar involverte i prosjektet alt er dekte av dei ordinære budsjetta for

institusjonane. Somme andre prosjekttypar som samordna aksjonar (tiltak for å koordinere forskinga mellom deltakande land på spesifikke område) og ulike typar nettverksaktivitetar, kan oppnå fullfinansiering av Europakommisjonen. I tillegg til prosjektstønad er det sett av midlar til stipend for vidareutdanning og mobilitetsfremjande tiltak for forskarar.

Det er utarbeidd detaljerte retningsliner for søknader om stønad frå ramme-programmet. Retningslinene består både av generelle krav som gjeld for alle særprogramma og spesifikke krav for kvart særprogram. Nytt i det femte ramme-programmet er vektlegginga av at prosjekta skal ha relevans for éin eller fleire av dei nøkkelaktivitetane som er definerte under dei tematiske særprogramma. I evalueringa av prosjektsøknadene vil det også bli lagt spesiell vekt på tverrfaglegdom og sosioøkonomisk relevans.

Detaljert informasjon om dei ulike prosjekttypene og evalueringskriterium får ein frå EU ForskingsInfo, frå CORDIS eller ved å vende seg direkte til Europakommisjonen.

Fellesaspekt ved særprogramma

I omtalen av særprogramma har vi valt å følgje same mal som for omtalen av sjølvstendige program på andre sektorar. Det er naturleg fordi kvart særprogram har eit omfang som overstig dei fleste sjølvstendige program på andre sektorar. I og med at særprogramma er integrerte i eit rammeprogram er det visse tekniske og formelle aspekt som er felles for alle særprogramma og som det difor er naturleg å omtale samla. Det gjeld relevante avgjerder, kor lenge dei varer, den norske parten, supplerande finansieringskjelder og informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg og EU. Når det gjeld informasjon og koordinering i Noreg og EU er det alt omtala som eigne punkt under delkapittel 4.1. Spesifikke opplysningar i samband med koordineringa av kvart særprogram finn ein under omtalen av særprogrammet.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 26, s. 1-33, 01/02/1999 (Europaparlaments- og Rådsavgjerd nr. 182/1999/EF av 22. desember 1998 om det femte rammeprogram for verksemda i Det europeiske fellesskapet i samband med forskning, teknologisk utvikling og demonstrasjon (1998-2002))

EØS-avtalens protokoll 31, art. 1 nr 5

Stortingsproposisjon nr. 40 (1998-99)

Tidslengd

1. januar 1998 til 31. desember 2002. Mange prosjekt vil likevel halde fram etter at programmet er formelt avslutta.

Kostnader for Noreg ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

For det femte rammeprogrammet som heilskap er den norske summen rekna ut til å vera ca. 1.85 % av totalbudsjettet eksklusiv aktivitetar som er underlagde EURATOM. Det utgjer ca. 254 millionar euro eller ca. 2,1 milliardar kr for heile programperioden. I og med at utrekninga av kontingenten for kvart land tek

utgangspunkt i forholdet mellom bruttonasjonalinntekt (BNI) i deltakarlanda, kan det norske bidraget bli endra i programperioden.

Utgiftene i samband med oppfølginga av rammeprogrammet frå norsk side er vanskeleg å fastslå eksakt fordi mykje av dette arbeidet er ein integrert del av verksemda i dei institusjonane som er med. For Noregs forskingsråd blir det årleg løyvd ca. 4 millionar kr til drift av EU ForskingsInfo. Noregs forskingsråd yter også forprosjektstønad til norske søkjarar på om lag 10-11 millionar kr per år. Universiteta, forskingsinstitutt og høgskular mottok om lag 6-7 millionar kr per år som rammeløyvingar til førebuing av søknader til rammeprogramma. Saman med ikkje-identifiserlege kostnader utgjer truleg dei totale utgiftene i samband med oppfølginga av rammeprogrammet frå norsk side minst 25 millionar kr per år.

Når det gjeld utbetalingar frå rammeprogrammet til prosjekt med norske deltakarar, var det ved utgangen av 2000 ikkje tilgjengeleg statistikk for dette. Statistikk for det femte rammeprogrammet vil bli utarbeidd i samband med den planlagde evalueringa av den norske deltakinga etter at det femte ramme-programmet er avslutta.

Supplerande finansieringskjelder

For å stimulere norske forskingsmiljø og bedrifter til å delta i rammeprogramma har Noregs forskingsråd oppretta ei ordning med å løyve forprosjektstønad for partnersøk og utarbeiding av søknader. Forprosjektstønaden blir gjeven både i forkant av søknadsbehandlinga, hovudsakleg til bedrifter og som rammeløyvingar til utdannings- og forskingsinstitusjonar.

Livskvalitet og forvaltning av levande ressursar

(Quality of Life and Management of Living Resources - LIFE)

Programmet omfattar forskning innanfor primærnæringane, helse- og biovitskap.

Formål

Den overordna målsetjinga for programmet er å setje oss betre i stand til å utnytte den kunnskapen vi har, og til å vidareutvikle kunnskapen vår, slik at vi kan sikre eit best mogeleg framtidig livsgrunnlag. Strategien for programmet er å fokusere på spesifikke område der auka kunnskap kan gje tekniske svar på område som er viktige for livskvalitet og miljø.

Innhald

Programmet inneheld seks nøkkelaktivitetar. I tillegg er det sett av midlar til grunnleggjande (generisk) forskning og stønad til å byggje opp (forsknings-) infrastruktur.

Desse seks nøkkelaktivitetane er utpeika under programmet:

- 1) Mat, ernæring og helse
 - ??Matvaretryggleik
 - ??Smittestoff og giftige stoff
 - ??Korleis maten verkar på helse og ernæring

-
- 2) Kampen mot infeksjonssjukdomar
 - ??Utvikling av vaksinar
 - ??Strategiar for identifikasjon og kamp mot infeksjonssjukdomar
 - ??Aspekt i tilknytning til folkehelse, helsestellet og behandlingssystem
 - 3) Cellefabrikken
 - ??Betre utnytting av forskingsresultat innanfor biovitenskap og bioteknologi
 - ??Utvikling av nye og innovative produkt og prosessar innanfor helsesektoren, næringsmiddelindustrien og kjemisk industri
 - ??System for miljøvenleg behandling av biologisk avfall
 - 4) Miljø og helse
 - ??Auke forståinga for samspelet mellom genetiske, fysiologiske, miljømessige og sosiale faktorar som er viktige for å oppretthalde ei god helse
 - ??Miljøgjevne sjukdomar og allergiar
 - ??Utvikling av diagnose- og risikovurderingsmetodar, og tiltak for å redusere årsakene til og følgjene av helseskadelege miljøfaktorar
 - 5) Berekraftig jordbruk, skogbruk og fiskeri, inkludert bygdeutvikling
 - ??Utvikling av teknologi og system for betre, meir berekraftig og etisk for-svarleg produksjon innanfor jordbruk, skogbruk, fiskeri og akvakultur
 - ??Bruk av biologisk materiale til anna enn mat
 - ??Skaffe til veges vitskapleg grunnlag for EUs landbruks- og fiskeripolitikk
 - 6) Aldrande befolkning
 - ??Utvikle metodar og strategiar som kan gjere Europa betre i stand til å meistre den utfordringa som ei aldrande befolkning utgjør
 - ??Prioriterte forskingsområde er: aldringsprosessen generelt, førebygging og behandling av aldersrelaterte sjukdomar, forskning om aldring og tap/bevaring av funksjonsevne, demografiske og epidemiologiske framtidsperspektiv, metodologi som vedkjem livskvalitet, sosial integrasjon og tilpassing, og kvalitet og finansiering av eldreomsorga

Generisk forskning:

Den langsiktige forskinga som får støtte under denne delen av programmet skal fremje eit effektivt samspel mellom forskingslaboratoria og industrien, og mellom grunnforskning og bruksretta forskning, og å stimulere til auka teknologioverføring til og frå industri og verksemder. Desse forskingsområda er prioriterte:

- ??Kroniske og degenerative sjukdomar, hjerte-/karsjukdomar og sjeldne sjukdomar
- ??Genomer og genetisk gjevne sjukdomar
- ??Nerve-/hjerneforskning
- ??Forskning på folkehelsa og helsetenesta
- ??Forskning som gjeld handikappa
- ??Medisinsk etikk og bioetikk
- ??Sosioøkonomiske aspekt

Infrastruktur:

- ??Betre tilgang til biologiske data av alle slag mellom landa som deltek i rammeprogrammet

??Fremje tverrnasjonalt samarbeid om ei rasjonell og kostnadseffektiv utvikling av forskingsinfrastruktur som forskingsfasilitetar, nettverk og system for å utveksle biologisk ekspertise

Målgruppe

Nasjonale styresmakter, universitet og høgskular, forskingsinstitutt og bedrifter innanfor biovitskap.

Relevante avgjerder

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Tidslengd

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Økonomisk ramme

2413 millionar euro for heile programperioden (utgjer 16 % av det totale budsjettet for rammeprogrammet). Av budsjettet er 77 % sett av til dei seks nøkkelaktivitetane, medan 23 % går til generisk forskning og infrastruktur.

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Norske deltakarar

Per august 2000 var det norske deltakarar i 99 av totalt 709 prosjekt som var innstilte til å få stønad under programmet. Av desse prosjekta har 20 prosjekt norsk koordinator. I alt var det norske deltakarar i 457 av totalt 4110 prosjektsøknader til programmet. Det gjev ein suksessrate for norske søkjarar på 22 % samanlikna med ein suksessrate på 17 % for alle land som deltek i programmet.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Forskingsrådet har delt ansvaret for den faglege koordineringa av programmet mellom fagområdet for Bioproduksjon og foredling og fagområdet for Medisin og helse. I tillegg til programkoordinatorane er det utnemnt ansvarlege for kvar nøkkelaktivitet. For oppdaterte oversyn over kontaktpersonar for programmet, sjå EU ForskingsInfos Internettsider på adressa:
<http://www.forskingsradet.no/fag/eu/kontakt/>

Ein kan også ta kontakt med EU ForskingsInfo på adressa:

EU ForskingsInfo
Noregs Forskingsråd
Postboks 2700 St. Hanshaugen
0131 Oslo
Tlf./faks: 22 03 70 00 / 22 03 70 01
E-post: eufi@forskingsradet.no
Internett: <http://www.forskingsradet.no/eu>

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

The European Commission

Research Directorate General

Quality of Life Information Desk

Rue dei la Loi 200 - Wetstraat 200

B-1049 Bruxelles

E-post: quality-of-life@cec.eu.int

Internett: <http://www.cordis.lu/life/home.html>

CORDIS – faktaark: <http://www.cordis.lu/fp5/src/t-1.htm>

Brukarvenleg informasjonssamfunn

(Creating a user-friendly information society – IST)

Programmet omfattar forskning relatert til informasjons- og kommunikasjons-teknologi (IKT)

Formål

Den overordna målsetjinga for programmet er å verkeleggjere informasjonssamfunnet sine fordelar for Europa, både ved å fremje målretta teknologisk utvikling og ved å sikre at behova til enkeltindivid og næringsliv blir stetta.

Innhald

Programmet inneheld fire nøkkelaktivitetar. I tillegg er det sett av midlar til grunnleggjande (generisk) forskning og stønad til å byggje opp (forsknings-) infrastruktur.

Desse fire nøkkelaktivitetane er med i programmet:

1) System og tenester for borgarane

Utvikling av ein ny generasjon av brukarvenlege, fleksible og kostnads-effektive IT-løysingar for samfunnet og for vanlege borgarar. Nøkkelaktiviteten femner om desse aktivitetsområda:

?? Helse

?? Personar med spesielle behov

?? Administrasjon

?? Miljø

?? Transport og turisme

2) Nye arbeidsmetodar og elektronisk handel

Utvikle informasjonssystem som kan styrkje europeisk næringsliv, særleg små og mellomstore bedrifter, i høve til den globale marknaden. Parallelt skal det fokuserast på å forbetre livskvaliteten til kvar einskild i arbeidslivet ved å bruke informasjonsteknologi for å oppnå større fleksibilitet, meir meningsfulle arbeidsprosessar og nye arbeidsformer. Nøkkelaktiviteten omfattar desse aktivitetsområda:

?? Metodar og verktøy for fleksibelt og mobilt arbeid og fjernarbeid

?? System som koplar saman leverandørar og kundar

?? Informasjons- og nettryggleik

3) Multimedia: Innhald og verktøy

Betre funksjonaliteten for framtidige informasjonsprodukt og -tenester og

gjere dei meir brukarvenlege for å medverke til å vidareutvikle den europeiske kulturen vår, stimulere kreativiteten og leggje tilhøva betre til rette for utdanning og læring i eit levetidsperspektiv. Nøkkelaktiviteten femner om desse aktivitetsområda:

- ?? Interaktiv publisering, innhaldshandtering og forvaltning av kulturarv
- ?? Utdanning og opplæring
- ?? Språkteknologiar
- ?? Informasjonstilgang, -filtrering, -analyse og -behandling

4) Viktig teknologi og infrastruktur

Utvikle teknologi som er avgjerande for å verkeleggjere informasjons-samfunnet, særleg teknologi som kan sikre konvergens mellom informasjons-behandling, kommunikasjon og netteknologi og -infrastruktur. Nøkkelaktiviteten omfattar desse aktivitetsområda:

- ?? Teknologi for informasjonsbehandling, kommunikasjon og nettverk
- ?? Programvare, system og tenester
- ?? Simulerings- og visualiseringsteknologi
- ?? Mobile og personlege kommunikasjonssystem, medrekna satellittbaserte system og tenester
- ?? Avanserte grensesnitt mot system
- ?? Perifere delsystem og mikrosystem
- ?? Mikroelektronikk

Generisk forskning:

Innanfor generisk forskning er det definert eit aktivitetsområde med nemninga *Framtidsretta teknologiar*. Dette aktivitetsområdet er igjen delt opp i to ulike aktivitetar:

1) Det opne området

Denne aktiviteten er open for prosjektforslag som har potensial for industriell og samfunnsmessig verdi i tilknytning til målet for IST-programmet.

2) Proaktive initiativ

Aktiviteten fokuserer på nokre få strategisk viktige område med stort vekstpotensial. Utlysing av konkrete tema under denne aktiviteten skjer så lenge rammeprogrammet varer.

Infrastruktur:

Her er definert aktivitetsområdet *Etablering av forskingsnett* som igjen er oppdelt i to aktivitetstypar:

- 1) Breibandssamband mellom nasjonale forskings- og utdanningsnett
- 2) Eksperimentell uttesting av avansert netteknologi og bruksområde

Målgruppe

Nasjonale styresmakter, universitet og høgskular, forskingsinstitutt og bedrifter innanfor informasjonsvitskap.

Relevante avgjerder

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Tidslengd

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Økonomisk ramme

3600 millionar euro for heile programperioden. Programmet utgjer 24 % av det totale budsjett for rammeprogrammet og er dermed det særprogrammet som har størst budsjett. Av budsjettet er 87 % sett av til dei seks nøkkelaktivitetane, medan 13 % går til generisk forskning og infrastruktur.

Noregs del

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Supplerande finansieringskjelder

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Norske deltakarar

Per august 2000 var det norske deltakarar i 72 av totalt 981 prosjekt som var innstilte til stønad under programmet. Av desse prosjekta har 11 prosjekt norsk koordinator. I alt var det norske deltakarar i 254 av totalt 4320 prosjektsøknader til programmet. Det gjev ein suksessrate for norske søkjarar på 28 % samanlikna med ein suksessrate på 23 % for alle landa som deltek i programmet.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Hovudansvaret for den faglege koordineringa av programmet er lagt til fagområdet for Industri og energi. I tillegg til programkoordinator er det utnemnt kontaktpersonar for vidare informasjon. For oppdaterte oversyn over kontaktpersonar for programmet, sjå EU ForskingsInfos Internettsider på adressa: <http://www.forskingsradet.no/fag/eu/kontakt/>

Ein kan også ta kontakt med EU ForskingsInfo på adressa:

EU Forskingsinfo
Noregs Forskingsråd
Postboks 2700 St. Hanshaugen
0131 Oslo
Tlf./faks: 22 03 70 00 / 22 03 70 01
E-post: eufi@forskingsradet.no
Internett: <http://www.forskingsradet.no/eu>

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

The European Commission
Information Society Directorate General
IST Information Desk, BU 29 4/19
Rue dei la Loi 200 - Wetstraat 200
B-1049 Bruxelles
E-post: ist@cec.be
Internett: <http://www.cordis.lu/ist/home.html>

Konkurransedyktig og berekraftig vekst

(Promoting Competitive and Sustainable Growth)

Formål

Den overordna målsetjinga for programmet er å medverka til auka konkurransevne, innovasjon og berekraftig utnytting av naturressursane gjennom å stø forsking som gjev eit betre teknologisk fundament for europeisk industri og gjer oss i stand til å utnytte ressursane på ein optimal, men berekraftig måte.

Innhald

Programmet inneheld fire nøkkelaktivitetar. I tillegg er det sett av midlar til grunnleggjande (generisk) forsking og stønad til oppbygging av (forsknings-) infrastruktur.

Desse fire nøkkelaktivitetane er peika ut under programmet:

- 1) Innovative produkt, prosessar og organisasjonar
Utvikling av nye og forbetra konstruksjonsmetodar, avansert teknologi som kan auke kvaliteten og redusere produksjonskostnadene for produkt og tenester, auke innsikta i "mjuk" teknologi (organisasjon, leiing, logistikk m.m.) og medverke til auka sysselsetjing. Nøkkelaktiviteten femner om desse aktivitetsområda:
 - ?? Effektiv produksjon
 - ?? Intelligent produksjon
 - ?? Miljøvenlege og effektive prosessar
 - ?? Organisasjon av produksjon og arbeide
- 2) Beredyktig transport og intermodalitet
Utvikling av teknologi og system som gjer det mogeleg med økonomisk vekst utan å auke transportvolumet. Det skal særleg leggjast vekt på forsking på samspel mellom fleire transportformer (intermodalitet). Nøkkelaktiviteten femner om desse aktivitetsområda:
 - ?? Modale og intermodale transportstyringssystem
 - ?? Infrastruktur for transport
 - ?? Samfunnsøkonomiske scenarium
- 3) Landtransport og marine teknologiar
Auke kunnskapen om og utvikle teknologi for ein ny generasjon av produkt, kjøretøy, fartøy og logistikksystem som kan sikre at miljøet blir teke vare på og at tryggleiken aukar. Nøkkelaktiviteten femner om desse aktivitetsområda:
 - ?? Teknologi for veg- og togtransport
 - ?? Innovative løysingar for veg- og togtransport
 - ?? Samspel mellom brukar og køyretøy
 - ?? Avansert teknologi for å utvikle fartøy og offshoreanlegg
 - ?? Effektiv og brukarvenleg utnytting av sjø og indre vassvegar til passasjerar og godstransport
 - ?? Overvaking og utnytting av ressursane i havet

4) Utvikling av luftfarten

Stimulere utviklinga av fly og av tilknytte system og deleproduksjon med tanke på å fremje konkurranseevna for europeisk luftfartsindustri, tryggleik og miljøomsyn. Nøkkelaktiviteten femner om desse aktivitetsområda:

- ?? Nøkkelteknologi
- ?? Ny generasjon fly
- ?? Betre driftseffektivitet og -tryggleik

Generisk forskning:

Målsetjinga er at den generiske forskinga under programmet skal medverke til å utvikle den teknologiske kapasiteten i Europa og stimulere til å utveksle idear, kunnskap og informasjon om bruksområde, og å supplere og stimulere nøkkelaktivitetane. Det skal forskast på desse områda:

- ?? Nye og forbetra materiale – forarbeiding, produksjon og bruksområde
- ?? Nye materiale og produksjonsteknologiar innanfor stålindustrien
- ?? Måling og testing, inkludert standardisering, kvalitetsforbetring, og tiltak mot piratkopiering og svindel

Infrastruktur:

Hovudmålsetjinga med stønaden til infrastrukturtiltak er å sikre ei betre utnytting av dei eksisterande forskingsinfrastrukturane, mellom anna ved å sikre tilgang på tvers av landegrensene til dømes til industriforskingssenter, transportforsøksanlegg, vindtunnelar, og anlegg for industridesign, materiale- og strukturprøving. Det vil også bli gjeve stønad til samarbeids- og kompetanseoverføringstiltak som oppretting av nettverk og databasar.

Målgruppe

Nasjonale styresmakter, universitet og høgskular, forskingsinstitutt og bedrifter som driv forskning og utvikling på områda produksjons- og materialteknologi, miljø, logistikk og transport.

Relevante avgjerder

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Tidslengd

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Økonomisk ramme

2705 millionar euro for heile programperioden. Programmet utgjer ca. 18 % av det totale budsjettet for rammeprogrammet. Av budsjettet er 78 % sett av til dei fire nøkkelaktivitetane, medan 22 % går til generisk forskning og infrastruktur.

Den norske delen

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Supplerande finansieringskjelder

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Norske deltakarar

Per august 2000 var det norske deltakarar i 74 av totalt 646 prosjekt som var innstilte til stønad under programmet. Av desse prosjekta har 14 prosjekt norsk koordinator. I alt var det norske deltakarar i 205 av totalt 2028 prosjektsøknader til programmet. Det gjev ein suksessrate for norske søkjarar på 36 % samanlikna med ein suksessrate på 32 % for alle land som deltek i programmet.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Hovudansvaret for den faglege koordineringa av programmet er lagt til fagområdet for Industri og energi i Noregs Forskingsråd. I tillegg til programkoordinator er det utnemnt kontaktpersonar for vidare informasjon. For oppdaterte oversyn over kontaktpersonar for programmet, sjå EU ForskingsInfos Internettsider på adressa: <http://www.forskingsradet.no/fag/eu/kontakt/>

Ein kan også ta kontakt med EU ForskingsInfo på adressa:

EU ForskingsInfo
Noregs Forskingsråd
Postboks 2700 St. Hanshaugen
0131 Oslo
Tlf./faks: 22 03 70 00 / 22 03 70 01
E-post: eufi@forskingsradet.no
Internett: <http://www.forskingsradet.no/eu>

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

The European Commission
Research Directorate General
Competitive and Sustainable Growth Information Desk
Rue dei la Loi 200 - Wetstraat 200
B-1049 Bruxelles
E-post: growth@cec.eu.int
Internett: <http://www.cordis.lu/growth/home.html>
CORDIS Quick Reference Guide: <http://www.cordis.lu/fp5/src/t-3.htm>

Energi, miljø og berekraftig utvikling

(Energy, Environment and Sustainable Development)

Formål

Den overordna målsetjinga for programmet er å medverke til berekraftig utvikling ved å stø forsking på miljø- og energiområdet som er avgjerande for sosial velferd og økonomisk konkurransevne i Europa.

Innhald

Programmet er delt inn i to underprogram; eitt for "miljø og berekraftig utvikling" og eitt for "energi". Underprogramma har eigne budsjett og programkomitear og

av totalt seks nøkkelaktivitetar er fire underlagde underprogrammet for miljø og berekraftig utvikling, medan to er underlagt underprogrammet for energi. I kvart av underprogramma er det dessutan sett av midlar til grunnleggjande (generisk) forskning og stønad til å byggje opp (forsknings-) infrastruktur.

Miljø og berekraftig utvikling

Formålet med dette underprogrammet er å fremje kunnskap og teknologi på miljøområdet med tanke på å betre livskvaliteten, fremje vekst, styrkje konkurranseevna og skape fleire nye jobbar, samtidig som det tryggjer berekraftig ressursforvaltning og miljøvern. Desse fire nøkkelaktivitetane er peika ut på miljøområdet:

- 1) Berekraftig vassforvaltning og vasskvalitet
Kunnskapsoppbygging og teknologiutvikling for å sikre berekraftig forvaltning av vassressursane og effektive behandlings- og reinsemetodar. Nøkkelaktiviteten femner om desse aktivitetsområda:
 - ?? Vassforvaltning og reinseteknologiar
 - ?? System for å måle vasskvalitet og førebyggje ureining
 - ?? Overvåkings- og varslingsystem for vassureining
 - ?? Regulering og forvaltning av vatn i tørre og halvtørre regionar
- 2) Globale miljøendringar, klima og biologisk mangfald
Etablering av eit nødvendig vitskapeleg, teknologisk og samfunnsøkonomisk grunnlag for å kunne analysere og forstå endringar i miljø og klima. Nøkkelaktiviteten femner om desse aktivitetsområda:
 - ?? Forståing av globale endringsprosessar
 - ?? Betre forståing av ulike økosystem og samspelet mellom dei
 - ?? Globale endringar – scenarium og strategiar
 - ?? Utvikling av europeiske komponentar til globale miljøobservasjons system
- 3) Berekraftige marine økosystem
Fremje utvikling av ein integrert berekraftig forvaltning av marine ressursar og medverke til at politikken til EU på området får ein berekraftig profil. Nøkkelaktiviteten femner om desse aktivitetsområda:
 - ?? Utvikle det vitskapelege kunnskapsgrunnlaget om prosessar, økosystem og innbyrdes påverknader i det marine miljø
 - ?? Menneskelege miljøpåverknader – årsaker, konsekvensar og mogelege løysingar
 - ?? Overvaking og forvaltning av kystområde
 - ?? Berekraftige offshoreaktivitetar
- 4) Morgondagens by og kulturarven
Stimulere til berekraftig utvikling av byane i Europa, forbetre forvaltning og planlegging og verne og forbetre livskvaliteten og den kulturelle identiteten for folka. Nøkkelaktiviteten femner om desse aktivitetsområda:
 - ?? Integrert byplanlegging
 - ?? Forvaltning av den europeiske kulturarven
 - ?? Teknikkar for ta vare på bygningar
 - ?? Berekraftige transportsystem i urbane område

Generisk forskning:

- ?? Innsats mot naturkatastrofar og teknologiske farar

-
- ?? Satellitteknologi til jordobservasjon
 - ?? Sosio-økonomiske aspekt av miljøendringar som følgje av omlegging til berekraftig utvikling

Infrastruktur:

Støtte til aktivitet og forskingsinfrastruktur som gjer det mogeleg å utnytte eksisterande anlegg betre, tiltak for å koordinere og formidle kunnskap og erfaringar, og nye støtteinfrastrukturar som kan betre vilkåra for å evaluere og observere miljøet på jorda.

Energi

Formålet med dette underprogrammet er å utvikle berekraftige energisystem og -tenester som kan auke forsyningstryggleiken, skaffe fram rimelege energitenester av høg kvalitet, betre konkurranseevna i næringslivet og avgrense konsekvensane for miljøet. Det er peika ut to nøkkelområde på energiområdet:

- 1) Reinare energisystem
Utvikle teknologi som reduserer dei miljøskadelege effektane av produksjon og energibruk. Nøkkelaktiviteten femner om desse aktivitetsområda:
 - ?? Reduksjon av CO²-utslepp frå energiproduksjon
 - ?? Utvikling og utprøving av nye energikjelder som kan fornyast
 - ?? Integrering av nye varige energikjelder i energisystema
 - ?? Reinare energiproduksjon
- 2) Økonomisk og effektiv energi for eit konkurransedyktig Europa
Syte for påliteleg, rein, effektiv, sikker og økonomisk energiforsyning ved å utvikle teknologi som kan sikre ein meir effektiv energiutnytting og redusere kostnadene for rein energi. Nøkkelaktiviteten femner om desse aktivitetsområda:
 - ?? Effektiv sluttbruk av energi
 - ?? Overføring og distribusjon av energi
 - ?? Lagring av energi
 - ?? Effektive teknikkar for leiting, utvinning og produksjon av fossilt brensel
 - ?? Betre utnytting av nye og varige energikjelder
 - ?? Studiar av tilbod og etterspurnad i energisektoren

Generisk forskning:

Studiar av sosio-økonomiske aspekt av miljøendringar på grunn av omlegging til berekraftig utvikling.

Målgruppe

Nasjonale styresmakter, universitet og høgskular, forskingsinstitutt og bedrifter som driv forskning og utvikling på energi-, miljø- og kulturvernområdet.

Relevante avgjerder

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Tidslengd

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Økonomisk ramme

2125 millionar euro for heile programperioden. Underprogramma for Miljø og berekraftig utvikling og for Energi er tildelt høvesvis 1083 millionar euro og 1042 millionar euro av programbudsjettet. Programmet utgjer ca. 14 % av det totale rammeprogrambudsjettet. Av budsjettet er 90 % sett av til dei seks nøkkelaktivitetane, medan 10 % går til generisk forskning og infrastruktur.

Den norske delen

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Supplerande finansieringskjelder

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Norske deltakarar

Miljø

Per august 2000 var det norske deltakarar i 87 av totalt 328 prosjekt som var innstilt til stønad under programmet. Av desse prosjekta har 25 prosjekt norsk koordinator. I alt var det norske deltakarar i 412 av totalt 2331 prosjektsøknader til programmet. Det gjev ein suksessrate for norske søkjarar på 21 % samanlikna med ein suksessrate på 14 % for alle land som deltek i programmet.

Energi

Per august 2000 var det norske deltakarar i 40 av totalt 279 prosjekt som var innstilt til stønad under programmet. Av desse prosjekta har 12 prosjekt norsk koordinator. I alt var det norske deltakarar i 126 av totalt 1000 prosjektsøknader til programmet. Det gjev ein suksessrate for norske søkjarar på 32 % samanlikna med ein suksessrate på 28 % for alle land som deltek i programmet.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Hovudansvaret for den faglege koordineringa av programmet er delt mellom fagområdet for Miljø og utvikling som er ansvarleg for aktivitetar som er omfatta av underprogrammet for miljø og berekraftig utvikling, og fagområdet for Industri og energi som er ansvarleg for aktivitetar som er omfatta av underprogrammet for energi. I tillegg til programkoordinatorar er det utnemnt kontaktpersonar for meir informasjon. For oppdaterte oversyn over kontaktpersonar for programmet, sjå EU ForskingsInfos Internettsider på adressa:
<http://www.forskingsradet.no/fag/eu/kontakt/>

Ein kan også ta kontakt med EU ForskingsInfo på adressa:

EU ForskingsInfo
Noregs Forskingsråd
Postboks 2700 St. Hanshaugen
0131 Oslo
Tlf./faks: 22 03 70 00 / 22 03 70 01
E-post: eufi@forskingsradet.no
Internett: <http://www.forskingsradet.no/eu>

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

The European Commission

Research Directorate General

Energy, Environment and Sustainable Development Information Desk

Rue dei la Loi 200 - Wetstraat 200

B-1049 Bruxelles

E-post: eesd@cec.eu.int

Internett: <http://www.cordis.lu/eesd/home.html>

CORDIS Quick Reference Guide: <http://www.cordis.lu/fp5/src/t-4.htm>

EU-forskingas internasjonale rolle

(Confirming the International Role of Community Research)

Formål

Programmet EU-forskingas internasjonale rolle er eit tverrgående program som har til hovudformål å fremje vitskapeleg og teknisk samarbeid på internasjonalt nivå mellom dei deltakande landa i rammeprogrammet og tredjeland. I tillegg ønskjer ein å styrkje kapasiteten i fellesskapet på det tekniske og vitskapelege området, generelt fremje vitskapeleg kvalitet innanfor ei større internasjonal ramme og medverke til å gjennomføre fellesskapets utanrikspolitikk, særleg med tanke på å leggje til rette for den komande utvidinga av EU.

Innhald

Programmet inneheld tre samordna aktivitetsområde (A, B og C), som igjen er inndelte i særskilde aktivitetar. Det vil bli gjeve stønad til vitskapeleg og teknologisk samarbeid mellom bedrifter, organisasjonar og forskarar frå tredjeland og frå dei deltakande landa i rammeprogrammet for FoU.

A. Samarbeid med visse kategoriar tredjeland

- 1) Søkjarland frå Sentral- og Aust-Europa (CEEC) og Kypros
Stimulere landa til brei deltaking i rammeprogrammet og medverke til forskingsutvikling.
- 2) Landa i den tidlegare Sovjetunionen (NIS-landa) og dei CEEC-landa som det ikkje er innleia medlemskapsforhandlingar med.
Stø utviklinga av pluralistiske vitskapelege og tekniske miljø og ta vare på og vidareutvikle forskingskapasiteten deira.
- 3) Partnerskapslanda i Middelhavsområdet
Styrkje forskings- og utviklingsdimensjonen i EuroMed-samarbeidet, som å fremje forskning, teknologisk utvikling og innovasjon.
- 4) Forsking for utvikling
Forskingssamarbeid mellom deltakarar i rammeprogrammet og utviklingslanda med tanke på å møte utfordringar knytte til utviklingsspørsmål i eit felles langsiktig perspektiv. Særlege aktivitetsområde vil vere:
?? Mekanismar og sosioøkonomiske føresetnader for ei berekraftig utvikling
?? Berekraftig forvaltning og bruk av naturressursar
?? Betring av folkehelsa

-
- 5) Nye vekstøkonomiar og industrialiserte land
Bilateral og multilateral dialog med industrialiserte tredjeland, inngå avtalar om vitskapeleg og teknisk samarbeid med utvalde land, m.a. ved tiltak for å forenkle tilgangen for europeiske forskingsaktørar til informasjon og know-how frå dei aktuelle landa.

B. Forskarutdanning

Under programmet er det oppretta to stipendordningar. Den eine stipendordninga kan søkjast av unge forskarar på doktorgradsnivå frå utviklingslanda, inkludert Middelhavslanda og dei nye vekstøkonomiane, for å arbeide i europeiske laboratorium med prosjekt som kjem inn under rammeprogrammet. Den andre stipendordninga kan søkjast av forskarar frå dei deltakande landa i rammeprogrammet for industriretta forskning ved laboratorium i tredjeland på område som har særskilt interesse for fellesskapet.

C. Koordinering

?? Koordinering av verksemda innanfor rammeprogrammet og andre fellesskapsprogram

Viktige element er her å tryggje ei einskapleg framferd i høve til samarbeidspartnarar frå tredjeland, hjelpe andre særprogram på FoU-området med å organisere effektive system for samarbeid og koordinering med EU-program for teknisk bistand som PHARE, TACIS, MEDA, EDF og programma for Asia og Latin-Amerika

?? Koordinering med COST, Eureka og internasjonale organisasjonar

Formålet er her å stø og utnytte den fleksibiliteten og geografiske og tematiske breidda som er i dei europeiske vitskapelege og tekniske forskingssamarbeida COST og Eureka og andre internasjonale organisasjonar som deltek i forskingsverksemd og utvikling

?? Koordinere forskingsaktivitetar i medlemsstatane

Målgruppe

Nasjonale styresmakter, universitet og høgskular, forskingsinstitutt, organisasjonar, bedrifter og forskarar som deltek i forskningssamarbeid mellom dei deltakande landa i rammeprogrammet og land i Aust- og Sentraleuropa, landa i den tidlegare Sovjetunionen, partnerskapslanda i Middelhavsområdet, utviklingsland og utvalde land mellom dei nyindustrialiserte landa og industrilanda.

Relevante avgjerder

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Tidslengd

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Økonomisk ramme

475 millionar euro for heile programperioden. Programmet utgjer ca. 3 % av det totale rammeprogrambudsjettet. Av budsjettet er ca. 86 % sett av til samarbeid

med visse kategoriar tredjeland, ca. 3 % er sett av til forskarutdanning og ca. 11 % er sett av til koordineringstiltak.

Den norske delen

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Supplerande finansieringskjelder

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Norske deltakarar

Per august 2000 var det norske deltakarar i 11 av totalt 187 prosjekt som var innstilte til stønad under programmet. Av desse prosjekta har 4 prosjekt norsk koordinator. I alt var det norske deltakarar i 30 av totalt 873 prosjektsøknader til programmet. Det gjev ein suksessrate for norske søkjarar på 37 % samanlikna med ein suksessrate på gjennomsnittleg 21 % for alle landa som deltek i programmet.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Hovudansvaret for den faglege koordineringa av programmet er lagt til fagområdet for Miljø og utvikling. I tillegg til programkoordinatorar er det utnemnt kontaktpersonar for meir informasjon. For oppdaterte oversyn over kontaktpersonar for programmet, sjå EU ForskingsInfos Internettsider på adressa: <http://www.forskingsradet.no/fag/eu/kontakt/>

Ein kan også ta kontakt med EU ForskingsInfo på adressa:

EU ForskingsInfo
Noregs Forskingsråd
Postboks 2700 St. Hanshaugen
0131 Oslo
Tlf./faks: 22 03 70 00 / 22 03 70 01
E-post: eufi@forskingsradet.no
Internett: <http://www.forskingsradet.no/eu>

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

The European Commission
Research Directorate General
Confirming the International Role of Community Research Information Desk
Rue dei la Loi 200 - Wetstraat 200
B-1049 Bruxelles
E-post: inco@cec.eu.int
Internett: <http://www.cordis.lu/inco2/home.html>
CORDIS – faktaark: <http://www.cordis.lu/fp5/src/t-5.htm>

Innovasjon og SMB-deltaking

(Promotion of Innovation and Encouragement of SME Participation)

Formål

Styrkje innovasjonskrafta i små og mellomstore bedrifter (SMB) ved å leggje tilhøva til rette for effektiv spreiding av forskingsresultat og teknologioverføring, og å stimulere til auka deltaking frå SMB i rammeprogrammet. Ei viktig målsetjing er å samordne innsatsen på tvers av dei ulike særprogramma for å integrere innovasjons- og SMB-dimensjonen på alle nivå og sektorar.

Innhald

Programmet inneheld tre samordna aktivitetssområde som igjen er inndelte i særskilde aktivitetar.

A. Fremje innovasjon

Supplere innovasjonsfremjande tiltak under dei tematiske programma, fremje eit godt innovasjonsklima, og senke tersklane for SMB-deltakinga. Aktivitetar:

- ?? Betre bruk av resultatane frå EU-forskinga
- ?? Nye strategiar for teknologioverføring
- ?? Analysere og synleggjere god innovasjonspraksis

B. Stimulere deltakinga av SMB

- ?? Etablere eit felles supplerande kontaktpunkt for SMB som dekkjer alle særprogramma under rammeprogrammet
- ?? Felles stønad- og bistandsinstrument
- ?? Økonomisk og teknologisk informasjon

C. Fellesaksjonar i samband med innovasjon og SMB

- ?? Etablere informasjons- og bistandsnettverk særleg retta mot SMB for å fremje forskning, teknologioverføring og innovasjon
- ?? Styrkje elektroniske informasjonstenester (bl.a. CORDIS) og andre formidlingsmedium med tanke på gjere det meir brukarvenleg og nyttig overfor SMB og folk flest
- ?? System for effektiv vern av intellektuelle og industrielle rettar
- ?? Etablere rådgjevingstenester og betre oversyn over private finansieringskjelder for FoU
- ?? Mekanismar og strategiar for å forenkle etablering og utvikling av innovative selskap

Målgruppe

EU-institusjonar, nasjonale styresmakter, universitet og høgskular, forskingsinstitutt, organisasjonar og bedrifter som er opptekne med forskings-, utviklings- og nettverkstiltak retta mot små og mellomstore bedrifter, særleg på områda innovasjon og forskingsformidling.

Relevante avgjerder

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Tidslengd

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Økonomisk ramme

363 millionar euro for heile programperioden. Programmet utgjer ca. 2 % av det totale rammeprogrambudsjettet og er dermed det minste av særprogramma under det femte rammeprogrammet. Av budsjettet er ca. 33 % sett av til å fremje innovasjon, ca. 12 % er sett av til å stimulere deltakinga av SMB i rammeprogrammet og ca. 55 % er sett av til fellesaksjonar i samband med innovasjon og SMB.

Den norske delen

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Supplerande finansieringskjelder

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Norske deltakarar

Per august 2000 var det norske deltakarar i 3 av totalt 36 prosjekt som var innstilte til stønad under programmet. Ingen av desse prosjekta har norsk koordinator. I alt var det norske deltakarar i 5 av totalt 80 prosjektsøknader til programmet. Det gjev ein suksessrate for norske søkjarar på 60 % samanlikna med ein suksessrate på gjennomsnittleg 45 % for alle land som deltek i programmet.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Hovudansvaret for den faglege koordineringa av programmet er lagt til fagområdet for Industri og energi. I tillegg til programkoordinatorar er det utnemnt kontaktpersonar for vidare informasjon. For oppdaterte oversyn over kontaktpersonar for programmet, sjå EU ForskingsInfos Internettsider på adressa: <http://www.forskingsradet.no/fag/eu/kontakt/>

Ein kan også ta kontakt med EU ForskingsInfo på adressa:

EU ForskingsInfo
Noregs Forskingsråd
Postboks 2700 St. Hanshaugen
0131 Oslo
Tlf./faks: 22 03 70 00 / 22 03 70 01
E-post: eufi@forskingsradet.no
Internett: <http://www.forskingsradet.no/eu>

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

The European Commission
Information Society Directorate General
INNOVATION-Helpdesk
EUFO 02/2286

Rue Alcide dei Gasperi
L-2920 Luxembourg
Tlf.: +352 4301 33161
Faks: +352 4301 32084
E-post: innovation@cec.eu.int
Internett: <http://www.cordis.lu/innovation-smes/home.html>
CORDIS – faktaark: <http://www.cordis.lu/fp5/src/t-6.htm>

For tiltak spesielt retta mot SMB er det oppretta ei eiga informasjonsteneste:

The European Commission
Research Directorate General
SME Help-desk
Rue dei la Loi 200 - Wetstraat 200
B-1049 Bruxelles
Tlf.: +32 2295 7175
Faks: +32 2295 7110
E-post: research-sme@cec.eu.int
Internett: <http://www.cordis.lu/sme/home.html>

Menneskelege ressursar og sosio-økonomisk kunnskap

(Improving human research potential and the socio-economic knowledge base)

Formål

Den overordna målsetjinga med dette tverrgåande programmet er å styrkje forskinga i Europa gjennom ulike stipendordningar og forskarnettverk. Desse målsetjingane skal ein nå ved tiltak som stimulerer til kreativitet og nytenking på tvers av grensene i Europa og gjennom stønad til samfunnsforskning på viktige område.

Innhald

Programmet inneheld tre aktivitetsområde der eitt er definert som ein nøkkelaktivitet. Aktivitetsområda er inndelte i særskilde aktivitetar.

A. Utvikling av det menneskelege forskingspotensialet

- 1) Stønad til forskarutdanning og mobilitet
Under denne aktiviteten blir det gjeve stønad til forskingsnettverk, og det blir stilt midlar til rådvelde for å dele ut Marie Curie stipend til forskarar som er i starten av den vitskapelege karrieren sin.
- 2) Forbetra tilgang til forskingsinfrastruktur
Stønad til tiltak som medverkar til enklare tilgang til vitskapeleg infrastruktur på tvers av nasjonalstatsgrenser og til å opprette samarbeidsnett og andre FoU-prosjekt knytte til forskingsinfrastruktur.
- 3) Fremje vitskapeleg og teknologisk ekspertise
Stønad til konferansar og (sommars-) kurs på høgt nivå, tildeling av utmerkingar for framifrå forskning, og stønad til opplysningsarbeid med tanke på å auke forståinga for kor viktig forskinga er.

B. Nøkkelaktivitet: Betre den sosio-økonomiske kunnskapsbasen

Formålet med nøkkelaktiviteten er å stø forsking som kan auke forståinga for dei strukturelle endringane som går føre seg i europeiske samfunn og korleis desse endringsprosessane kan styrast slik at folk mest mogeleg tek aktivt del i utforminga av si eiga framtid.

- 1) Utviklingstendensar i samfunnet og strukturelle endringar
Stønad til forsking som aukar innsynet vårt i sosiale trendar og strukturelle samfunnsmessige endringar.
- 2) Teknologi, samfunn og sysselsetjing
Stønad til forsking som kan skape ei betre forståing av at teknologien og samfunnet er innbyrdes avhengige av kvarandre, utvikle metodar for planlegging og utvikling og forholdet mellom teknologi og sysselsetjing.
- 3) Styringssystem og statsborgarskap
Stønad til forsking som analyserer ansvarsfordelinga og openskapen mellom dei ulike styringssystema i Europa (lokale, regionale, nasjonale og overnasjonale) og utforme strategiar for å gjennomføre europeisk integrasjon. Det vil også bli gjeve stønad til drøfting av omgrepet statsborgarskap og kva innverknad kulturskilnader og ulike utdannings system har for utviklinga av verdinormer i eit samfunn.
- 4) Utvikle nye utviklingsmodellar for vekst og sysselsetjing

C. Utvikling av europeisk forskings- og teknologipolitikk

Formålet med aktivitetsområdet er å analysere og samordne nasjonale strategiar og politikk innanfor forsking og utvikling, og å utvikle felles indikatorar for vitenskap, teknologi og innovasjon.

Målgruppe

EU-institusjonar, nasjonale styresmakter, universitet og høgskular, forskingsinstitutt, organisasjonar, bedrifter og forskarar som er opptekne med forskings-, utviklings- og nettverkstiltak på det sosio-økonomiske området.

Relevante avgjerder

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Tidslengd

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Økonomisk ramme

1280 millionar euro for heile programperioden. Programmet utgjer ca. 9 % av det totale rammeprogrambudsjettet. Av budsjettet er ca. 85 % sett av til aktivitetsområdet for å utvikle det menneskelege forskingspotensialet, ca. 13 % er sett av til nøkkelaktiviteten for sosio-økonomisk kunnskap og ca. 2 % er sett av til å utvikle europeisk forskings- og teknologipolitikk.

Den norske delen

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Supplerande finansieringskjelder

Sjå eige punkt om fellesaspekt ved særprogramma under rammeprogrammet for FoU.

Norske deltakarar

Per august 2000 var det norske deltakarar i 5 av totalt 43 prosjekt som var innstilte til stønad under programmet. Ingen av desse prosjekta har norsk koordinator. I alt var det norske deltakarar i 27 av totalt 195 prosjektsøknader til programmet. Det gjev ein suksessrate for norske søkjarar på 19 % samanlikna med ein suksessrate på gjennomsnittleg 22 % for alle land som deltek i programmet.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Hovudansvaret for den faglege koordineringa av programmet er delt mellom fagområdet for Naturvitskap og teknologi som er ansvarleg for aktivitet som er omfatta av aktivitetsområdet for utvikling av det menneskelege forskingspotensialet, og fagområdet for Kultur og samfunn som er ansvarleg for aktivitet under nøkkelaktiviteten for sosio-økonomisk kunnskap og for aktivitetsområdet for utvikling av europeisk forskings- og teknologipolitikk. I tillegg til programkoordinatorar er det utnemnt kontaktpersonar for vidare informasjon. For oppdaterte oversyn over kontaktpersonar for programmet, sjå EU ForskingsInfos Internettsider på adressa: <http://www.forskingsradet.no/fag/eu/kontakt/>

Ein kan også ta kontakt med EU ForskingsInfo på adressa:

EU ForskingsInfo
Noregs Forskingsråd
Postboks 2700 St. Hanshaugen
0131 Oslo
Tlf./faks: 22 03 70 00 / 22 03 70 01
E-post: eufi@forskingsradet.no
Internett: <http://www.forskingsradet.no/eu>

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

The European Commission
Research Directorate General
Improving Human Potential Information Desk
Rue dei la Loi 200 - Wetstraat 200
B-1049 Bruxelles
E-post: improving@cec.eu.int
Internett: <http://www.cordis.lu/improving/home.html>
CORDIS – faktaark: <http://www.cordis.lu/fp5/src/t-7.htm>

4.2 Informasjonssamfunnet

Noreg deltek i tre program innanfor informasjonssamfunnet: eContent som er eit program for å utvikle digitalt innhald på Internett og fremje språkleg mangfald i informasjonssamfunnet (vidareføring av INFO 2000 og MLIS), PROMISE som er eit program for å utvikle informasjonssamfunnet og Handlingsplan for å fremje sikrere bruk av Internett.

På EU-nivå er programma på dette området administrativt underlagde Generaldirektoratet for Informasjonssamfunnet (tidlegare DG XIII). Den overordna styringa av programma går føre seg i særskilde programkomitear. I desse komiteane deltek det norske representantar frå dei ansvarlege departementa og frå dei norske fagmiljøa som tek seg av den daglege oppfølginga av norsk deltaking i programma.

På norsk side er det Nærings- og handelsdepartementet som er ansvarleg for den norske deltakinga i og nasjonal oppfølging av programma eContent og PROMISE, medan Kulturdepartementet er ansvarleg for deltakinga i og nasjonal oppfølging av Handlingsplan for å fremje sikrare bruk av Internett.

eContent

eContent-programmet (2001-2004) er ei vidareføring av dei avslutta programma INFO 2000 og MLIS (Multilingual Information Society). INFO 2000-programmet som gjaldt for perioden 1996-99, hadde som målsetjing å stimulere europeiske informasjonsprodusentar til å utvikle nye multimedieprodukt og -tenester. INFO 2000 tok utgangspunkt i overgangen frå trykt informasjon til elektronisk publisering, med spesiell vekt på interaktive multimedietenester. MLIS-programmet gjaldt i perioden 1997-99 og hovudmålsetjinga var å fremje språkleg mangfald i EU- og EØS-området.

eContent-programmet er i tillegg til EU-medlemslanda ope for deltaking frå EFTA-/EØS-landa og søkjarlanda til EU i Aust- og Sentraleuropa og Middelhavsområdet.

Formål

Fremje utviklinga av og tilgangen til digitalt innhald på Internett, fremje språkleg og kulturelt mangfald i informasjonssamfunnet, og medverke til gunstige vilkår for marknadsføring, distribusjon og bruk av europeisk digitalt innhald.

Innhald

Programmet inneheld tre tiltaksområde:

Tiltaksområde 1: Tiltak for å for å betre tilgangen til og bruken av informasjon i offentleg sektor

Under dette tiltaksområdet blir det gjeve stønad til aktivitetar på desse områda:

- ?? Eksperiment med konkrete prosjekt
- ?? Oppretting av europeiske digitale datasamlingar

Tiltaksområde 2: Fremje innhaldsproduksjon i eit fleirspråkleg og fleirkulturelt miljø

Under dette tiltaksområdet blir det gjeve stønad til aktivitetar på desse områda:

- ?? Oppretting av partnerskap og innføring av fleirspråklege og fleirkulturelle strategiar for bedrifter innanfor innhaldsproduksjon- og språksektoren
- ?? Vidareutvikle språkleg infrastruktur, medrekna nettverk av språksenter, eksperimentering med IT-verktøy og utvikle nye dataressursar

Tiltaksområde 3: Stimulere marknaden for digitalt innhald

Under dette tiltaksområdet blir det gjeve stønad til aktivitetar på desse områda:

- ?? Spreie kunnskap om utvegar som ligg i det digitale innhaldet for å auke tilgangen på investeringskapital til den digitale innhaldsindustrien
- ?? Stimulere handelen med rettar mellom aktørar på marknaden for digitalt innhald
- ?? Utvikle felles målsetjingar for den framtidige utviklinga av digitalt innhald mellom offentlege og private aktørar

Målgruppe

Informasjonsprodusentar, multimediebransjen, offentleg forvaltning og informasjonsleverandørar, forskings- og utviklingsmiljøa, utdanningssektoren, forlags- og mediebransjen, servicebransjen generelt, bibliotek og private og profesjonelle sluttbrukarar.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 14, s. 32-40, 18/01/2001 (Rådsavgjerd 2001/48/EF av 22. desember 2000)

EØS-avtalens protokoll 31, art. 2 nr. 5

St. prp. nr. 64 (2000-2001)

Noregs deltaking i dei avslutta programma INFO2000 og MLIS er omtala i St. prp. nr. 58 (1996-97) og St. prp. nr. 6 (1997-98)

Tidslengd

1. januar 2001 til 31. desember 2004. EFTA-/EØS-landa Island, Liechtenstein og Noreg vil formelt slutte seg til programmet i første halvår av 2001.

Økonomisk ramme

100 millionar euro for heile programperioden.

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

Den norske delen av kostnadene vil for 2001 utgjere 3,1 millionar kr. I tillegg kjem utgifter på 2,6 millionar kr til to nasjonale ekspertar og nasjonal oppfølging.

I og med at den første utlysinga av midlar frå eContent blir lyst ut våren 2001, har norske aktørar førebels ikkje motteke midlar frå programmet.

Supplerande finansieringskjelder

Norske styresmakter vil ikkje etablere supplerande stønadsordningar i tilknytning til programmet.

Norske deltakarar

Det er førebels ingen norske deltakarar i eContent fordi programmet er i ein oppstartingsfase og første utlysingsrunde for midlar er våren 2001.

I dei føregåande programma INFO 2000 og MLIS deltok norske aktørar i til saman ca. 20 prosjekt. Deltakarane var bedrifter, offentlege institusjonar som skular, bibliotek og museum, og ideelle og offentlege stiftingar. I tillegg deltok

seks norske partnerar i MIDAS-net, som er eit nettverk av organisasjonar som har ansvar for å gjennomføre informasjonskampanjar og fungerer som demonstrasjons- og rådgjevingssenter i medlemslanda. Dei norske deltakarane i MIDAS-net var: Norsk reknesentral (koordinator), Teknologisk Institutt, Agderforskning, Rettleiingsinstituttet for Nord-Noreg (VINN), INFOSØK (Universitetsbiblioteket i Trondheim) og IDE A/S.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Nærings- og handelsdepartementet (NHD) har det overordna ansvaret for den norske deltakinga i eContent, og vil etter at Noreg formelt har slutta seg til programmet delta i styringskomiteen for programmet. NHD vil også ha ansvar for jamleg oppfølging av programmet og informasjon til norske aktørar. Det vil i samband med dette mellom anna bli arrangert informasjonsdagar om eContent retta mot norske brukarar. Informasjon om eContent vil også bli lagd ut på NHDs nettsider om eNoreg: <http://eNorge.dep.no>

For informasjon om programmet kan ein kontakta NHD på denne adressa:

Nærings- og handelsdepartementet
Avdeling for IT-politikk
Postboks 8014 Dep, 0030 Oslo
Telefon: 22 24 03 01
Telefaks: 22 24 03 15

Innanfor ramma av eContent-programmet vil EFTA-landa få høve til å utplassere to nasjonale ekspertar som er tilknytte Europakommisjonen's generaldirektorat for informasjonssamfunnet (tidl. DG XIII). Det er førebels ikkje avklara kven som skal ha desse stillingane.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Frå EU si side blir eContent administrert av Generaldirektoratet for informasjonssamfunnet (tidlegare DG XIII), direktorat E (Information Society Technologies: Content, Multimedia Tools and Markets).

Det overordna styringsorganet for eContent er ein styringskomite sett saman av representantar for dei landa som deltek i programmet.

Europakommisjonen har publisert ein del informasjon om eContent. Det meste av informasjonsmaterialet inkludert utlysingar av stønadsmidlar frå programmet, er tilgjengeleg på vevsidene om eContent på Europaservaren:

http://europa.eu.int/comm/information_society/econtent/index_en.htm

og på EUs informasjonsteneste for forskning og utvikling, CORDIS:

<http://www.cordis.lu/econtent>

Informasjon om eContent på EU-nivå kan ein også få ved å kontakte Europakommisjonen på denne adressa:

European Commission
eContent Programme Office
DG Information Society-Directorate D
EUFO 01 / 1181

Rue Alcide dei Gasperi
L-2920 Luxembourg

Faks: +352 4301 34959
E-post: econtent@cec.eu.int

PROMISE – fleirårig program for informasjonssamfunnet

(Promoting Information Society in Europe)

Formål

PROMISE er eit program som har som mål å auke medvitnet om og forståinga for informasjonssamfunnet og dei nye bruksområda det gjev for næringsliv, offentlege institusjonar og folk i Europa. Viktige målsetjingar er:

- ?? Stimulere folk til motivasjon og evne til å delta i overgangen til informasjonssamfunnet
- ?? Utnytte best mogeleg dei sosio-økonomiske fordelane ved informasjonssamfunnet i Europa
- ?? Fremje rolla og synleggjere Europa i det globale informasjonssamfunnet

Innhald

PROMISE er eit promoteringsprogram som skal ta aktivitetsskapande initiativ, leggje vekt på visse utviklingstrekk og reise samfunnsdebatt. Programmet gjev ikkje økonomisk stønad til prosjekt. Med utgangspunkt i dei overordna formåla med programmet er det definert tre tiltaksområda:

1. Tiltak for å auke medvitsnivået i Europa
 - ?? Fremje lokale, nasjonale og transnasjonale initiativ som kan medverke til ei betre forståing av utvegar, fordelar og mogelege farar ved informasjonssamfunnet
 - ?? Innsamling og formidling av informasjon om kva tenester og applikasjonar borgarane og brukarane har behov for
 - ?? Tiltak for å synleggjere prosjekt som er sette i gang for å tilfredsstille dei behova folk har
 - ?? Overvake kor medvitne og fortrulege folk er med tenestene og applikasjonane i informasjonssamfunnet
 - ?? Stimulering av interessa som industrien, særleg små og mellomstore bedrifter, har for å tilby tenester og applikasjonar som tilfredsstiller behovet til borgarane og brukarane
 - ?? Demonstrasjon av mogelege verknader som informasjonssamfunnet har på regionalt plan, m.a. fremje utveksling av relevant informasjon mellom byar og regionar over landegrensene
 - ?? Stønad til Forum for Informasjonssamfunnet som er ei brei samansett ekspertgruppe som skal gje Europakommisjonen råd om utfordringar knytte til informasjonssamfunnet
2. Tiltak for å utnytte best mogeleg dei sosio-økonomiske fordelane ved informasjonssamfunnet i Europa

-
- ?? Vurdere kva utvegar og hindringar vanskelegstilte samfunnsgrupper og regionar står overfor når det gjeld tilgang til å nytte produkt og tenester i informasjonssamfunnet, og å identifisere nyttige tiltak for å overvinne hindringar
 - ?? Analysere aktuelle initiativ på europeisk og nasjonalt nivå når det gjeld utbod av brukarprogram, og i samband med det utarbeide eit fast register over prosjekt som lettar overgangen til informasjonssamfunnet og medverkar til opne tilhøve rundt aktuell politikk og program
 - ?? Hjelp til å få fleire vellukka tiltak, prosjekt og tenester med relevans for informasjonssamfunnet
 - ?? Fremje utveksling av ekspertise og erfaringar mellom igangverande undersøkingar og aktivitet på europeisk og nasjonalt plan
 - ?? Identifisere og vurdere kva finansieringsordningar som er nødvendige for å utvikle informasjonssamfunnet, særleg ordningar som kan medverke til å stimulere partnerskap mellom offentleg og privat sektor med tanke på å innføre brukarprogram som har allmenn interesse
 - ?? Identifisering av kva som kan hindre den indre marknaden i å fungere tilfredsstillande på informasjonssamfunnsområdet, og vurdere kva tiltak som kan sikre at informasjonssamfunnet best mogeleg kan utnytte fordelane ved eit område utan indre grenser, samtidig som det blir teke omsyn til det språklege mangfaldet
 - ?? Setje i verk tiltak for å få kjennskap til kva prioriteringar små og mellomstore bedrifter har, og kva som hemmar dei i å bruke informasjons- og kommunikasjonsteknologi
 - ?? Fremje elektronisk lese- og skriveevne i undervisningssektoren ved å spreie relevant røynsle frå nasjonalt og europeisk nivå
3. Tiltak for å fremje rolla og synleggjere Europa i det globale informasjonssamfunnet
- ?? Etablere eit register over initiativ som er tekne i heile verda
 - ?? Utveksle informasjon med tredjeland, særleg for å fremje tilgangen dei har til å nytte seg av informasjonssamfunnet
 - ?? Samarbeide om å førebu demonstrasjonsprosjekt, anten bilateralt eller i samarbeid med internasjonale organisasjonar

På grunnlag av dei røynsle som er gjorde så langt i programmet, vil søkjelyset i dei siste to åra av programmet framfor alt bli retta mot aktivitetar som kan medverke til å hindre sosiale skiljelinjer i informasjonssamfunnet og hjelpe til å synleggjere og koordinere PROMISE-aktivitetar inn mot andre IT-politiske tiltak i regi av EU.

Målgruppe

Informasjons- og nettverksaktivitetane under PROMISE har i utgangspunktet heile samfunnet som målgruppe. Særskild viktige grupper er:

- ?? Fagfolk i informasjons- og kommunikasjonsteknologibransjen og i dei informasjons- og kommunikasjonsskolelege miljøa
- ?? Små og mellomstore bedrifter og organisasjonane deira
- ?? Politikarar og forvaltning i stat og kommune, og organisasjonane deira

-
- ?? Media
 - ?? Nyskaparar og etablerarar
 - ?? Forskings- og utviklingsmiljø som arbeider med problemstillingar knytte til informasjonssamfunnet
 - ?? Utdanningsmiljø

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 107, s. 10-15, 30/04/1998 (Rådsavgjerd 98/253/EF av 30. mars 1998)

EØS-avtalens protokoll 31, art. 2 nr. 5 (endra ved EØS-komiteens avgjerd nr. 69/99 av 28. mai 1999)

St. prp nr 83 (1998-99)

Tidslengd

1. januar 1998 til 31. desember 2002.

Økonomisk ramme

25 millionar euro for heile programperioden.

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

I programperioden er desse summene løyvde til kontingent og nasjonal oppfølging:

1999: 2,2 mill. kr (der 1,1 mill. kr er norsk kontingent til PROMISE)

2000: 2,2 mill. kr (der 1 mill. kr er norsk kontingent til PROMISE)

2001: 2,4 mill. kr (der 1,9 mill. kr er norsk kontingent til PROMISE)

I alt: 6,8 mill. kr

Midlane er løyvde over budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet. Dersom løyvingane for det siste året av programmet vil liggje på omtrent det same nivået som dei føregåande åra, vil dei totale norske utgiftene til PROMISE bli ca. 9 millionar kr.

Supplerande finansieringskjelder

I og med at programmet ikkje gjev økonomisk stønad til prosjekt, er supplerande finansieringskjelder frå norsk side ikkje aktuelt.

Norske deltakarar

Norske aktørar har berre delteke på éin større konferanse, som vart arrangert i oktober 1999 (PROMISE 1999: Informasjonssamfunnet i Europa –Noregs utfordringar). I tillegg har det norske PROMISE-sekretariatet gjort undersøkingar om IT-bruken i Noreg. Den norske deltakinga i PROMISE har også vore viktig i samband med samarbeid om statistikk med EU, med norsk deltaking i Eurobarometer.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Nærings- og handelsdepartementet (NHD) har det formelle ansvaret for programmet. Representantar frå NHD deltek på vegner av Noreg i styringskomiteen for programmet, INFOCOM.

Det jamlege ansvaret for norsk deltaking i PROMISE låg i 1999 og 2000 til Noregs forskingsråd (NFR). I samband med det vart det etablert eit eige sekretariat for å følgje opp den norske deltakinga i PROMISE-programmet. Sekretariatsoppgåvene var lagt ut til Norsk Reknesentral. Meininga var at Norsk PROMISE skulle informere om informasjons samfunnet, skape aktivitet og nettverk i Noreg og knyte det opp mot tilsvarende aktivitetar i andre EU-/EØS-land. Arbeidet vart sett i gang hausten 1999 då det mellom anna vart etablert eigne Internettider og arrangert ein større konferanse. På grunn av manglande løyvingar frå norsk side vart aktivitetsnivået kraftig redusert i 2000.

Frå 1. januar 2001 har NHD sjølv teke seg av den jamlege oppfølginga av programmet. Etter planen skal den norske oppfølginga av PROMISE sjåast i nær samanheng med eNoreg planen. Informasjon om eNoreg planen er lagd ut på vevsidene til NHD på adressa:
<http://www.dep.no/nhd/norsk/p10001865/index-b-n-a.html>

Integreringa av PROMISE i eNoreg planen har ein parallell på EU-nivå der aktivitetane under PROMISE no er nært knytte til eEurope initiativet.

For informasjon om programmet kan NHD kontaktast på denne adressa:

Nærings- og handelsdepartementet
Avdeling for IT-politikk
Postboks 8014 Dep, 0030 Oslo
Telefon: 22 24 03 01
Telefaks: 22 24 03 15

Innanfor ramma av PROMISE-programmet har EFTA-landa høve til å utplassere éin nasjonal ekspert som er tilknytt Europakommisjonens generaldirektorat for informasjonssamfunnet. Noreg har fått tildelt denne eksperten som er tilknytt Information Society Activity Center, ISAC. Fram til 31. desember 2001 er det Gard Titlestad som har denne ekspertstillinga. Han kan kontaktast på denne adressa:

Gard Titlestad
Information Society DG
A5 Communication Services, International aspects
Rue dei la Loi 200
B-1160 Bruxelles

Tlf.: + 32 2 296 87 19
Faks: +32 2 295 53 71
E-post: gard.titlestad@cec.eu.int

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

PROMISE blir administrert av Information Society Activity Center, ISAC, som er ei underavdeling av Europakommisjonens generaldirektorat for informasjonssamfunnet (tidl. DG XIII).

Det er oppretta ein styringskomité av representantar for dei deltakande landa i programmet. Denne komiteen går under nemninga INFOCOM.

Kontakt/informasjon om PROMISE på EU-nivå kan ein få på denne adressa:

European Commission
Information Society Directorate-General
Information Society Activity Centre
BU 24 0/74
Rue dei la Loi 200
B-1049 Brussels – BELGIUM
E-post: infso-desk@cec.eu.int
Internett: http://europa.eu.int/ISPO/promotion/i_promise.html

Handlingsplan for å fremje sikrare bruk av Internett

(Action plan on promoting safer use of the Internet)

Formål

Handlingsplanen har som formål å fremje sikrare bruk av Internett ved å utvikle eit gunstig klima for utvikling av og bruk av Internett. Denne målsetjinga skal nåast ved å innføre høvelege mekanismar for tiltak mot ulovleg Internett-bruk, og å stimulere til å bruke sjølvregulerande tiltak mellom leverandørar og brukarar. Handlingsplanen skal også medverke til at det blir skapt gunstige rammevilkår for utviklinga av Internettindustrien på europeisk nivå.

Innhald

Under handlingsplanen er det definert fire tiltaksområde:

1. Gjere det lettare å overvake innhaldet på Internett og å handheve gjeldande regelverk
Siktemålet er her å hjelpe til med å få oppretta eit europeisk nett av tipsliner, der brukarane kan melde frå om innhald på eller bruk av Internett som det er grunn til å tru er ulovleg. Under dette tiltaksområdet skal det også stimulerast til at det blir utvikla felles retningsliner for åtferdsreglar, system for sjølvregulering og eit system for å kvalitetsmerke nettstader.
2. Utvikling og bruk av innhaldsfiltrerings- og klassifiseringssystem
Føremålet er å stimulere til utvikling av gode og presise system som kan gje sluttbrukarar og nettadministratorar eit verktøy til å velje vekk visse typar innhald som blir oppfatta som skadelege eller uønskte. Innanfor dette tiltaksområdet vil det også bli gjeve stønad til demonstrasjonsaktivitet som kan vise fordelar og ulemper i samband med bruk av filtrerings- og klassifiseringssystem, samt fremje internasjonale avtalar om klassifiseringssystem.
3. Opplysningsaktivitetar
Målsetjinga er her å informere allmenta og særleg grupper som foreldre, lærarar og born, om potensiale og ulemper ved Internett, slik at dei kan handtere bruken av nettkommunikasjon på ein god måte. Aktiviteten vil i første omgang fokusere på å identifisere dei mest formålstenlege informasjonskanalane for deretter å stimulere ulike aktørar til å setje i gang informasjonstiltak.

4. Stønadstiltak

Innanfor dette aktivitetsområdet vil det bli gjeve stønad til å greie ut juridiske spørsmål knytte til Internett og stønad til internasjonalt samarbeid i samband med aktivitetane i handlingsprogrammet.

Generelt for alle tiltaksområda er at søknader om stønad må kome frå minst to uavhengige organisasjonar som er etablerte i minst to ulike EU/EØS/ EFTA land. Andre land kan delta, men då utan å få økonomisk stønad. Stønadsverdige prosjekt blir valde ut på basis av kompetanse og erfaring.

Prosjekta som får stønad frå programmet, blir finansierte etter to modellar: For prosjekt i uavhengige organisasjonar kan ein få stønad på inntil 50 % av dei totale kostnadene. For prosjekt innanfor offentleg sektor, blir 100 % av overskytande kostnader finansierte. Alle prosjekt må kunne dokumentere evna til å skaffe til veges nødvendig eigenfinansiering, og at prosjektet berre dekkjer kostnadene for gjennomføringa. Det må vere eit likeverdig forhold mellom partnarane i prosjektet. Europakommisjonen stør berre prosjekt som er budsjetterte til over 200 000 euro.

Målgruppe

Brukarar, tekniske operatørar og informasjonsleverandørar til Internett. Juridiske personar i privat og offentleg sektor vil kunne søkje stønad frå programmet.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 33, s. 1-11, 06/02/1999 (Parlaments- og rådsavgjerd 99/276/EF av 25. januar 1999)

EØS-avtalens protokoll 31, art. 2 nr. 5 (endra ved EØS-komiteavgjerd nr. 99/99 av 30. juli 1999)

St. prp nr 98 (1998-99)

Tidslengd

1. januar 1999 til 31. desember 2002.

Økonomisk ramme

25 millionar euro.

Norske kostnader i samband med deltakinga i programmet og utbetalingar frå programmet

Den norske kontingenten til programmet er rekna til å bli ca. 4 millionar kr i den perioden programmet varer. I tillegg må Noreg betale tilskot til administrative kostnader og kostnader til ein nasjonal ekspert som Noreg kan utplassere i Europakommisjonen. Totalt er det kalkulert at dei norske kostnadene vil koma opp i ca. 8 millionar kr.

For 2001 er det løyvd 2,3 millionar kr for å dekkje den norske kontingenten til programmet og utgifter til administrative utgifter og ein nasjonal ekspert.

Det einaste prosjektet med norsk deltaking under programmet er "SAFE – Safety Awareness For E-learning" som har motteke i alt 1 930 000 euro under tiltaksområdet for opplysningsaktivitet i 2000.

Supplerande finansieringskjelder

Det eksisterer ikkje norske finansieringsordningar for supplerande finansiering til deltakarar i programmet. Føresetnaden er at søkjarar til programmet dekkjer minimum 50 % av kostnadene sjølve.

Norske deltakarar

Fram til utgangen av 2000 har Læringscenteret som er eit organ underlagt Kyrkje, utdannings- og forskingsdepartementet, vore den einaste norske deltakaren i prosjektet under programmet. Læringscenteret deltek saman med deltakarar frå ni EU-land i prosjektet. "SAFE – Safety Awareness For E-learning" har motteke i alt 1 930 000 euro under tiltaksområdet for opplysningsaktivitetar.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Arbeidet på nasjonalt nivå blir koordinert av Kulturdepartementet. Oppfølginga av programmet skal skje i samarbeid mellom Kulturdepartementet, Arbeids- og administrasjonsdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Justisdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og Samferdselsdepartementet. Den norske deltakinga i programmet blir finansiert over budsjetta til dei ovanfor nemnde departementa.

Det er førebels ikkje teke stilling til om det skal opprettast eit separat norsk sekretariat for å ta seg av den jamlege oppfølginga og informasjon om handlingsplanen. Inntil vidare vil Medieavdelinga i Kulturdepartementet stå for oppfølging og informasjon.

Statens filmtilsyn har lagt ut informasjon om handlingsplanen på vevsidene på adressa: <http://www.filmtilsynet.no/Internett/Eu.html>
Elles er det ikkje gjeve ut særskild informasjonsmateriale om programmet i Noreg.

For informasjon om handlingsprogrammet kan Kulturdepartementet kontaktast på denne adressa:

Kulturdepartementet
Medieavdelinga
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Innanfor ramma av handlingsplanen har EFTA-landa rett til å utplassere ein nasjonal ekspert som er tilknytt Europakommisjonens generaldirektorat for informasjonssamfunnet (tidl. DG XIII). Noreg har fått tildelt denne ekspertten. Fram til 15. januar 2002 har Tor Eigil Hodne denne ekspertstillinga. Han kan kontaktast på denne adressa:

Tor Eigil Hodne
Information Society DG (INFSO)
D5 - Management of Information and Content

Rue dei la Loi 200
B-1160 Bruxelles

Tlf.: + 352 4301 38063
Faks: +352 4301 38099
E-post: tor-eigil.hodne@cec.eu.int

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Frå EU si side blir Handlingsplanen for Internett administrert av Europa-kommisjonens generaldirektorat for informasjonssamfunnet - INFSO (tidlegare DG XIII), direktorat D5 (Management of Information and Content).

Det er oppretta ein styringskomité av representantar for dei deltakande landa i programmet (EU-landa pluss Noreg og Island).

Europakommisjonen har publisert eit omfattande informasjonsmateriale om handlingsplanen. Det meste av denne informasjonen er tilgjengeleg på Europaservaren på adressa: <http://europa.eu.int/ISPO/iap/>

Kontakt/informasjon om Handlingsplanen for Internett på EU-nivå kan ein få på denne adressa:

European Commission, DG XIII/E
Information Society DG (INFSO)
D5 - Management of Information and Content
Rue dei la Loi 200
B-1160 Bruxelles.
E-post: iap@cec.eu.int

4.3 Utdanning, opplæring og ungdomsspørsmål

Noreg har heilt frå 1991 delteke i utdanningssamarbeidet i EU, først gjennom Erasmus- og Comett-programma og seinare gjennom Lingua-programmet. Etter EØS-avtalen har Noreg delteke i alle EU-program på området utdanning, opplæring og ungdomsspørsmål frå 1. januar 1995. Noreg har også rett til å kome med innspel til utforminga av nye program på området. I spørsmål om Noreg skal knyte seg til nye program på utdannings- og ungdomsområdet, har spesialutvalet for utdanning ei viktig koordinerande rolle. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (KUF) leiar spesialutvalet for utdanning.

Programma på dette området er administrativt underlagde Generaldirektoratet for utdanning og kultur (tidlegare DG XXII). Den overordna styringa av programma blir gjort i særskilde styringskomitear, der Noreg er representert ved Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (KUF) og Barne- og familiedepartementet (BFD). Noreg er også representert i ulike rådgjevande underkomitear. Dei norske representantane kjem frå KUF, BFD, dei nasjonale sekretariata og andre aktuelle fagmiljø i Noreg.

Noreg deltek i programma Sokrates (allmennutdanning), Leonardo da Vinci (yrkes- og profesjonsutdanning), Ung i Europa (ungdomsutveksling), European

Pathways (yrkesretta vekselopplæring) og i Det europeiske språkåret. Det er KUF som har det overordna ansvaret for den norske deltakinga i utdanningsprogramma Sokrates II, Leonardo da Vinci II og European Pathways, og Det europeiske språkåret, medan Barne og Familiedepartementet er ansvarleg for programmet Ung i Europa. For Sokrates-, Leonardo- og Ung i Europa-programmet, og Det europeiske språkåret er dei jamlege koordinerings- og administrasjonsoppgåvene delegerte til særskilde norske sekretariat.

Dei nasjonale administrasjonsoppgåvene for Sokrates og Leonardo da Vinci er lagde ut på anbod ved start og fornying av programma. I april 1999 vart det i samband med oppstarten av Sokrates 2000-2006 og Leonardo da Vinci 2000-2006 frå 1. januar 2000 utlyst ein anbodskonkurranse for nasjonal administrasjon av programma. Hausten 1999 vedtok KUF at Universitets- og høgskulerådet/Senter for internasjonalt universitetssamarbeid skulle få tilbod om administrasjonen av Sokrates, medan Teknologisk institutt/Leonardo Noreg skulle få tilbod om administrasjonen av Leonardo da Vinci. Det er dei same institusjonane som har hatt den nasjonale administrasjonen av Sokrates- og Leonardo da Vinci-programma tidlegare.

For programmet Ung i Europa er det Statens ungdoms- og adopsjonskontor som tek seg av den nasjonale administrasjonen. For Det europeiske språkåret er det Nasjonalt senter for læring og utvikling som tek seg av oppfølginga i Noreg.

Frå 1. januar 2000 starta EU også opp eit nytt program på utdanningsområdet med nemninga European Pathways. Programmet skal medverke til at det blir etablert eit frivillig system for dokumentasjon av innhaldet i praksisperiodar på yrkesopplæringsområdet. Føresetnaden er at det skal oppnemnast eit organ til å ta seg av koordinering og gjennomføring på nasjonalt nivå, men KUF hadde enno ikkje oppnemnd eit slikt organ ved årsskiftet 2000/2001.

Sokrates

Sokrates er EU sitt handlingsprogram for tverrnasjonalt samarbeid innanfor utdanning på alle nivå. Programmet gjev stønad til ulike tverrnasjonale prosjekt på utdanningsområdet, dessutan individuelle stipend til personar som deltek i utvekslingsordningar. Det deltek i alt 30 land i Sokratesprogrammet: Dei 15 EU-landa, EFTA-EØS-landa Island, Liechtenstein og Noreg, og desse sentral- og austeuropeiske landa: Romania, Ungarn, Tsjekkia, Polen, Slovakia, Latvia, Estland, Litauen, Bulgaria, Slovenia, i tillegg til Malta og Kypros (frå 2001). Tyrkia forhandlar også om å få delta i Sokrates, men det er framleis usikkert om Tyrkia får tilgang til programmet.

Ved utgangen av 1999 vart det første Sokratesprogrammet formelt avslutta. Alt hausten 1998 fremja Kommisjonen forslag om å vidareføre Sokrates-programmet for ein sjuårsperiode frå 1. januar 2000 til 31. desember 2006. Sokrates 2000-2006 vart endeleg vedteke i januar 2000. Deltakinga frå EFTA-EØS-landa i Sokrates II vart vedteke i EØS-komiteen i mars 2000.

Det er berre gjort mindre innhaldsmessige endringar i Sokrates 2000-2006 samanlikna med Sokrates 1995-1999. Dei viktigaste endringane er:

- ?? Innføring av eit eige tiltaksområde for vaksenopplæring med nemninga Grundtvig
- ?? I Comenius er det gjort fleire innhaldsmessige endringar: Skuleretta aktivitetar som tidlegare sorterte under Lingua er integrerte i programmet, prosjekt og prosjekttilknytt mobilitet, grunn- og etterutdanning for studentar og lærarar og nettverksdanning mellom skular og institusjonar utgjør eigne underaksjonar
- ?? Det er oppretta eit eige tiltaksområde for fellestiltak med andre EU-program

Formål

Det overordna målet for Sokrates er å medverke til å gjere utdanning for born, ungdom og vaksne betre og meir relevant ved å stø europeisk samarbeid og lette tilgangen til dei mange læringsalternativa som finst i EU og i dei andre deltakande landa. Programmet prøver å gje elevar, studentar og personar som tek etterutdanning, innsyn i den europeiske dimensjonen i dei emna dei studerer, auke sjansane for personleg kontakt med andre europeiske land, utvikle ein felles europeisk identitet og fremje evna til å skape og tilpasse seg endringar i det økonomiske og sosiale miljøet. I Sokrates 2000-2006 vil det bli lagt spesiell vekt på tiltak der livslang læring, samarbeid på tvers av utdanningsnivå, nettverksbygging og nytenking er viktige delemne.

Innhald

Innanfor ramma av Sokrates 2000-2006 er det vedteke åtte tiltaksområde/underprogram:

1. Skulesamarbeid (Comenius)

Målsetjinga med Comenius er å betre kvaliteten og styrkje den europeiske dimensjonen i skulen. Comenius skal fremje partnerskap og samarbeid mellom skular, medverke til å heve profesjonaliteten til lærarane og styrkje opplæringa i framandspråk. Comenius femner om heile utdanningssystemet frå barnehage via vidaregåande til høgskule og universitetsnivå, og vender seg til elevar, utdanningspersonell og studentar som har tilknytning til skuleutdanning. Under Comenius er desse tre tiltaka oppretta:

Comenius 1: Skulepartnerskap

Under dette tiltaket blir det gjeve stønad til å utvikle europeiske utdanningsprosjekt som er utvikla i partnerskap mellom skular og andre relevante institusjonar frå ulike deltakarland. Normalt krevst det deltaking frå minst tre land, der minst eitt er EU-land. Under dette tiltaket kan Comenius gje stønad til:

- ?? Førebuande gjesting for å planleggje prosjektet
- ?? Fleirnasjonale eller bilaterale samarbeidsprosjekt mellom skular
- ?? Prosjekttilknytt reiseverksemd for lærarar og i ei viss utstrekning, elevar
- ?? Prosjekt som fokuserer på undervisning i og tileigning av språk i deltakarlanda
- ?? Prosjekt som fremjar tverrkulturell forståing og medverkar til å kjempe mot rasisme og framandhat.

?? Prosjekt som vender seg til elevar med særlege utdanningsbehov og prøver å integrere slike elevar i det ordinære skulesystemet.

I prosjektsamanheng blir det gjeve stønad etter fastsette reglar. Skular kan få tildelt ein fast årleg (opp til tre framhaldande år) sum på 12.000-16.000 NOK til å dekkje administrative utgifter og ein variabel sum som tilskot til prosjekttilknytte reiser.

Comenius 2: Grunn- og etterutdanning av undervisningspersonell

Tiltaket gjev stønad til fleirnasjonale prosjekt mellom institusjonar og organisasjonar som driv grunn-, etter- og vidareutdanning av lærarar. Det kan gjevast stønad til desse tiltaka:

?? Fleirnasjonale samarbeidsprosjekt - Comenius 2.1

?? Utforming av fagplanar, kurs, modular eller undervisnings materiale med formål å styrkje den europeiske dimensjonen i skulen

?? Utdanningsaktivitet og erfaringsutveksling om skule leiing, rettleiing og rådgjeving

?? Utdanningsaktivitet og erfaringsutveksling med tanke på å auke det interkulturelle medvitet i skulen og/eller for å integrere born av vandrande arbeidstakarar, m.a. sigøyningar.

?? Utdanning av og utviklingsaktivitet for lærarar som underviser elevar i risikogrupper eller med særlege behov

?? Utvikling av etterutdanningskurs for undervisningspersonell

For meir informasjon sjå Comeniuskatalog på Europaservaren:

<http://europa.eu.int/comm/education/socrates/comenius/cat2001-2002/en.html>

Europakommisjonen behandlar søknadene under Comenius 2.1. Stønadene som blir gjevne, kan vere frå 20 000 til 150 000 euro.

?? Individuelle stipend til undervisningspersonell - Comenius 2.2

?? I samband med grunnutdanning, m.a. som Comenius språkassistentar

?? I samband med etterutdanning av lærarar/framandspråklærarar

Stipend dekkjer normalt reise- og kursutgifter.

Comenius 3: Stønad til etablering av nettverk

Under dette tiltaket blir det gjeve stønad til nettverk mellom skular og/eller lærarutdanningsinstitusjonar som har fått stønad under Comenius 1 eller 2. Formålet er å stimulere til samarbeid om emne som har felles interesse, formidle resultat og god praksis og utveksle synspunkt på kvalitet og nyskaping i skulen.

Europakommisjonen behandlar søknadene under Comenius 3. Stønadene kan vere frå 20 000 til 150 000 euro.

2. Høgare utdanning (Erasmus)

Erasmus inneheld mange tiltak som er utforma med tanke på å stø dei europeiske aktivitetane til institusjonar innanfor høgare utdanning, og å fremje studentutveksling og studentmobilitet. Dei deltakande undervisningsinstitusjonane og

Europakommisjonen inngår særskilde institusjonskontraktar som femner om alle godkjende Erasmusaktivitetar. Kontraktane varer normalt i tre år og kan fornyast. Det blir gjeve økonomisk stønad direkte til dei deltakande institusjonane innanfor ramma av institusjonskontraktane. Under Erasmus er det definert tre tiltak:

Tiltak 1: Europeisk samarbeid mellom institusjonar innanfor høgare utdanning

Under dette tiltaket blir det ytt stønad til samarbeidsprosjekt og –tiltak som har som mål å:

- ?? Leggje til rette for mobilitet for studentar og lærarar
- ?? Medverke til felles utvikling av fagplanaktivitetar
- ?? Medverke til konsolidering og vidareutvikling av Det europeiske systemet for overføring av vektal (ECTS)

Stønadssum varierer i høve til aktivitetsnivået ved kvar institusjon.

Tiltak 2: Mobilitetsstipend for studentar og lærarar

Studentar:

Det blir gjeve direkte økonomisk stønad til studentar som gjennomfører eit studieopphald på mellom tre og tolv månader ved ein annan deltakande undervisningsinstitusjon.² Stipendia er utforma slik at dei skal hjelpe til å dekkje tilleggsutgiftene ved å studere i eit anna land, til dømes reiseutgifter, utgifter til språkoppplæring og skilnader i levekostnader. For at stipendiet skal kunne tildelast, må undervisningsinstitusjonen som studentane kjem frå gje ein full akademisk førehandsgodkjenning av utanlandsstudiet, og vertsinstitusjonen må gje avkall på skulepengar.

Studentar får i gjennomsnitt 1500 kr i månaden. Dei får også utvida stønad frå Lånekassen.

Lærarar:

Lærarar kan få stipend for å dekkje tilleggsutgifter ved undervisningsopphald ved ein institusjon i eit anna deltakande land. Desse opphalda varer som regel i ei til to veker. Formålet med lærarutvekslinga er å fremje den europeiske dimensjonen, skape større breidde i undervisninga ved vertsinstitusjonen, dessutan å auke samarbeidet om undervisning og pensum ved dei deltakande institusjonane.

Universitets- og høgskulelærarar får i gjennomsnitt 6000 kr i veka.

Aksjon 3: Tematiske nettverk

Under denne aksjonen blir samarbeidsprosjekt, som ikkje er omfatta av institusjonskontraktar, mellom institusjonar innan høgare utdanning støtta. Dei tematiske nettverka kan omfatte emne som har felles interesse, gjerne av tverrfagleg karakter, med tanke på å fremje kvalitet og nyskaping innanfor høgare utdanning og stimulere til å utvikle felles program og spesialkurs.

² Det er eit minimumskrav for stønad til utvekslingar at søkjar anten kjem frå eit EU-land eller reiser til eit EU-land. Det blir ikkje gjeve stønad til utvekslingar mellom to ikkje EU-land.

3. Vaksenopplæring og andre utdanningsvegar (Grundtvig)

Grundtvig femner om vaksenopplæring i vidaste forstand. Grundtvig vil leggje til rette for at institusjonar og organisasjonar frå ulike europeiske land kan utveksle kunnskap og erfaringar og i samarbeid skape produkt som kjem vaksenopplæringsfeltet til gode. Det kan gjevast stønad til tverrnasjonale prosjekt og initiativ med desse formåla:

- ?? Å stimulere kvar vaksen som ønskjer å delta i livslang læring
- ?? Å fremje tileigning eller oppdatering av kunnskapar hjå personar som manglar grunnleggjande utdanning og kvalifikasjonar
- ?? Å utvikle, utveksle og formidle nyskapande opplæringsmetodar og god praksis, m.a. utvikling og formidling av modular og undervisningsmateriale
- ?? Å utvikle informasjons- og stønadsfunksjonar for vaksne elevar og for tilbydarar av vaksenopplæring, m.a. rettleings- og rådgjevings tenester
- ?? Å utvikle reiskapar og metodar for å evaluere, validere og attestere kunnskapar, dugleik og kvalifikasjonar som vaksne elevar har oppnådd
- ?? Å betre kjennskapen til språka i dei andre deltakarlanda eller betre internasjonal medvit hjå dei som underviser og tilbyr vaksenopplæring
- ?? Å utvikle grunn-, etter- og vidareutdanninga for dei som underviser på vaksenopplæringsområdet
- ?? Å fremje vitjing og utvekslingar for personar som er involverte i vaksenopplæring
- ?? Å fremje prosjekt som vender seg til vaksne elevar med særlege opplæringsbehov

Somme tiltak er desentraliserte, andre er sentraliserte. Søknader som blir behandla nasjonalt (desentralisert), kan få same stønad som Comenius 1 og Comenius 2.2. Søknader som blir behandla av Europakommisjonen (sentralisert) kan få stønad som varierer frå 20 000 til 150 000 euro.

4. Språk (Lingua)

Formålet med Lingua er å stø tverrgåande språkopplæringstiltak som kan fremje og bevare det språklege mangfaldet i Europa. I høve til Sokrates 1995-1999 er omfanget av aktivitetar under Lingua redusert ved at fleire tiltak på språkområdet er integrerte i Comenius, Erasmus og Grundtvig. I den forma som gjeld no, skal Lingua vere eit supplement til tiltak på språkområdet under dei andre tiltaksområda i Sokrates. Under Lingua kan det gjevast stønad til desse tverrnasjonale prosjekta og initiativa:

- ?? Medvitsskapande aktivitetar for å skape merksemd om verdien av språklæring og høve til å lære språk
- ?? Aktivitetar for å fremje og/eller formidle nyskaping og god praksis, til dømes tidleg framandspråklæring og forståing av fleire språk
- ?? Utvikle og utveksling av fagplanar, nytt undervisningsmateriale og å betre metodar og reiskapar for å godkjenne språkkunnskapar
- ?? Utveksle informasjon og etablere eit nett av ressurscenter
- ?? Utvikle tiltak for å fremje kjennskap til framandspråk som er nødvendige i visse situasjonar og samanhengar, men som ikkje er direkte knytte til spesifikke yrke

?? Tiltak som kan medverke til å løyse dei problema som vil oppstå med omsyn på språkopplæring i samband med den komande utvidinga av EU.

Europakommisjonen behandlar søknadene under Lingua. Stønaden kan vere frå 20 000 til 150 000 euro.

5. Fjernundervisning, opne undervisningsformer og bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi på utdanningsområdet (Minerva)

Formålet med Minerva er å stø tverrgåande tiltak som femner om open undervisning, fjernundervisning og bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) på utdanningsområdet. Det kan gjevast stønad til tiltak og prosjekt med desse formåla:

- ?? Hjelpe personar som er involverte i utdanning, til betre å forstå og utnytte dei områda som IKT-bruk gjev for undervisning og læring. Det blir også gjeve stønad til å utvikle nyskapande reiskapar og strategiar i tillegg til metodar for å fastslå kriterium for å kvalitetsmåle IKT-baserte undervisningsprodukt og tenester
- ?? Utforme metodar og verktøy som kan brukast til å utvikle nyskapande læringsmiljø innanfor opne undervisningsformer og fjernundervisning
- ?? Utvikle og kople saman tenester og system som gjev aktørar på utdanningsområdet opplysningar om undervisningsmetodar og -ressursar som nyttar seg av open undervisning, fjernundervisning og IKT
- ?? Å stø utveksling av idear og røymsler med open undervisning, fjernundervisning og IKT i undervisninga, spesielt nettverkssamarbeid mellom ressursentra, lærarutdanningsinstitusjonar, ekspertar, avgjerdstakarar og prosjektkoordinatorar om emne som har felles interesse

Europakommisjonen behandlar søknadene under Minerva. Stønaden kan vere frå 20 000 til 150 000 euro.

6. Observasjon og innovasjon

Dette tiltaksområdet inneheld mange tiltak som har som mål å fremje utveksling av opplysningar og erfaringar om viktige spørsmål i utdanningspolitikken og om europeisk samarbeid på området. Aktivitetane under tiltaksområdet byggjer i stor grad på alt eksisterande strukturar og nettverk. Det blir gjeve stønad til desse formåla:

Nettverket for utveksling av informasjon om utdanning i EU og EØS (EURYDICE)

Nettverket består av einingar som er oppretta av styresmaktene i deltakarlanda og blir samordna av ei europeisk eining i Brussel. Nettverket har som oppgåve å samle inn data, utarbeide analysar og spreie opplysningar om system, reformer, nyvinningar og utviklingstrekk på utdanningsområdet. Den primære målgruppa er avgjerdstakarar på nasjonalt nivå. Ein av hovudaktivitetane i EURYDICE-nettverket er samarbeidet om databasen EURYBASE der medlemslanda legg inn detaljerte omtalar av utdanningssystemet i kvart land. EURYBASE er tilgjengeleg på Internet på adressa:

<http://www.eurydice.org/Eurybase/Application/eurybase.htm>

Studiebesøksordning for avgjerdstakarar innanfor utdanning (ARION)

ARION gjev økonomisk stønad til å arrangere studiebesøk for representantar på leiarnivå innanfor alle studieretningar og nivå (lokalt, regionalt og nasjonalt). Formålet er å stimulere til å utveksle informasjon, idear og røynsle om utdanningssystema i dei europeiske landa gjennom studiereiser der tema er innanfor fastlagde undervisningsområde.

Nettverk

Etablere nettverk mellom organ som utfører analysar av utdanningssystem og – politikk, og av organ som er involverte i evaluering av kvaliteten på utdanninga.

Undersøkingar og analysar

Undersøkingar, analysar, pilotprosjekt, seminar, utveksling av ekspertar og andre høvelege aksjonar som har tilknytning til utdanningspolitiske spørsmål med felles interesse.

NARIC

Aktivitet som fremjar godkjenning av eksamensvitnemål, kvalifikasjonar og studieopphald, særleg undersøkingar, analysar, pilotprosjekt og utveksling av opplysningar og røynsler. Aktivitetane skal integrerast med nettverket av nasjonale informasjonssenter for godkjenning av høgare utdanning (NARIC). NARIC består av nasjonale informasjonssenter som skal informere institusjonar og privatpersonar om dei nasjonale akkrediteringssystema for høgare utdanning.

Nyskapande initiativ som reaksjon på nye behov

Stønad kan gjevast til tverrnasjonale prosjekt og undersøkingar som kan bidra til å utarbeide nyskapande tiltak i ein eller fleire sektorar på utdanningsområdet.

Europakommisjonen behandlar søknadene under tiltaksområdet for observasjon og innovasjon. Stønaden kan vere frå 20 000 til 150 000 euro.

7. Fellestiltak

Under dette tiltaksområdet kan det gjevast stønad til fellestiltak mellom EU-program som har til formål å fremje eit kunnskapens Europa. Særleg gjeld dette Leonardo da Vinci-programmet og ungdomsprogramma til EU, Ung i Europa og Europeisk Volontørteneste, der det også er ei målsetjing å fremje kontakt og samspel mellom deltakarane i dei ulike programma. Fellesaksjonane blir gjennomførte ved hjelp av felles utlysingar for utvalde emne med felles interesse.

8. Supplerande tiltak

Initiativ som tek sikte på å fremje målsetjingane i programmet og som ikkje har rett til stønad under dei andre tiltaksområda, kan få stønad under dette tiltaksområdet. Det gjeld:

- ?? Opplysningsaktivitet som skal fremje samarbeid på utdanningsområdet
- ?? Tverrnasjonale aktivitetar som blir gjennomførte av frivillige organisasjonar som arbeider på utdanningsområdet og organ som driv utdanningsrettlegg og –rådgjeving
- ?? Konferansar og seminar om nyskapingar på område som er omfatta av Sokrates-programmet

-
- ?? Utdanning av personar som er involverte i forvaltning av europeiske samarbeidsprosjekt på utdanningsområdet
 - ?? Tiltak for å utnytte og formidle resultatet av dei prosjekta og aktivitetane som blir gjennomførte med stønad frå Sokratesprogrammet
 - ?? Samarbeidsaktivitetar med tredjeland og kompetente internasjonale organisasjonar, som Europarådet

Målgruppe

Sokrates baserer seg i hovudsak på prosjektsamarbeid. Målgruppene er difor primært skular, (utdannings-)institusjonar og organisasjonar som blir oppmoda til samarbeid på tvers av utdanningsnivå med tanke på å skape nye konstellasjonar på utdanningsområdet.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 28, s. 1-15, 3.2.00 (Parlaments- og rådsavgjerd 2000/253/EF av 24. januar 2000) (Sokrates 2000-2006)

EØS-avtalens protokoll 31, art. 4 nr. 2

St. prp. nr. 49 (1999-2000)

Tidslengd

1. januar 2000 til 31. desember 2006.

Økonomisk ramme

1 850 millionar euro for heile programperioden. Fordelt på tiltaksområde skal 51 % av totalbudsjettet gå til Erasmus, 27 % til Comenius, 7 % til Grundtvig, medan dei resterande 15 % av budsjettet fordeler seg på dei andre tiltaksområda og administrasjon.

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

For Sokrates II er den norske delen 1,8 % av totalramma eller ca. 273 millionar kr. Fordelt over dei sju åra programmet varer, vil dei gjennomsnittlege årlege utgiftene bli ca. 39 millionar kr. I praksis vil utgiftene til kontingent bli ulikt fordelt på åra, fordi aktivitetsnivået varierer noko i den tida programmet varer. I tillegg til utgiftene til kontingent gjev norske styresmakter tilskot til Senter for internasjonalt universitetssamarbeid (SIU) for å administrere programmet i Noreg. Det tilskotet blir på ca. 7 millionar kr per år.

Til Sokrates 1995-1999 vart det løyvd i alt 126 millionar kr til å dekkje kontingenten for den norske deltakinga. I tillegg vart det i den same perioden løyvd 33,6 millionar kr til å administrere Sokrates i Noreg.

I resultatrapporteringane frå budsjettproposisjonane til KUF og årsmeldingane til Senter for internasjonalt universitetssamarbeid (SIU) går det fram at talet på norske deltakarar og tilbakeførte midlar frå EU gjennomgåande har vore god både for Sokrates 1995-1999 og så langt for Sokrates 2000-2006.

Når det gjeld utbetalingar til norske deltakarar, fordelte SIU i 1999 i alt 20 millionar kr til norske søkjarar. I tillegg kjem midlar som blir fordelte direkte av Europakommisjonen. For desse midlane ligg det ikkje føre tilgjengeleg statistikk,

men summen er truleg like stor som den som blir fordelt av SIU. For Sokrates 2000-2006 vil 80 % av programmidlane bli fordelte på nasjonalt nivå, medan dei resterande 20 % vil bli fordelte av Europakommisjonen. For 2000 fordelte SIU ca. 22 millionar kr til norske deltakarar i Erasmus og Comenius.

Supplerande finansieringskjelder

Statens lånekasse gjev særskild utanlandsstønad til studentar som reiser til eit EU-land som utvekslingsstudent under Erasmus. I tillegg mottok SIU ein sum frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet til bruk under Comenius 1.

Norske deltakarar

Erasmus:

I studieåret 2000/2001 deltek så godt som alle norske høgare utdanningsinstitusjonar i Erasmus. Stipend til norske studentar blir fordelte gjennom i alt 40 norske institusjonar. I studieåret 2000/2001 reiste 1100 norske studentar på Erasmusutveksling, medan norske institusjonar innanfor høgare utdanning mottok 1000 utanlandske studentar gjennom Erasmus. I studieåret 2000/2001 hadde Senter for internasjonalt universitetssamarbeid (SIU) 12,5 mill. kr til fordeling for studentstipend.

Comenius:

I skuleåret 2000/2001 deltek 280 skular i skuleprosjekt under Comenius. I desse partnarskapa deltek mellom 20 000 og 25 000 norske lærarar og elevar. 650 norske lærarar og elevar deltek eller kjem til å delta i språkprosjekt.

Vaksenopplæring - Grundtvig:

I 1999 vart éin norsk-koordinert søknad innvilga, medan det deltok norske deltakarar som partnarar i to prosjekt.

Fjernundervisning - Minerva:

I 1999 vart det godkjent i alt 9 prosjekt med norsk deltaking, der 4 hadde norsk koordinator. I alt mottok prosjekta med norsk deltaking 11,3 millionar kr i stønad.

ARION – studiebesøk for avgjerdstakarar:

Noreg vart i perioden 2000 - 2001 tildelt 37 plassar på studiebesøk innanfor ARION-programmet. I tillegg arrangerte Noreg i 2000 tre kurs som var opne for utanlandske deltakarar.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (KUF) har det overordna ansvaret for norsk deltaking i Sokrates. For både Sokrates 1995-1999 og Sokrates 2000-2006 har KUF gjeve Universitets- og høgskulerådet ansvaret for å administrere og koordinere programmet. Administrasjons- og koordineringsoppgåvene blir gjorde av Senter for internasjonalt universitetssamarbeid (SIU) som er Universitets- og høgskulerådets internasjonale avdeling.

KUF har også oppnemnt fire rådgjevande nasjonale utval for Sokrates:

?? Nasjonalt utval for Sokrates og Leonardo da Vinci

-
- ?? Nasjonalt utval for Erasmus
Deltakarar: Universiteta og høgskulane, Akademikarane, NHO, NSU.
Observatør frå KUF
 - ?? Nasjonalt utval for Comenius og Lingua
Deltakarar: LO, NHO, Kommunenes Sentralforbund, Lærarforbundet, Norsk lærarlag, Elevorganisasjonen. Observatør frå KUF
 - ?? Nasjonalt utval for Grundtvig og Minerva
LO, NHO, AF, Norsk lærarlag, Vaksenopplæringsforbundet, Norsk fjernundervisningsforbund, Folkehøgskolerådet, Universitets- og høgskolerådet

Noreg er også representert i rådgjevande komitear som EU har oppnemnt i samband med Sokrates. Frå norsk side deltek det representantar frå KUF i programkomiteen.

SIU har bygd opp eit omfattande apparat for å ta vare på ei norsk deltaking i Sokrates. På informasjonssida har SIU gjeve ut mange skriftlege publikasjonar. Den største satsinga er avisa *Europavegen* som blir gjeve ut i samarbeid med dei to andre norske nasjonalkontora for ungdomsprogramma til EU og blir distribuert i eit opplag på 50 000 eksemplar. SIU har også utvikla eit stort informasjonstilbod over Internett, i tillegg til fleire databasar og distribusjons lister. Andre viktige kanalar for informasjon og profilering av Sokrates har vore arrangement og deltaking på kurs, konferansar og seminar om utdanningsprogramma til EU, dessutan deltaking i ulike nettverksamband i inn- og utland.

Som nasjonalt kontor i Sokrates har SIU ansvar for å fordele midlar som Noreg får direkte tilbakeført frå EU. For 2000 fordelte SIU ca. 22 millionar kroner til norske deltakarar i Erasmus og Comenius.

For somme av tiltaka som sorterer under "Gjennomgåande tiltak" i Sokrates 1995-1999, og som vil sortere under "Tiltaksområdet for observasjon og innovasjon" i Sokrates 2000-2006, har organ utanfor SIU ansvar for oppfølging og drift. Det gjeld EURYDICE-nettverket der ei særskild EURYDICE-eining er oppretta under Administrasjonsavdelinga i KUF. I Nettverket av nasjonale informasjonssenter for godkjenning av høgare utdanning (NARIC) er Noregsnettrådet norsk deltakar.

Dei relevante norske miljøa som har ansvar for å følgje opp Sokrates, kan kontaktast på desse adressene:

Senter for internasjonalt universitetssamarbeid (SIU)
Postboks 7800
5020 Bergen
Telefon: 55 54 67 00
Telefaks: 55 54 67 20/21
E-post: siu@siu.no
Vevsider: <http://www.siu.no/>

EURIDYCE:
Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet
Administrasjonsavdelinga
EURYDICE-enheten
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo
Tlf.: 22 24 74 39
Faks: 22 24 27 30

NARIC:
Noregsnettrådet - NAIC
Postboks 8150 Dep
0033 Oslo
Tlf.: 21 02 18 60
Faks: 21 02 18 02
E-post: NAIC@nnr.no
Vevsider: <http://www.nnr.no/naic/>

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Frå EU blir Sokrates styrt og administrert av Generaldirektoratet for utdanning og kultur i Europakommisjonen (tidlegare DG XXII), direktorat A "Utdanning". Europakommisjonen blir assistert av ein programkomité og tre underkomitear på områda Higher Education (Erasmus), School Education (Comenius) og Horizontal Measures. I program- og underkomiteane deltek det representantar frå alle deltakande land i Sokrates.

Generaldirektoratet for utdanning og kultur er også ansvarleg for å handsame søknader på område som ikkje er delegerte til dei nasjonale kontora. I den tekniske forvaltninga av Sokrates får Kommisjonen hjelp av eit eige Kontor for teknisk assistanse for Sokrates og Ung i Europa. Frå dette kontoret kan interesserte få tilsendt søkjarrettleiing for dei ulike aksjonane. Mykje informasjon er også lagt ut på Europaservaren på adressa:
<http://europa.eu.int/comm/education/socrates.html>

Nettverket for å utveksle informasjon om utdanning i EU og EØS (EURYDICE) har ei eiga vevside med adressa: <http://www.eurydice.org/>

EU-organa som administrerer Sokrates kan kontaktast på denne adressa:

European Commission
Directorate General for Education and Culture
Directorate A: Education
Rue dei la Loi 200/Wetstraat 200
B-1049 Brussels
Belgium

TAO Sokrates (Technical Assistance Office)
59-61 rue dei Trèves
B-1000 Bruxelles
Tlf.: +32 2 233 01 11

Faks: +32 2 233 01 50
E-post: info@socrates-youth.be

Eurydice – European Unit
Rue d'Arlon 15
B-1050 Bruxelles
Tlf.: +32 2 238 30 11
Faks: +32 2 230 65 62
E-post: info@eurydice.org

Leonardo da Vinci

Leonardo da Vinci er EU sitt handlingsprogram for yrkes- og profesjonsutdanning på alle nivå. Det deltek i alt 30 land i Leonardo da Vinci: dei 15 EU-landa, EFTA-EØS-landa Island, Liechtenstein og Noreg og desse sentral- og øst- og sør-europeiske landa: Romania, Ungarn, Tsjekkia, Kypros, Polen, Slovakia, Latvia, Estland, Litauen, Bulgaria, Slovenia og Malta. Det er også ope for at Tyrkia kan delta i programmet og landet vil truleg slutte seg til Leonardo i 2001.

Ved utgangen av 1999 vart det første Leonardo-programmet avslutta. Likevel vil somme prosjekt halde fram ei tid etter den formelle avslutninga av programmet. Leonardo da Vinci I hadde gått sidan 1995. Røynslene frå det første Leonardo-programmet var svært positive og i 1998 fremja difor Europakommisjonen forslag om å vidareføre Leonardo da Vinci i ein sjuårsperiode frå 1. januar 2000 til 31. desember 2006. Europakommisjonens framlegg til rammer og innhald i Leonardo da Vinci II vart formelt vedteke av Rådet 26. april 1999. EFTA-EØS-landas deltaking i Leonardo da Vinci II vart vedteke i EØS-komiteen i november 1999.

Det er berre gjort mindre innhaldsmessige endringar i Leonardo da Vinci II samanlikna med Leonardo da Vinci I. Dei viktigaste endringane gjeld forenkling av målsetjingar og tiltak og desentralisering av administrasjonen av programmet. Terskelen for å delta blir dermed lågare og informasjonsmengda mindre.

I programperioden for Leonardo da Vinci II vil det vere tre søknadsutlysingar: 2000, 2002 og 2004. Kvar utlysing vil fastsetje prioriteringar for programmet i den komande perioden. Det vil likevel vere årlege søknadsfristar og val av prosjekt.

I omtalen nedanfor vil vi ta utgangspunkt i strukturen som er fastlagd i Leonardo da Vinci II om ikkje noko anna nemnt.

Formål

Den overordna målsetjinga med Leonardo da Vinci er å medverke til betre kvalitet, oppmuntre til nyskapning og styrkje den europeiske dimensjonen ved å stø tverrnasjonalt samarbeid innanfor yrkes- og profesjonsopplæringa.

Programmet har tre hovudmålsetjingar:

1. Betre folks dugleik og kvalifikasjon, især for unge, i grunnleggjande yrkesutdanning på alle nivå

-
2. Betre kvaliteten i og tilgangen til yrkesmessig etter- og vidareutdanning og stimulere til livslang læring
 3. Fremje og styrkje yrkes- og profesjonsutdanninga for nyskapingsprosessen med tanke på å betre konkurranseevna og etablerarånda, mellom anna med tanke på å utvikle nye arbeidsplassar. I denne samanhengen vil det bli lagt spesiell vekt på å utvikle samarbeide mellom utdanningsinstitusjonar og små- og mellomstore bedrifter.

For å gjennomføre målsetjingane over skal ein særleg retta merksemda mot grupper som står svakt på arbeidsmarknaden.

Innhald

Det er definert seks område under Leonardo da Vinci II. I tillegg kjem området for supplerande tiltak som femner om midlar til administrasjon av programmet og ikkje inkluderer prosjektmidlar det kan søkjast om.

Område 1: Mobilitet

Stønad og stipend til tverrnasjonale mobilitetsprosjekt for personar under yrkes- og profesjonsutdanning og for undervisarar. Etter planen skal midlane som er stilt til rådvelde for mobilitet, gjere det mogeleg for omkring 250 000 personar å følgje undervisninga eller gjennomføre praktikantopphald i eit anna medlemsland. Det blir gjeve stønad til desse tiltaka:

- ?? Førebuing og gjennomføring av tverrnasjonale prosjekt som gjeld utdanningsopphald for:
 - ?? Personar under yrkesmessig grunnutdanning. Det blir normalt gjeve stønad til opphald på mellom tre veker og ni månader i yrkesutdanningsinstitusjonar eller i verksemder.
 - ?? Studentar. Stønad til opphald på tre til tolv månader i verksemder.
 - ?? Unge arbeidstakarar og nyleg ferdigutdanna. Stønad til opphald på to til ni månader i yrkesutdanningsinstitusjonar eller i verksemder.
- ?? Tilrettelegging av tverrnasjonale utvekslingsprosjekt mellom verksemder og yrkesutdanningsinstitusjonar og mellom verksemder og språkkopplæringsinstitusjonar
- ?? Studiebesøk for undervisarar på yrkesopplæringsområdet i regi av Det europeiske senter for utvikling av yrkesutdanning (CEDEFOP)

Mobilitetsprosjekta som får stønad under denne aksjonen kan ha ei tidslengd på maksimalt to år. Det kan løyvast opp til 5000 euro i stønad til kvar deltakar per utdanningsopphald eller per utveksling.

Aksjon 2: Pilotprosjekt

Stønad til tverrnasjonale pilotprosjekt for å fremje nyskaping og høgare kvalitet i yrkes- og profesjonsutdanninga, som bruk av informasjons- og kommunikasjons-teknologi (IKT).

Under denne aksjonen blir det også gjeve stønad til temaaksjonar på område med særleg interesse for fellesskapen, til dømes utvikle system for å attestere eller godskrive dugleik og yrkeserfaring, opplæringstiltak for personar som stiller svakt

i arbeidsmarknaden og utvikle europeiske, verksemdsorienterte yrkesrettleiings-, rådgjevings- og undervisningstenester.

For prosjekta under denne aksjonen kan det gjevast stønad på opptil 75 % av dei utgiftene som har rett på stønad, med eit tak på 200 000 euro per prosjekt per år. For temaaksjonane er stønadstaket 300 000 euro per prosjekt per år. Prosjekta kan motta stønad i maksimalt tre år.

Aksjon 3: Språkprosjekt

Stønad til tverrnasjonale pilotprosjekt som tek sikte på å styrkje yrkesrelevant språkopplæring og kulturforståing innanfor yrkesutdanninga. Det vil bli lagt særleg vekt på prosjekt som har som mål å styrkje undervisninga i lite utbreidde språk. Formålet med prosjekta må vere å utarbeide, utprøve, evaluere og spreie undervisningsmateriale og undervisningsmetodar som er tilpassa kvart fagområde og yrkessektor.

For prosjekta under denne aksjonen kan det ytast stønad på opptil 75 % av utgiftene som har rett på stønad, med eit tak på 200 000 euro per prosjekt per år. Prosjekta kan motta stønad i maksimalt tre år.

Aksjon 4: Utvikling av tverrnasjonale nettverk

Stønad til tverrnasjonale samarbeidsnettverk som kan medverke til å utveksle kunnskap, metodar, idear, røymsler og god praksis på yrkesutdanningsområdet. Deltakarar i nettverka kan vere lokale styresmakter, lokale handelskammer, partane i arbeidslivet, private og offentlege verksemder og dessutan forskings-senter og yrkesutdanningsinstitusjonar.

Nettverka kan motta opptil 50 % av utgiftene som har rett på stønad, med eit tak på 150 000 euro per nettverk per år. Nettverka kan motta stønad i maksimalt tre år.

Aksjon 5: Utvikling og ajourføring av referansemateriale

Stønad til prosjekt som har som mål å utarbeide, ajourføre eller spreie informasjon og god praksis i form av analysar, samanlikning av data og innsamling av informasjon om system i medlemslanda, praksis og metodar for yrkesutdanning.

Prosjekta kan motta mellom 50 og 100 % av utgiftene som har rett på stønad, med eit tak på 200 000 euro per prosjekt per år. I visse tilfelle kan stønadssummen aukast til 300 000 euro per år. Prosjekta kan motta stønad i maksimalt tre år.

Aksjon 6: Fellestiltak

Stønad til fellestiltak med andre EU-program og –aksjonar som har til formål å fremje eit kunnskapens Europa. Særleg gjeld dette program og aksjonar på områda utdanning og ungdom.

Fellestiltaka kan motta opptil 75 % av utgiftene, som har rett på stønad. Prosjekta kan motta stønad i maksimalt tre år.

Supplerande tiltak

Initiativ som tek sikte på å fremje målsetjingane i programmet og som ikkje har rett på stønad under dei andre aksjonane, kan få stønad under dette tiltaksområdet. Det gjeld:

- ?? Aktivitet i medlemsstatane i samband med forvaltning, samordning, tilsyn og evaluering av programmet
- ?? Tiltak som medlemsstatane og Europakommisjonen set i gang for å lette deltakinga i programmet og styrkje formidlinga av kunnskap og erfaringar som er opparbeidde i programmet
- ?? Tverrnasjonale nettverk av europeiske yrkesopplæringscenter
- ?? Internasjonalt samarbeid med tredjeland og internasjonale organisasjonar

Målgruppe

Leonardo da Vinci er ope for alle private og offentlege verksemder, organisasjonar og institusjonar som er involverte i eller har interesser i yrkes- og profesjonsopplæring.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 340, s. 8-24, 29.12.94 (Rådsavgjerd 94/819/EF av 6. desember 1994) (Leonardo da Vinci I)

EF-tidende nr. L 146, s. 33-47, 11.06.99 (Rådsavgjerd 99/382/EF av 26. april 1999) (Leonardo da Vinci II)

EØS-avtalens protokoll 31, art. 4 nr. 2

St. prp nr 31 (1999-2000)

Tidslengd

Leonardo da Vinci II: 1. januar 2000 til 31. desember 2006.

Økonomisk ramme

Leonardo da Vinci II: 1150 millionar euro. Fordelt på aksjonar skal minst 39 % av totalbudsjettet setjast av til mobilitetsprosjekt, minst 36 % til pilotprosjekt, minst 5 % til språkprosjekt og minst 15 % til dei andre aksjonane.

Leonardo da Vinci I: 620 millionar euro.

Kostnader for Noreg ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

For Leonardo da Vinci I har det over budsjettet til Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet (KUF) vorte løyvd desse summene til kontingent, nasjonal oppfølging av programmet og andre norske aktivitetar i tilknytning til programmet:

1995 ³ :	ca. 22 mill. kr
1996:	ca. 28 mill. kr
1997:	ca. 24 mill. kr
1998:	ca. 25 mill. kr
<u>1999:</u>	<u>ca. 27 mill. kr</u>
Sum:	ca.126 mill. kr

³ For 1995 kom løyvingane til Leonardo da Vinci og Sokrates frå ein felles budsjettpost i statsbudsjettet. Tala for 1995 er eit overslag for Leonardo da Vinci sin del av samleløyvinga til dei to programma.

For Leonardo II vart det i 2000 løyvd 26,4 mill. kr til å dekkje den norske kontingenten til programmet og kostnader i Noreg i samband med deltakinga i Sokrates II-programmet og andre norske aktivitetar i tilknytning til programmet.

I resultatrapporteringane frå budsjettproposisjonane til KUF og årsmeldingane til Teknologisk Institutt (TI) går det fram at norsk utteljing i form av talet på deltakarar og tilbakeførte midlar frå EU gjennomgåande har vore god. For oversyn over utbetalte summer til prosjekt med norsk deltaking, sjå punktet "norske deltakarar".

Supplerande finansieringskjelder

Deltakarar i prosjekt som har fått innvilga stønad gjennom Leonardo da Vinci kan søkje om supplerande finansiering frå andre kjelder, til dømes Statens nærings- og distriktsutviklingsfond - SND. Men det er ikkje oppretta særskilde nasjonale ordningar for supplerande stønad til norske deltakarar i Leonardo da Vinci.

Norske deltakarar

Tabellen viser talet på og løyvingar til norskkoordinerte prosjekt, i tillegg til talet på norske deltakarar og løyvingar til fordeling for mobilitetsprosjekt under Leonardo da Vinci I. I tillegg deltek norske miljø i andre lands prosjekt, og norske institusjonar og verksemder som deltek i mobilitetsprosjekt mottok også elevar og studentar frå sine samarbeidspartnarar i EU-landa. Noreg deltek også i Det europeiske senter for utvikling av yrkesutdanning (CEDEFOP), og sender kvart år norske ekspertar på studiebesøk dit.

År	Norskkoordinerte prosjekt	Stønadsbeløp prosjekt	Norske delt. i mobilitetsprosj. ⁴	Stønadsbeløp mobilitetsprosj.
1995	14	17,5 mill. kr	356	3,3 mill. kr
1996	15	17,5 mill. kr	240	3,8 mill. kr
1997	15	17,3 mill. kr	244	3,5 mill. kr
1998	11	13,0 mill. kr	241	3,2 mill. kr
1999	9	8,6 mill. kr	559	7,6 mill. kr
Totalt	64	73,9 mill. kr	1640	21,4 mill. kr

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

I Noreg er det Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (KUF) som har det nasjonale og politiske ansvaret for Leonardo da Vinci-programmet. For Leonardo da Vinci I har KUF gjeve Teknologisk Institutt i oppdrag å stå som vertsorganisasjon for den praktiske implementeringa av programmet i Noreg. For Leonardo da Vinci II lyste KUF i april 1999 ut ein anbodskonkurranse om nasjonal administrasjon av programmet. Hausten 1999 vedtok KUF at Teknologisk Institutt også skulle få i oppdrag å ta seg av administrasjonen av Leonardo da Vinci II frå 1. januar 2000.

⁴ Tala under mobilitetsprosjekt gjeld deltakarar i område I, utplasseringar og utvekslingar (elevar, lærlingar, unge arbeidarar, lærarar og instruktørar). Universitets- og høgskuleutvekslingar høyrde i første fase til under dei norskkoordinerte prosjekta, og Brussel hadde oppfølginga av desse, inkl. evt. statistikk.

KUF har oppretta eit felles nasjonalt utval for Leonardo da Vinci- og Sokrates-programma i Noreg, i tillegg til to underutval for Leonardo da Vinci som mellom anna skal stø departementet i å utvikle programmet, og delta i søknadsevalueringa i Noreg. Dei to underutvala har ei brei samansetjing med representantar frå ulike opplæringsmiljø og -nivå, i tillegg til partane i arbeidslivet, næringslivet og offentlege styresmakter.

Noreg er også representert i programkomiteen (Leonardokomiteen) med inntil to representantar frå KUF. Noreg har også rett til å møte i rådgjevande komitear som Europakommisjonen kan opprette i samband med Leonardo da Vinci. Ved årsskiftet 2000/2001 eksisterte det ingen rådgjevande komité for Leonardo da Vinci, men Noreg deltek i Advisory Committee for Vocational Training. Det er ein komité som ligg på eit overordna nivå, men har relevans for Leonardo da Vinci programmet.

Ved Teknologisk Institutt er det oppretta ei eiga eining, Leonardo Noreg, for nasjonal oppfølging av programmet. Leonardo Noreg har mellom anna til oppgåve å informere om programmet, koordinere søknadsbehandling, halde kontakt med aktuelle søkjarmiljø i Noreg og Europa, og med andre Leonardo-sekretariat, KUF og Europakommisjonen.

Leonardo Noreg har sett i verk fleire informasjonstiltak retta mot norske brukarar. Den største satsinga er avisa *Europavegen* som blir gjeven ut i samarbeid med dei to andre norske nasjonalkontora for EU sitt ungdoms- og utdanningsprogram og blir distribuert i eit opplag på 50 000 eksemplar. Leonardo Noreg har også publisert informasjonbrosjyrar og andre skriftlege publikasjonar, og har utvikla eit omfattande informasjonstilbod over Internett.

I Leonardo da Vinci II er rolla til dei nasjonale sekretariata med omsyn til søknadsbehandling utvida. Leonardo Noreg har eit hovudansvar for å administrere og tildele midlar til norske deltakarar i mobilitetsprosjekt (område 1). For pilotprosjekt, språkprosjekt og tverrnasjonale samarbeidsnettverk (områda 2, 3 og 4) samarbeider Leonardo Noreg med Europakommisjonen om søknadsbehandling og evaluering av prosjekt.

Leonardo Noreg kan kontaktast på denne adressa:

Teknologisk Institutt/Leonardo Noreg
Postbok 2608 St. Hanshaugen
0131 OSLO
Tlf.: 22 86 50 00
Faks: 22 20 18 01
E-post: leonardo@teknologisk.no
Internett: <http://www.teknologisk.no/leonardo/>

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Frå EU si side blir Leonardo da Vinci styrt og administrert av Generaldirektoratet for utdanning og kultur i Europakommisjonen (tidlegare DG XXII), direktorat B "yrkesopplæringspolitikk". Europakommisjonen blir assistert av ein programkomité som er sett saman av representantar for alle dei deltakande landa. Repre-

sentantar for partane i arbeidslivet deltek i programkomiteen som observatørar. Tidlegare eksisterte det også eit eige teknisk kontor (TAO) som stødde Europakommisjonen med søknadsbehandling og informasjon til brukarane. Det tekniske kontoret vart drive på kontraktbasis av eit konsulentfirma engasjert av Europakommisjonen. På grunn av avvik som vart oppdaga vinteren 1999, vedtok Europakommisjonen våren 1999 at Direktoratet for utdanning og kultur inntil vidare skulle ta seg av oppgåvene som TAO tidlegare hadde. I samband med det er det oppretta ein eigen Leonardo da Vinci seksjon. Frå 2001 har det atter vorte oppretta eit nytt TAO for å hjelpa til med søknadsbehandling. Dette kontoret er felles for Leonardo da Vinci, Sokrates og Ung i Europa.

Europakommisjonen er ansvarleg for søknadsbehandling og evaluering av prosjekt som gjeld utvikling av referansemateriale og fellestiltak (områda 5 og 6). For pilotprosjekt, språkprosjekt og tverrnasjonale samarbeidsnettverk (aksjonane 2, 3 og 4) samarbeider Europakommisjonen med dei nasjonale Leonardokontora i deltakarlanda om søknadsbehandling og evaluering av prosjekt.

Eit anna viktig organ i samband med Leonardo da Vinci er Det europeiske senter for utvikling av yrkesutdanning (CEDEFOP). Hovudoppgåva til senteret er å medverke til å utvikle yrkesopplæringa i EU gjennom utgreiings verksemd og diverse opplysnings- og opplæringstiltak, m.a. organisering av studiebesøk for undervisarar på yrkesopplæringsområdet som inngår som ein del av aksjon 1 i Leonardo da Vinci II.

Dei relevante EU-organa som administrerer Leonardo da Vinci kan kontaktast på desse adressene:

European Commission
Directorate General for Education and Culture
Directorate B: Vocational Training Policy
Leonardo da Vinci Section
200, rue de la Loi B-1049 BRUXELLES
Faks: +32.2.296.69.60
E-post: leonardo@cec.eu.int
Internett: <http://europa.eu.int/comm/education/leonardo.html>

CEDEFOP
PO Box 22427 - Finikas
GR-55102 Thessaloniki
Hellas
Tlf.: +30-31 490 111
Faks: +30-31 490 102
E-post: info@cedefop.gr
Internett: <http://www.cedefop.gr/>

Ung i Europa

(Youth)

Programmet "Ung i Europa" skal frå 2000 ta seg av programaktiviteten i EU som er retta mot mobilitetsfremjande tiltak for ungdom som ikkje kjem inn under utdanningsprogramma Sokrates og Leonardo da Vinci. Ung i Europa fører vidare dei tidlegare programma Youth for Europe (YfE) og Europeisk Volontørteneste (EV), som begge gjekk ut 31.12.99. I tillegg inneheld Ung i Europa fleire nye aksjonar og tiltak.

EU har opna for at til saman 31 land kan delta i Ung i Europa: dei 15 EU-landa, EFTA-EØS-landa Island, Liechtenstein og Noreg, dei sentral- og austeuropeiske landa Romania, Ungarn, Tsjekkia, Polen, Slovakia, Latvia, Estland, Litauen, Bulgaria, Slovenia og middelhavslanda Kypros, Tyrkia og Malta.

På grunn av usemje om innhaldet i og budsjettet for Ung i Europa-programmet lukkast det ikkje EU å formelt vedta programmet før 13. april 2000. Vedtaket tok likevel til å gjelde frå 1. januar 2000. EFTA-EØS-landa si deltaking i Ung i Europa vart vedteke i EØS-komiteen i august 2000. Vedtaket innebar at EØS-landa deltek frå oppstarten av programmet 1. januar 2000.

Formål

Den overordna målsetjinga med Ung i Europa-programmet er å gje unge menneske sjansen til å tileigne seg kunnskap og røynsle slik at kvar einskild får best mogeleg føresetnader til å utøve eit aktivt europeisk medborgarskap. Programmet skal forsterke solidariteten mellom ungdom ved å la dei delta i fleirnasjonal og allmennyttig verksemd, å fremje aktiv ungdomsdeltaking i Europa gjennom tradisjonell utvekslingsverksemd og å oppmuntre initiativ, iverksetjingsånd og kreativitet.

Innhald

Ung i Europa-programmet inneheld i alt fem delprogram/aksjonar:

1. Ungdom for Europa – gruppeutveksling

Denne aksjonen er ei vidareføring av aksjon A1 "Gruppeutveksling for ungdom" i det frittståande EU-programmet Youth for Europe som har vore i drift sidan 1988 og vart avslutta 31.12.99. Siktemålet med aksjonen er å stø utvekslingsaktivitetar med ei pedagogisk ramme. Aktivitetane er baserte på partnerskap mellom grupper av unge menneske i dei deltakande landa. Desse krava er sett til prosjekta som får stønad:

- ?? Ungdomane som deltek i utvekslingsaktivitetar må vere mellom 15 og 25 år (kan avvikast i avgrensa omfang dersom særlege omsyn taler for det)
- ?? Aktivitetar kan vere i landa som deltek i programmet eller mellom deltakarland og tredjeland i Aust-Europa, Nord-Afrika, Midtausten og Latin-Amerika
- ?? For å kunne få stønad må det delta minst eitt EU-land i prosjekt mellom deltakarlanda i programmet og minst to EU-land i prosjekt som involverer tredjeland
- ?? Aktivitetane som får stønad må vare i minst éi veke

?? Prosjekt som involverer tre eller fleire land vil bli prioriterte (multilaterale prosjekt)

Sendegrupper kan få stønad til 70 % av faktiske reiseutgifter (billigaste reise-måte), dessutan ein eingongssum på 4000,- kr per prosjekt til førebuingar. Verts-grupper kan få stønad til førebuingar, 4000,- kr per prosjekt, i tillegg til program-kostnader (kost, losji og aktivitetskostnader), 8000 kr per prosjekt + 200 kr per deltakar per dag.

2. Europeisk volontørtjeneste

Denne aksjonen fører vidare hovuddelen av det frittståande EU-programmet "Europeisk Volontørtjeneste", som har vore i drift frå 1996, først som eit pilot-program i 1996-97 og seinare som eit ordinært program i 1998-99. Siktemålet med aksjonen er å gje ungdom høve til å delta i frivillig arbeid på eit prosjekt i eit av dei deltakande landa eller i eit tredjeland i Aust-Europa, Nord-Afrika, Midt-austen og Latin-Amerika. Målsetjinga er at ungdom kan skaffe seg interkulturell røynsle og nye kunnskapar gjennom opphaldet som volontør. Prosjekta skal også medverke til å utvikle lokalsamfunna der dei går føre seg.

Eit prosjekt er basert på partnarskap mellom tre partar: Volontøren som reiser ut, organisasjonen som sender volontøren ut, og organisasjonen som er vertskap for ein ungdom frå eit anna land. Det er eit krav at organisasjonen som sender ut eller organisasjonen som er vertskap, må høyre heime i eit EU-land. Det medfører at norske deltakarar *berre* kan sende volontørar til EU-land.

Elles vert det sett desse krava til prosjekta som får stønad:

- ?? Tidslengd på mellom tre veker og eitt år
- ?? Volontøren skal vere mellom 18 og 25 år
- ?? Verken prosjekta eller deltakande organisasjonar kan ha kommersielle formål
- ?? Arbeidsoppgåvene som volontøren utfører må ikkje trengje bort ordinære løna arbeidsoppgåver

Senderorganisasjonen kan få stønad til utanlandsreisa for voluntørane (100 % av faktiske kostnader), administrasjonsstønad (fast sum på 4800 kr + 160 kr per månad) og dekking av særskilde kostnader dersom volontøren har spesielle behov. Vertsorganisasjonen får dekt lommepengane for voluntøren, fastsett av vertslandet, stønad til vertsaktivitet (4800 kr + 2400 kr per månad) og særskilde kostnader dersom volontøren har spesielle behov. Dersom vertsorganisasjonen arrangerer kurs når voluntørane kjem, blir det gjeve ein eingongssum på 6000 kr per volontør (for kurs i fem dagar).

3. Ungdomsprosjekt

Aksjonen fører vidare stønad til ungdomspilotprosjekt under Youth for Europe-programmet og delprogrammet "Framtidskompetanse" under Europeisk Volontørtjeneste. Under denne aksjonen blir det gjeve stønad til fleire ulike prosjekt der unge menneske deltek aktivt og direkte i nyskapande og kreative tiltak. Døme på område der ein kan få stønad til tiltak, er antirasisme, miljø, kultur og ungdomsinformasjon. Tiltaka kan gjerne byggje på erfaringar frå utvekslingar og/eller opphald som volontør, og det blir lagt vekt på at tiltaka har

eit samfunnsnyttig og sosialt tilsnitt. Prosjekta som blir støtta, kan gå føre seg på lokalt, regionalt, nasjonalt eller europeisk nivå, men stønaden er utforma slik at han oppmuntrar til samarbeid og utviding av prosjekta til å omfatte fleire deltakande statar. Innanfor denne aksjonen kan både individ og grupper søkje om stønad. Prosjekta skal normalt ha ei tidslengd på mellom tre og tolv månader.

Prosjekt under dette aksjonsområdet kan få frå 20 000,- til 80 000,- kr i stønad.

4. Samarbeidsprosjekt med andre EU-program

Prosjekt som tek sikte på å knyte saman ikkje-formell og formell utdanning gjennom samarbeidstiltak mellom Ung i Europa, Sokrates og Leonardo da Vinci, er prioriterte. Under denne aksjonen vil det også bli gjeve stønad til å utvikle eit felles europeisk system for informasjon om, observasjon og spreing av nyskapande arbeidsmåtar og god praksis på områda kunnskap og livslang læring. Endeleg får fellesprosjekt med multimedium i utdannings- og opplæringsformål stønad.

Denne aksjonen vil starte opp i 2001. Førebels er storleiken på stønaden som kan gjevast til prosjekt under aksjonen, ikkje avklart.

5. Opplæring, informasjon og nettverk

Under denne aksjonen vil det bli gjeve stønad til utdanning av, studiebesøk, seminar og nettverk for ungdomsleiarar, uavhengig av alder, dessutan stønad til ungdomsinformasjon og ungdomsforskning. Hovudkriteriet for stønad er at prosjektet i ei eller anna form skal fungere som eit stønadstiltak for andre delar av Ung i Europa-programmet.

For studiebesøk og jobbospitering blir 100 % av reiseutgiftene dekte, pluss ein fast sum per deltakar som varierer mellom 400 og 1200 kr per døgn. For andre prosjekt under aksjonen blir vanlegvis 50 % av dei totale kostnadene dekte.

Sams for alle aksjonane/delprogramma er at prosjektet må involvere minst eitt EU-land. Det vil vere mogleg å søkje stønad frå dei fleste av delprogramma så lenge programmet varer. På eitt år er det vanleg med tre til fem søknadsfristar alt etter kva tid prosjektet det skal søkjast pengar til, skal byrja. For fleirtalet av delprogramma skal søknader sendast til og behandlast av dei nasjonale sekretariata.

Målgruppe

Ung i Europa-programmet er retta mot ungdom i aldersgruppa 15 til 25 år og personar som er involverte i ungdomsarbeid på frivillig eller yrkesmessig basis. I hovudsak blir det gjeve prosjektstønad til ungdomsorganisasjonar, kommunar, fritidsklubbar og andre organiserte grupper, men innanfor somme aksjonar kan det også gjevast stønad til enkeltpersonar.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 117, s. 1-10, 18.5.00 (Parlaments- og rådsavgjerd 2000/1031/EF av 13. april 2000)

EØS-avtalens protokoll 31, art. 4 nr. 2

St. prp. nr. 80 (1999-2000)

Tidslengd

1. januar 2000 til 31. desember 2006.

Økonomisk ramme

520 millionar euro for heile programperioden.

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

Tabellen viser løyvde summar til kontingent, administrasjon og norsk oppfølging av programma Youth for Europe og Europeisk volontørteneste, i tillegg til refusjonar frå Europakommisjonen (alle beløp i millionar kr):

<i>Program\år</i>	1994	1995	1996	1997	1998/ 99	1999/ 2000	Sum
Youth for Europe	1,6	2,8	3,3	3,0	3,5	4,5	18,7
Europeisk volontørteneste				1,2	3,4	3,5	8,1
Norsk sekretariat: Atlantis ungdomsutv. SUAK	0,7	1,0	1,3	1,7 0,2	3,0	3,4	4,7 6,6
Refusjon frå Europa- kommisjonen:					0,7	1,2	1,9

I perioden 1994–1997 vart sekretariatsoppgåvene for Youth for Europe og Europeisk volontørteneste gjorde av stiftinga Atlantis ungdomsutveksling. I den perioden Atlantis ungdomsutveksling hadde sekretariatsansvaret, vart det løyvde i alt ca. 4,7 mill kr over budsjetta til Barne- og familiedepartementet. I tillegg mottok Atlantis ungdomsutveksling refusjon av utgifter frå Europakommisjonen. For Youth for Europe utgjorde refusjonane frå Europakommisjonen 30 % av kostnadene i samband med drifta av det norske sekretariatet og for Europeisk volontørteneste 100 % av kostnadene for 1997 og 70 % av kostnadene for 1998 og 1999.

Frå og med 1998 vart sekretariatsoppgåvene for dei to programma overført til Statens ungdoms- og adopsjonskontor (SUAK), som er eit statsorgan underlagt Barne- og familiedepartementet. I perioden 1997 til 2000 hadde SUAK utgifter på i alt 6,6 millionar kr til administrasjon av programma. Denne summen inkluderer også utgiftene til deltakinga i informasjonsnettverket Eurodesk. Refusjon av utgifter frå Europakommisjonen kjem frå 1998 fram som ein særskild inntektspost i statsbudsjettet og summene står i skjemaet ovanfor.

For Ung i Europa-programmet utgjer den norske kontingenten 1,7 % av totalramma. I absolute tal vil bidraget frå Noreg utgjere ca. 72,5 mill kr for heile programperioden eller ca. 10,2 millionar kr per år i dei sju åra programmet varer. I tillegg er det venta at norske styresmakter løyver midlar til å administrere programmet. Desse kostnadene femner om to nasjonale ekspertar som blir stilt til rådvelde for Europakommisjonen og tilskot til drifta av det norske sekretariatet som underlagt SUAK. Utgiftene til drifta av det norske sekretariatet blir delvis

refundert av Europakommisjonen. Kostnadene i samband med dei to norske ekspertane er vurdert til ca. 1,9 mill. kr årleg. Tilskotet til SUAK for å administrere Ung i Europa-programmet vil utgjere 4 og 5 millionar kr årleg, der ca. 25 % blir refundert frå Europakommisjonen. Oversyn over utbetalingar til dei enkelte prosjekta finn ein i databasen "Youth Link". Denne databasen er ikkje offentleg tilgjengeleg, men opplysningar herifrå kan skaffast på førespurnad til SUAK.

Supplerande finansieringskjelder

Alle som søker midlar frå Ung i Europa står fritt til å skaffe seg supplerande finansiering til dømes i form av sponsoravtalar, stønad frå næringslivet og kommunane, lokale fondsmidlar og eigne innsamlingsaksjonar.

Norske deltakarar

Tabellen viser talet på prosjekt og deltakarar i programma Youth for Europe og Europeisk volontørteneste i perioden 1994 til 1998.

<i>Program\år</i>	1994	1995	1996	1997	1998	Sum
Youth for Europe						
Prosjekt:	37	55	75	65	83	315
Norske deltakarar:	621	1190	1154	915	1099	4979
Europeisk volontørteneste						
Utsende volontørar:				15	13	28
Mottekne volontørar:				0	8	8

Den norske utteljinga, i form av talet på deltakarar og tilførte midlar frå Europakommisjonen til fordeling til norske søkjarar til programma Youth for Europe og Europeisk volontørteneste, blir vurdert som svært god sett i høve til summane som Noreg har ytt til programma.

Når det gjeld Ung i Europa ligg det førebels ikkje føre statistikk. Men døme på prosjekt er tilgjengeleg på vevstaden: <http://www.ungieuropa.net/>

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

I Noreg er det Barne- og Familiedepartementet (BFD) som har det nasjonale og politiske ansvaret for den norske deltakinga i Ung i Europa-programmet, og for dei tidlegare programma Youth for Europe og Europeisk volontørteneste. BFD har delegert den jamlege administrasjonen og koordineringa av programma til Statens ungdoms- og adopsjonskontor (SUAK).

BFD representerer Noreg i programkomiteen til Ung i Europa. Noreg har også utplassert to nasjonale ekspertar i Europakommisjonen knytte opp til arbeidet med Ung i Europa. Fram til utgangen av 2001 er det Kristin Aalstad og Oddbjørn Hauge som har desse stillingane. Dei er begge tilknytte Europakommisjonens generaldirektorat for utdanning og kultur, direktorat D5. Dei kan kontaktast på desse tlf. og e-post:

Kristin Aalstad
 Tlf.: +32 2 295 86 02
 E-post: kristin.aalstad@cec.eu.int

Oddbjørn Hauge
Tlf.: +32 2 296 03 90
E-post: oddbjorn.hauge@cec.eu.int

SUAK har sett i verk fleire informasjonstiltak med ungdom som målgruppe. Den største satsinga er avisa *Europavegen* som blir gjeve ut i samarbeid med dei to andre norske nasjonalkontora for EUs ungdoms- og utdanningsprogram og blir distribuert i eit opplag på 50 000 eksemplar. SUAK gjev også ut eit eige nyheitsbrev, *UNG i Europa*. Elles har SUAK også publisert fleire informasjonbrosjyrar og andre skriftlege publikasjonar, og har utvikla eit breitt informasjons tilbod over Internett gjennom tenesta <http://www.ungieuropa.net/>

SUAK deltek på og arrangerer fleire nettverksaktivitetar, som konferansar og kontaktmøte retta mot aktuelle miljø i Noreg og i dei andre deltakande landa. SUAK deltek også i informasjonsnettverket *Eurodesk*, som er sett saman av meir enn 150 informasjonseiningar i 23 land. Hovudoppgåva til Eurodesknettverket er å informere ungdom om høve til utdanning, opplæring og utveksling, både nasjonalt, i andre europeiske land og gjennom ulike program og stønadsordningar på EU-nivå. Eurodesk er finansiert gjennom ungdomsprogrammet til EU.

SUAK har, i tillegg til ansvar for den jamlege administrasjonen og koordineringa av det norske sekretariatet, også ansvar for ein stor del av søknadsbehandlinga for Ung i Europa. Forvaltninga av desentraliserte midlar blir gjort etter kontrakt med Europakommisjonen som også dekkjer delar av dei administrative kostnadene for SUAK. BFD er klageinstans for vedtak som SUAK gjer om tilskot til utvekslingar.

SUAK kan kontaktast på denne adressa:

Statens ungdoms- og adopsjonskontor
Undoms- og informasjonsseksjonen
Postboks 8113 Dep
0032 Oslo
Tlf. 22 24 25 93
Faks: 22 24 95 23
E-post: suak@suak.dep.no
Internett: <http://www.suak.no/> (informasjon om SUAK)
<http://www.ungieuropa.net/> (informasjon om Ung i Europa)

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Frå EU si side blir Ung i Europa styrt og administrert av Generaldirektoratet for utdanning og kultur i Europakommisjonen (tidlegare DG XXII), direktorat D "Borgar i EU. Ungdomsspørsmål". Europakommisjonen blir assistert av ein programkomité der alle deltakande land i programmet er representerte.

Generaldirektoratet for utdanning og kultur er også ansvarleg for å handsame søknader på område som ikkje er delegert til dei nasjonale kontora. I den tekniske forvaltninga av ungdomsprogramma får Europakommisjonen hjelp av eit eige "Kontor for teknisk assistanse for Sokrates, Leonardo da Vinci og ungdomsprogramma".

Organa som administrerer Ung i Europa på EU-nivå kan kontaktast på desse adressene:

European Commission
DG Education and Culture
Directorate D - Youth
200 rue dei la Loi
B-1049 Brussels
e-post: youth@cec.eu.int
Internett: <http://europa.eu.int/comm/education/youth.html>

SOCRATES, Leonardo da Vinci & YOUTH Technical Assistance Office
Youth Department
Rue Montoyer, 70
B - 1000 BRUSSELS
Tlf.: +32-2 233 01 11
Faks: 32-2 233 01 50
E-post: youth@socrates-youth.be

Som nemnt under omtalen av SUAK er det i samband med EUs ungdoms program oppretta informasjonsnettverket *Eurodesk*. Førespurnader kan gjerast til dei nasjonale kontaktpunkta i nettverket. Eit oversyn over dei deltakande institusjonane i nettverket og informasjon om ulike program og organisasjonar med relevans for ungdom finn ein på vevadressa: <http://www.eurodesk.org/>

European Pathways/Europass

European Pathways/Europass er eit nytt tiltak som starta opp 1. januar 2000, og som supplerer eksisterande program på utdannings- og opplæringsområdet. Aktiviteten skal fremje mobilitet i yrkesopplæring på alle utdanningsnivå ved å betre tilhøva for utplasseringar i utlandet for personar i alle aldrar.

EU har opna for at til saman 16 land i tillegg til dei 15 EU-landa kan delta i European Pathways. Det er EFTA-EØS-landa og søkjarlanda i Sentral- og Aust-Europa i tillegg til Kypros, Malta og Tyrkia. EFTA-EØS-landas deltaking vart formelt vedteke i EØS-komiteen 31. mars 2000.

European Pathways er ikkje ei stønadsordning som kan finansiere opphald i utlandet. Slik finansiering kan likevel skaffast til veges frå andre EU-program, særleg Leonardo da Vinci-programmet.

Formål

Ei hovudmålsetjing for European Pathways er å styrkje samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonar og bedrifter, og å oppmuntre til at elevar/lærlingar/studentar i yrkesfag i opplæringstida tek minst éin praksisperiode i eit av dei andre landa som deltek i programmet.

Ved å ferde ut dokumentet "Europass-opplæring" skal ordninga medverke til at innhaldet i praksisperiodar i eit anna land blir meir synleg og tilgjengeleg ved at

det kan dokumenterast innanfor ei felles europeisk ramme. I tilknytning til dette dokumentet er det utforma visse felles prinsipp for organiseringa av praksisperiodar i utlandet som ein integrert del av opplæringa i heimstaten – såkalla europeiske utdanningsvegar.

Innhald

Europass-opplæring skal dokumentere at ein person som gjennomgår yrkesretta vekselopplæring⁵ har hatt ein eller fleire opplæringsperiodar i ein annan deltakarstat enn der personen får opplæring. Dokumentet viser kva opplæring vedkomande har vore gjennom. Bruk av dokumentet er frivillig og vil ikkje erstatte formell godkjenning av utdanning i Noreg eller andre deltakande land.

Bruk av Europass-opplæring går ut frå at praksisperiodar blir organiserte etter desse grunnleggjande prinsippa:

- ?? Opphaldet i eit anna europeisk land skal utgjere ein del av opplæringa som blir gjeve i heimstaten i samsvar med lovgjevinga som gjeld i staten, framgangsmåtar eller praksis
- ?? Det organet som har ansvaret for å organisere opplæringa i heimstaten skal saman med vertspartnaren bli samde om innhald, mål, tidslengd og gjennomføring for den europeiske utdanningsvegen.
- ?? Den europeiske utdanningsvegen skal gjennomførast under tilsyn av ein rettleiar

I alle land som deltek i tiltaket skal det nemnast opp eit organ som skal koordinere og gjennomføre på nasjonalt nivå. Det skal skje i samarbeid med partane i arbeidslivet og aktuelle organisasjonar som er involverte i opplæring i arbeidslivet. Dei nasjonale organa har ansvar for å skrive ut Europass-opplæring til personar som fullfører ein europeisk utdanningsperiode.

Målgruppe

Elevar, lærlingar og studentar som har gjennomgått ein praksisperiode i eit EØS-land som ein lekk i yrkesopplæringa.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 17, s. 45-50, 22.01.99 (Rådsavgjerd (EF) nr. 51/1999, 21. desember 1998).

EØS-avtalens protokoll 31, art. 4 nr. 2
St. prp. nr. 50 (1999-2000)

Tidslengd

1. januar 2000 – 31. desember 2004.

Økonomisk ramme

7,3 millionar euro i heile programperioden.

⁵ Med vekselopplæring meiner ein her opplæring som både femner om skuleopplæring og praksisperiodar.

Norsk del

Den norske kontingentdelen svarar til ca. 1,8 % av det totale budsjettet for programmet eller ca. 1,1 millionar kr fordelte gjennom heile tida programmet varer. I tillegg kjem utgifter til etablering og drift av eit norsk organ for koordinering og gjennomføring på nasjonalt nivå.

Supplerande finansieringskjelder

Opphaldet til deltakarane i utlandet må finansierast frå andre hald, til dømes gjennom Leonardo da Vinci-programmet.

Norske deltakarar

Førebels ingen. Utoverretta aktivitetar mot brukarar i Noreg vil starte opp i 1. halvår av 2001.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Det nasjonale og politiske ansvaret for norsk deltaking i European Pathways ligg i Kyrkje- utdannings- og forskingsdepartementet (KUF). Administrasjonen av programmet blir gjort av avdeling for vidaregåande opplæring i KUF.

KUF har oppnemnt Teknologisk Institutt/Leonardo Noreg som ansvarleg organ for koordinering og gjennomføring på nasjonalt nivå. Denne oppfølginga skal skje i samarbeid med partane i arbeidslivet og aktuelle organisasjonar som er involverte i opplæring i arbeidslivet. Ved årsskiftet 2000/2001 var Teknologisk institutt i ferd med å starte opp arbeidet med å informere om programmet mot norske brukarar. Teknologisk Institutt skal mellom anna arrangere eit seminar for å lansere programmet, det er utarbeidd ein informasjonsbrosjyre, og det er lagt ut informasjon på Internett.

Teknologisk Institutt/Leonardo Noreg kan kontaktast på denne adressa:

Teknologisk Institutt/Leonardo Noreg
Postboks 2608 St. Hanshaugen
0131 OSLO
Tlf.: 22 86 50 00
Faks: 22 20 18 01
E-post: leonardo@teknologisk.no
Vevsider: <http://www.teknologisk.no/leonardo/>

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Frå EU si side skal European Pathways styrast og administrerast av Generaldirektoratet for utdanning og kultur i Europakommisjonen (tidlegare DG XXII), direktorat B "yrkesopplæringspolitikk". I samarbeid med dei deltakande statane skal Europakommisjonen analysere og overvake framdrifta i programmet i tillegg til å etablere eit gjensidig informasjonssystem.

Generaldirektoratet for utdanning og kultur kan kontaktast på denne adressa:

European Commission
Directorate General for Education and Culture
Directorate B: Vocational Training Policy
200, rue de la Loi, Wetstraat

B-1049 BRUXELLES/BRUSSEL

E-post: europass@cec.eu.int

Vebsider: http://europa.eu.int/comm/education/europass/index_en.html

Det europeiske språkåret 2001

Europarådet og EU har proklamert 2001 som Det europeiske språkåret. Utgangspunktet er prinsippet om at språkkunnskapar er viktige for gjensidig forståing, kulturinnsyn, demokratisk stabilitet, arbeid og mobilitet. Alle land som er medlemmer av EU og/eller Europarådet kan delta i aktivitet under programmet, men det er berre søkjarar frå EU- og EØS-landa som kan søkje stønad frå Europakommisjonen. Andre land må søkje stønad frå Europarådet.

Formål

Språkåret 2001 skal medverke til å styrkje medvitet om kor mykje språkoppplæringa har å seie for gjensidig forståing og toleranse, respekt for identitet og kulturelt mangfald. Målsetjingane er at språkåret skal medverke til å fokusere på at språkmeistring er nødvendig for å kunne delta aktivt i dei demokratiske prosessane i Europa, og for arbeid og mobilitet. Sentrale målsetjingar for språkåret er å:

- ?? Styrkje medvitet om det språklege og kulturelle mangfaldet i Europa
- ?? Motivere europeiske innbyggjarar til å lære fleire språk, også dei som er mindre nytta
- ?? Informere om språkoppplæring
- ?? Stø opp om og oppmuntre til livslang læring
- ?? Fokusere på det positive aspektet av å meistre fleire språk
- ?? Medverke til mobilitet i Europa

Innhald

Språkåret inneheld to hovudelement; ein opplysningskampanje på EU-nivå og samfinansiering av prosjekt frå deltakande statar. Når det gjeld søknader om prosjektstønad frå aktørar i dei deltakande statane, kan prosjekt som fremjar målsetjingane på desse områda motta stønad:

- ?? Prosjekt som skaper medvit om og markerer det språklege og kulturelle mangfaldet i Europa
- ?? Prosjekt som fremjar læring og bruk av framandspråk
- ?? Prosjekt som skaper medvit om dei faglege og økonomiske fordelane ved å lære framandspråk
- ?? Prosjekt som stø opp om og oppmuntrar til livslang læring av framandspråk
- ?? Prosjekt som formidlar kunnskap om og tilgangen til nyskapande metodar for framandspråkoppplæring
- ?? Prosjekt som arrangerer konkurransar og deler ut prisar i samband med framandspråkoppplæringa

Prosjekta kan motta opptil 50 % av utgifter som har rett på stønad. Stønadssummene vil normalt variere frå 10 000 til 100 000 euro (ca. 82 000 til 820 000 kr). Organisasjonar, studieforbund, skular og liknande kan søkje om stønad, men ikkje privatpersonar. Prosjekta må gjennomførast innan utgangen av 2001.

Søknader om stønad skal sendast til nasjonale koordinerande organ i dei landa som deltek i språkåret.

Alle land som deltek i språkaktivitetane blir også oppmoda om å setje søkjelyset på det språklege mangfaldet i sitt eige land. I samband med dette er det oppretta nasjonale komitear for å følgje opp språkåret i alle dei deltakande landa.

Målgruppe

Språkåret 2001 har ei spesiell adresse til foreldreorganisasjonar, ungdomsorganisasjonar og lærarorganisasjonar for å stø opp om felles initiativ i språkoppplæringssamanheng. Undervisningsinstitusjonar, lokale og regionale organisasjonar, kulturorganisasjonar, partane i arbeidslivet, forskingssenter, bedrifter og faglege organ er også innanfor målgruppa til språkåret. Politikktutformarar blir også oppmoda til å finne felles løysingar i utforminga av språkpolitikk.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 232, 14/09/2000 (Rådsavgjerd 2000/1934/EF av 17. juli 2000)

EØS-avtalens protokoll 31, art. 4 nr. 2

Det er ikkje blitt fremja stortingsproposisjon i samband med programmet i og med at tiltaket avgrensar seg til eitt budsjettår. Men tiltaket er omtala i "Kommentert liste til Stortinget", 15. desember 2000. Lista er tilgjengeleg via EØS-lina som Utanriksdepartementet har på Internett.

Tidslengd

1. januar til 31. desember 2001.

Økonomisk ramme

Språkåret har eit budsjett på 8 millionar euro (ca. 65,6 millionar kr) for 2001. Av dette budsjettet er 4,35 millionar euro (ca. 35,7 millionar kr) sett av til samfinansierte prosjekt.

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

Den norske kontingenten for å delta i språkåret blir ca. 1,2 millionar kr for 2001. Det norske bidraget blir gjeve over budsjettet til Kyrkje, utdannings- og forskingsdepartementet (KUF). For 2000 løyvde KUF 388 000 kr til førebuingsarbeidet for språkåret. Noreg har også støtta arbeidet Europarådet har hatt med språkåret med ca. 110 000 kr fordelt over åra 2000 og 2001. I tillegg til desse bidraga kjem utgifter i samband med oppfølging og administrasjon av språkåret i Noreg.

Supplerande finansieringskjelder

Det er ikkje oppretta særskilde supplerande finansieringskjelder for norske søkjarar i samband med språkåret.

Norske deltakarar

I utlysinga for første halvår av 2001 kom det inn 3 søknader frå norske aktørar. Eitt av desse prosjekta fekk stønad. Temaet for dette prosjektet var å undersøkje statusen for 2. og 3. framandspråk i norsk skule. For midlar utlyste for andre halvår av 2001 har det kome inn i alt 31 søknader med norske deltakarar.

Behandlinga av desse søknadene var ikkje ferdig då arbeidet med denne kartlegginga vart avslutta i mars 2001.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Det nasjonale og politiske ansvaret for den norske deltakinga i Det europeiske språkåret 2001 ligg i Kyrkje- utdannings- og forskingsdepartementet (KUF).

KUF har oppnemnt Nasjonalt senter for læring og utvikling (Læringscenteret) som nasjonal koordinator for den norske deltakinga i språkåret. Læringscenteret har utarbeidd eit nasjonalt program for aktivitetar som i hovudsak består av ulike markeringar, konferansar og informasjonstiltak. Læringscenteret har også ansvaret for informasjon og rettleiing til norske søkjarar om midlar frå språkåret. Informasjonstiltaka femner mellom anna om plakatar, brosjyrar og informasjon lagt ut på Internettssidene til Læringscenteret: <http://skolenettet.ls.no/spraakaaret/>

Læringscenteret mottek også søknader frå norske søkjarar og tek ei vurdering av søknadene før dei blir oversende til Europakommisjonen for endeleg avgjerd.

Læringscenteret kan kontaktast på denne adressa:

Nasjonalt senter for læring og utvikling
Postboks 2924 Tøyen
0608 Oslo
Tlf.: 23 30 12 00
Faks: 23 30 12 99

Kontaktperson:
Anne-Karin Korsvold
e-post: akk@ls.no

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Frå EU si side skal European Pathways styrast og administrerast av Generaldirektoratet for utdanning og kultur i Europakommisjonen (tidlegare DG XXII), kontoret for språkpolitikk (B4). Europakommisjonen har publisert eit omfattande informasjonsmateriale om språkåret, derimellom ei detaljert søkjarrettleiing. Det meste av dette informasjonsmaterialet er tilgjengeleg på Europaserveren på Internett på adressa: <http://europa.eu.int/comm/education/languages/call/call.html>

Det er også oppretta ei særskild heimeside for språkåret på adressa: <http://www.eurolang2001.org/> Her er det lagt ut informasjon på alle EU-språka og linkar vidare til dei nasjonale oppfølgingsorgana for språkåret.

Generaldirektoratet for utdanning og kultur kan kontaktast på denne adressa

Directorate-General for Education and Culture
Language Policy Unit (B4)
Rue dei la Loi 200
Office B-7
B-1049 BRUSSELS
E-post : info-2001@cec.eu.int
Faks : + 32 2 299 6321

4.4 Sosialpolitikk

På dette området deltek Noreg i handlingsprogrammet for likestilling og i handlingsprogrammet for tiltak mot vold mot born, ungdom og kvinner (DAPHNE). Sommaren 2000 la Europakommisjonen fram eit forslag til nytt handlingsprogram for tiltak mot sosial utstøying og diskriminering. EFTA-/EØS-landa har som mål å slutte seg til programmet innan utgangen av 2001.

Tidlegare deltok Noreg også i program for eldre og funksjonshemma, men programma vart stoppa fordi det viste seg at Europakommisjonen ikkje hadde heimel for å drive program på desse områda.

Likestillingsprogrammet er administrativt underlagt Generaldirektoratet for sysselsetjing og sosialpolitikk (tidlegare DG V), medan DAPHNE er underlagt Generaldirektoratet for politi- og justissamarbeid. På norsk side har Barne- og familiedepartementet (BFD) både det politiske og administrative ansvaret for norsk deltaking i programma.

Handlingsprogram for likestilling mellom kvinner og menn

Frå 1. januar 2001 tok det femte handlingsprogrammet for likestilling mellom kvinner og menn til å gjelde. Programmet avløyste det fjerde handlingsprogrammet for like forhold for kvinner og menn, som gjekk i perioden 1. januar 1996 til 31. desember 2000. Programmet er i tillegg til dei 15 EU-landa, også ope for deltaking frå dei tre EFTA-EØS-landa Island, Liechtenstein og Noreg, søkjarlanda til EU i Sentral- og Aust-Europa og middelhavsområdet. Omtalen av programmet held seg til det femte handlingsprogrammet om ikkje anna er nemnt.

Formål

Programmet skal medverke til å stø likestillingssamarbeidet i Europa, og stø opp under EUs rammestrategi (2001-2005) for å fremje likestilling på alle politikk-område. Gjennom programmet tek ein sikte på å:

- ?? Fremje og spreie dei verdiane og den praksisen som ligg til grunn for prinsippet om likestilling mellom kvinner og menn
- ?? Forbetre kunnskapen om problem og tema i samband med likestilling mellom kvinner og menn, m.a. direkte og indirekte kjønnsdiskriminering og fleirdobbel forskjellsbehandling av kvinner
- ?? Vurdere effektiviteten av politikk og praksis ved hjelp av førehandsanalyse, og evaluere verknadene av slik politikk og praksis
- ?? Utvikle måtar der aktørane kan fremje likestilling mellom kjønna, særleg ved å stø utveksling av informasjon, av god praksis og nettverkskommunikasjon på fellesskapsplan

Innhald

Programmet skal koordinere, stø og finansiere gjennomføringa av dei horisontale tiltaka på dei innsatsområda som inngår i EUs rammestrategi for likestilling mellom kvinner og menn. Det dreier seg her om desse områda: Det økonomiske

livet, lik deltaking og representasjon, sosiale rettar, det sivile livet, og kjønnsroller og stereotypar.

Desse tiltaka kan innanfor ei tverrnasjonal ramme få stønad frå programmet:

Kategori 1: bevisstgjerung

1. Konferansar, seminar og tiltak på europeisk plan.
2. Eit større, årleg, europeisk arrangement med vekt på eit av dei prioriterte emna i programmet.
3. Organisering av europeiske mediekampanjar og - arrangement til støtte for tverrnasjonal informasjonsutveksling og spreieing av god praksis, t.d. tildeling av ein årleg pris til verksemder som effektivt arbeider for likestilling av kvinner og menn, og som har som mål å synleggjere likestillingsproblematikken.
4. Offentleggjing av publikasjonar om programresultat, t.d. etablering av ein nettstad som mellom anna skal tilby døme på god praksis, eit forum for å utveksle ideer, ein database for potensielle partnerar i tverrnasjonale utvekslingstiltak, i tillegg til elektroniske koplingar til andre relevante nettstader i statane som deltek i programmet.
5. Gjennomføring av tverrnasjonale initiativ, som til dømes møte, seminar eller kampanjar om ymse tema som blir fastsett årleg etter diskusjon med programkomiteen
6. Organisering av seminar og spreieing av informasjon om og til hjelp for å gjennomføre fellesskapsretten på likestillingsområdet, med særleg vekt på dei behova og krava søkjarstatane har.

Tiltak 2, 3 og 4 i denne kategorien vil bli gjennomførde etter innbyding til ein open anbodskonkurrans. Tiltak 5 og 6, som blir gjennomførde under myndet til dei deltakande statane eller av likestillingsorgan, kan subsidierast etter innbyding til avgrensa anbodskonkurrans som blir retta mot den deltakande staten.

Kategori 2: Analyse og evaluering:

1. Utvikling og formidling av statistikkar som kan samanliknast og som er oppdelte etter kjønn og om mogeleg etter alder, og statistiske seriar om situasjonen for kvinner og menn på ulike innsatsområde.
2. Utvikling og formidling av metodologiar og indikatorar for å evaluere verknaden av likestillingstiltak og - praksis (referanseundersøkingar).
3. Analysar av kvinnene si stilling på arbeidsmarknaden, av gjennomføringa av likestillingslovgjeving i dei deltakande statane, kva påverknad og verknad trygde- og skatteordningar har på kvinner og menn, og av framgangen for kvinner med omsyn til tilgang til avgjerdsnivå. Resultata og røynslene vil bli offentleggjorde og distribuerte.
4. Innhenting, evaluering og offentleggjing av nye opplysningar og erfaringar frå vellukka initiativ, metodar og teknikkar med omsyn til kvinner og medium, t.d. korleis ein kan overvinne kjønns stereotypar og medverke til positive og differensierte framstillingar av kvinner og menn i media.
5. Offentleggjing av ei årsmelding om likestilling i EU, som mellom anna skal greie ut om framgangen i likestillingsarbeidet i høve til referanseverdiane i tillegg til å evaluere resultata.

-
6. Gjennomføring og offentliggjøring av tematiske studiar på innsatsområda, som skal samanlikne likskapar og skilnader i tilnæringsmåte i og mellom medlemsstatar og søkjarstatar.
 7. Ei forundersøking for å vurdere kva vilkår som må vere til stades for å etablere eit europeisk institutt for likestilling.

Kategori 2 vil bli gjennomført via Europakommisjonen, vanlegvis etter anbudsinnbydingar. Tiltak 1 vil bli gjennomført i tråd med relevante Eurostat-prosedyrar.

Kategori 3: Auka kompetanse:

Innanfor dette tiltaksområdet kan det gjevast stønad med tanke på å forbetre kapasiteten og effektiviteten til hovudaktørane som er involverte i likestillingsfremjande arbeid:

- ?? Tverrnasjonale utvekslingstiltak med aktørar frå minst tre deltakande statar, der tiltaka skal handle om overføring av informasjon, erfaringar og god praksis.
- ?? Tiltak for å samanlikne effektiviteten av dei prosessane, metodane og hjelpemidla som blir tekne i bruk i samband med valde tema; på gjensidig formidling og bruk av god praksis; utveksling av personale; felles utvikling av produkt, prosessar, strategi og metodologi; tilpassing av metodar, hjelpemiddel og prosessar som utgjer god praksis, til ulike rammevilkår og/eller spreiding av resultat, informasjonsmateriale og tiltak.

Kategori 3 vil bli gjennomført etter innbyding til ein open anbuds konkurranse organisert av Europakommisjonen, som også vil handsame forslaga. Tiltaka kan bli gjennomførde av NGOar eller partane i arbeidslivet på europeisk plan, dessutan av tverrnasjonale nettverk for lokale og regionale styresmakter eller likestillingsorgan.

For alle kategoriane blir det også stilt ein del felles krav til utforminga av prosjektet for at dei kan bli med. Dei viktigaste av desse krava er:

- ?? Det skal vere handlingsretta prosjekt som har som mål å utvikle nye metodar og utveksle røynsler i arbeidet for likestilling. Reine forskings- eller utgreiingsprosjekt vil ikkje bli vurderte
- ?? Prosjekta må vere transnasjonale, det vil seie at dei har minst to samarbeidspartnarar frå andre EU/EØS land. Samarbeidet kan til dømes innebere parallelle delprosjekt, kartlegging og samanlikning av ulike tilnærmingar, utveksling av røynsler. Det transnasjonale samarbeidet skal vere ein viktig del av prosjektet
- ?? Prosjekta bør også involvere samarbeidspartnarar lokalt/nasjonalt
- ?? Budsjettet skal setjast opp i euro og bør liggje innanfor ramma av 30 000 euro og 150 000 euro (ca. 250 000 og 1 245 000 kr)
- ?? Prosjektet må innehalde ein evalueringsplan

Stønad under Handlingsprogrammet kan gjevast med inntil 80 % av kostnadene for prosjektet. Utgreiingsoppdrag som blir lyste ut frå Europakommisjonen kan likevel bli fullfinansierte. Formidlingstiltak i regi av dei nasjonale oppfølgingsorganane kan også bli fullfinansierte.

Målgruppe

Partane i arbeidslivet, frivillige organisasjonar, kvinneorganisasjonar og lokale og regionale styresmakter.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 17, s. 22-29, 19.01.01 (Rådsavgjerd 2000/51/EF av 20. desember 2000) (femte handlingsprogram for likestilling)

EF-tidende nr. L 335, s. 37-43, 30.12.95 (Rådsavgjerd 95/593/EF av 22. desember 1995) (fjerde handlingsprogram for likestilling)

EØS-avtalens protokoll 31, art. 5

St. prp. nr. 48 (2000-2001) (femte handlingsprogram for likestilling)

St. prp. nr. 28 (1996-97) (fjerde handlingsprogram for likestilling)

Tidslengd

Det femte handlingsprogrammet for likestilling gjeld frå 1. januar 2001 til 31. desember 2005. Det fjerde handlingsprogrammet varde frå 1. januar 1996 – 31. desember 2000. Somme prosjekt under det fjerde handlingsprogrammet varer likevel ut første halvår av 2001.

Økonomisk ramme

Det femte handlingsprogrammet har eit budsjett på 50 millionar euro for heile programperioden. Det inneber ein monaleg auke i høve til dei 30 millionar euro som var stilte til rådvelde for det fjerde handlingsprogrammet.

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

For det femte handlingsprogrammet skal Noreg betale ca. 1,7 % av totalkostnadene eller ca. 7,1 millionar kr for heile programperioden. I tillegg kjem utgifter til ein nasjonal ekspert tilknytt Europakommisjonen og til nasjonal oppfølging og administrasjon. Det norske bidraget blir løyvd over budsjettet til Barne- og familiedepartementet.

For det fjerde handlingsprogrammet var dei norske utgiftene ca. 4,1 millionar kr pluss utgifter til ein nasjonal ekspert og nasjonal oppfølging. Det er vanskeleg å fastslå eksakt kor store utbetalingar norske deltakarar har motteke frå programmet (sjå elles under punktet "norske deltakarar").

Supplerande finansieringskjelder

Ingen særskilde.

Norske deltakarar

Det er førebels ikkje utlyst midlar frå det femte handlingsprogrammet slik at det førebels ikkje deltek norske aktørar under dette programmet.

Den norske deltakinga i det fjerde handlingsprogrammet har vore avgrensa, noko som til dels kjem av at det har vore fremja få norske søknader. I programperioden har det berre vore to norskeleia prosjekt, eitt prosjekt som mottok stønad i perioden 1996 - 98 og eitt som fikk innvilga stønad i 2000:

År	Prosjekt	Norsk deltakar	Løyvd sum
1997:	Kvinnerens talent til glede for heile Europa	Rosenhoff Vaksenopplæring	Ca. 100 000 euro
2000:	Female Entrepreneurs – Women as subjects in regional development	Utviklingscenteret Midt-Troms	Ca. 100 000 euro

I tillegg til dei norskeleia prosjekta har fleire norske institusjonar delteke som partnarar i prosjekt leia av andre deltakarland. Døme på slike prosjekt er:

Avslutta prosjekt	Norsk deltakar
Promoting good practice in gender portrayal in television	NRK
School of Politics Hannah Arendt: Womens's presence in the public sphere	Kvinneuniversitetet
Accès des femmes à la prise de décision en Europe méridionale	Nordisk kvinnenettverk

Pågåande prosjekt (2000)	
Europäische Datenbank – Frauen in Führungspositionen	Likestillingscenteret
ETUC Expert Network on Equal Pay	LO
Elections municipales francaises de 2001: Conseillère municipale: Pourquoi pas?	

Fleire norske institusjonar har også delteke som partnarorganisasjonar på likestillingsområdet i Noreg. Partsorganisasjonane har delteke på ulike vis, til dømes som deltakarar i nettverk eller i delprosjekt under hovudprosjekt som har motteke stønad frå programmet. Desse norske organisasjonane er registrerte som partnarorganisasjonar:

- ?? AOF Grenland, Arbeidernes Opplysningsforbund (Skien)
- ?? AOIFE (Association of institutions for feminist education & research in Europe) C/O NIKK (Nordisk institutt for kvinne- og kjønnsforskning) (Oslo)
- ?? Arbeidsdirektoratet (Oslo)
- ?? Fødsel i Fokus (Tønsberg)
- ?? Fokus (Forum for kvinner og utviklingsspørsmål) (Oslo)
- ?? IASOM - The international association for studies of men (Oslo)
- ?? JURK - Juridisk rådgjeving for kvinner (Oslo)
- ?? KIM (Kvinner i mannsjobbar) (Oslo)
- ?? Kvinnefronten (Oslo)
- ?? Mannskomiteen 88 (Oslo)
- ?? Norsk Helse- og Sosialforbund (Oslo)
- ?? Norsk sjukepleiarforbund (Oslo)
- ?? Bondekvinnelaget (Oslo)
- ?? Norsk Lærarlag (Oslo)
- ?? Seksjon for kvinneforskning, Noregs Forskningsråd (Oslo)
- ?? Kvinneuniversitetet Nord (Nordfold)

?? Kampanjen Hvitt Bånd (Oslo)

Utover deltaking frå norske aktørar har også Noreg vore med i fleire forskingsprosjekt som har vore finansierte av likestillingsprogrammet. Noreg blir også omtala i årsrapportane til EU om likestilling. I ein tidleg fase av det fjerde handlingsprogrammet fekk Noreg også høve til å delta i to ekspertgrupper under programmet. I den siste fasen av programmet har representantane frå EFTA-/EØS-landa likevel blitt haldne ute frå desse gruppene.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Barne- og familiedepartementet (BFD) har både det nasjonale, politiske og jamlege administrative ansvaret for den norske deltakinga i handlingsprogrammet for likestilling. BFD deltek også i styringskomiteen for programmet under Europakommisjonen.

I samband med den norske deltakinga i likestillingsprogrammet har BFD frå 1. september 1996 finansierte ein nasjonal ekspert knytt til Europakommisjonens generaldirektorat for sysselsetjing og sosialpolitikk. Frå hausten 1999 og fram til august 2002 har Jorun Hjertø hatt denne stillinga. Ho kan kontaktast på dette telefonnummeret og e-posten:

Jorun Hjertø
Tlf.: +32 2 295 99 62
E-post: joron.hjerto@cec.eu.int

BFD driv ei avgrensa informasjonsverksemd om programmet, i første rekkje retta mot organisasjonar og etatar som er i den definerte målgruppa for programmet. I april 2000 arrangerte BFD i samarbeid med likestillingssenteret ein omfattande formidlingskonferanse om EUs likestillingspolitikk og norsk deltaking i likestillingsprogrammet. Konferansen var fullfinansierte av Europakommisjonen. BFD har lagt ut ein del informasjon om likestillingsprogrammet på ODIN på adressa: http://odin.dep.no/bfd/norsk/likestilling/intern_samarb/

Dei ansvarlege for oppfølginga av programmet kan kontaktast på denne adressa:

Barne- og familiedepartementet
Familie- og barnehageavdelinga
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo
Tlf.: 22 24 25 17
Faks: 22 24 25 55

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Generaldirektoratet for sysselsetjing og sosialpolitikk (tidlegare DG V) i Europakommisjonen har ansvar for styringa av handlingsprogrammet for likestilling på EU-nivå. Det er også Europakommisjonen som tek seg av behandlinga av søknader og vel ut prosjekt som skal få stønad. I gjennomføringa av handlingsprogrammet får Europakommisjonen hjelp av ein styringskomité som er sett saman av representantar for alle dei deltakande landa og blir leia av ein representant for Europakommisjonen.

Europakommisjonen har publisert eit omfattande materiale om likestillings- spørsmål generelt. Det er også gjeve ut ein del informasjonsmateriale om handlingsprogrammet spesielt. Ein del av dette materialet er tilgjengeleg på Europaservaren på Internett på heimesida til Generaldirektoratet for sysselsetjing og sosialpolitikk:

http://europa.eu.int/comm/employment_social/equ_opp/index_en.htm

Europakommisjonen har også ein database over aktuelle europeiske samarbeids- organisasjonar på likestillingsområdet. Basen er tilgjengeleg på Internett på adressa:

http://europa.eu.int/comm/employment_social/equ_opp/partnars/index_en.htm

Generaldirektoratet for sysselsetjing og sosialpolitikk kan nåast på denne adressa:

European Commission
Directorate General for Employment and Social Affairs
Unit EMPL/D/5 "Equal opportunities for women and men and matters regarding families and children"
200, rue dei la Loi , Wetstraat
B-1049 BRUXELLES/BRUSSEL
Faks: +32.2.296.35.62
E-post: eqop@cec.eu.int

DAPHNE - handlingsprogram for tiltak mot vold mot born, ungdom og kvinner

DAPHNE er eit fireårig handlingsprogram for perioden 2000 til 2003 som tek sikte på å stø førebyggjande tiltak for å kjempe mot vald mot born, ungdom og kvinner. Programmet byggjer på DAPHNE- initiativet som i perioden 1997 til 1999 ytte stønad til ikkje-statlege og frivillige organisasjonar i Europa for å kjempe mot vald mot kvinner og born.

EU har opna for at til saman 16 land i tillegg til dei 15 EU-landa kan delta i DAPHNE. Dette er EFTA-EØS-landa og søkjarlanda i sentral- og Aust-Europa i tillegg til Kypros, Malta og Tyrkia. Deltaking frå EFTA-EØS-landa vart formelt vedteke i EØS-komiteen i april 2000.

Formål

Programmet har som mål å arbeide for å sikre eit godt fysisk og psykisk helsevern for born, ungdom og (vaksne) kvinner som er offer, eller potensielle offer, for seksualisert vald. Det har vidare som mål å auke kunnskap og ekspertise på fellesskapsnivå når det gjeld metodar og teknikkar med tanke på å førebyggje og lindre effektane av seksualisert vald.

Innhald

Desse tiltaka er omfatta av vedtaket:

- ?? Etablering av tverrfaglege nettverk og kunnskapsutvikling
- ?? Utveksling av informasjon og røynsler, koordinering og samarbeid på fellesskapsnivå
- ?? Finansiering av samarbeidsprosjekt over landegrensene

?? Gjere folk medvitne

Eit sentralt krav til prosjekt som skal motta stønad, er at dei medverkar til utvikling på europeisk plan, ikkje bare på lokalt, regionalt eller nasjonalt plan. For å nå denne målsetjinga kan deltakarar i prosjekta kome frå fleire land, aktivitetar kan gå parallelt i fleire land eller aktiviteten kan kome til nytte i andre land på eit seinare tidspunkt.

Tidslengda på prosjektet kan vere mellom eitt og tre år. For prosjekt som varer meir enn eitt år, vil stønaden bli utbetalt for eitt år av gangen. Stønaden kan ikkje overstige 80 % av kostnadene ved prosjektet. Løyvd stønad vil normalt vere mellom 30 000 og 125 000 euro. Før det kan søkjast om stønad, må dei involverte organisasjonane og institusjonane peike ut ein deltakar til å leie og koordinere prosjektet, og alle deltakarane må underteikne ein partnerskapskontrakt som blir lagd ved søknaden. Prosjektleiaren sender så søknaden på vegner av heile prosjektet.

Målgruppe

Frivillige organisasjonar og offentlege og private institusjonar på europeisk, nasjonalt, regionalt og lokalt nivå som arbeider med førebygging og vern av vald mot born, ungdom og kvinner.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 34, s. 1-7, 09.02.00 (Europarlamets- og rådsavgjerd 2000/293/EF av 24. januar 2000)
EØS-avtalens protokoll 31, art. 5
St. prp nr 71 (1999-2000)

Tidslengd

1. januar 2000 til 31. desember 2003.

Økonomisk ramme

20 millionar euro for heile programperioden.

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

1,7 % av totalkostnadene eller ca. 2,8 millionar kr for heile programperioden. Det norske bidraget blir løyvd over budsjettet til Barne- og familiedepartementet. I tillegg kjem midlar til administrasjon og oppfølging av programmet i Noreg. I og med at dette arbeidet blir utført som ein integrert del av arbeidet i Barne- og familiedepartementet, er det ikkje mogeleg å spesifisere eksakt kor store desse kostnadene er.

Dei to prosjekta som har norske deltakarar har rundt rekna motteke ca. 200 000 euro (ca. 1,64 millionar kr) frå programmet.

Supplerande finansieringskjelder

Det eksisterer ingen særskilde supplerande finansieringskjelder for norske deltakarar i programmet.

Norske deltakarar

Tildelinga etter den første søknadsrunden for programmet vart gjort i november 2000. Av totalt 47 prosjekt som fekk tildelt stønad, er det norske deltakarar i to av prosjekta. Ingen norsk-koordinerte prosjekt fekk stønad. Prosjekta med norsk deltaking er:

- ?? Deliberate Self-harm Among Children and Adolescents in Europe
(Universitetet i Oslo)
- ?? Children Who are Abused and the Law (Redd Barna)

Dei norske organisasjonane/stiftingane Redd Barna, Alternativ til vald og Hvitt bånd deltok i prosjekt under DAPHNE-initiativet i perioden 1998 til 1999. Fordi Noreg formelt sett ikkje deltok i initiativet, måtte deltakarane dekkje alle utgifter i samband med deltakinga sjølve.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Barne- og familiedepartementet (BFD) har både det nasjonale, politiske og jamlege administrative ansvaret for den norske deltakinga i DAPHNE-programmet. BFD deltek også med to representantar i styringskomiteen for programmet under Europakommisjonen.

Gjeld alle typar fjernsynsproduksjonar (drama, dokumentar, animasjon). Denne stønaden er halvautomatisk, og blir gjeve på basis av oppfylte kriterium. Mellom anna må ca. 75 % av produksjonsbudsjettet vere på plass og minst to europeiske fjernsynsstasjonar frå to ulike land må vere involverte. Produksjonen må ha ei minimumslengd på 25 minuttar. Maksimalt tilskot er 500 000 euro eller 12,5 % av produksjonsbudsjettet. Stønaden blir gjeven delvis i form av subsidiar, delvis som lån som skal betalast attende i høve til innteninga av programmet.

D. Marknadsføring av lisensrettar

Distributører av TV-program kan søkje stønad til å produsere salskatalogar og marknadsføre TV-program (drama, dokumentarfilm, animasjonsfilm) på den europeiske og internasjonale marknaden. Stønaden blir gjeven som lån inntil 100 000 euro per katalog og er avgrensa til 50 % av kostnadene. Katalogen skal maksimalt innehalde 208 "kommersielle" timar. Den delen av stønaden som går til dubbing og teksting skal ikkje betalast attende.

E. Promotering

Formålet er å gjere det lettare for uavhengige produsentar og distributører å kome inn på den internasjonale marknaden. Stønaden blir gjeven til organisasjonar som tek på seg rolla som formidlande ledd mellom marknaden og uavhengige produsentar/distributører som ønskjer å delta på messer/marknader av typen MIPCOM, filmfestivalane i Cannes og Berlin og MIP-TV. Det blir ytt tilskot på maksimum 50 % av samla kostnader.

F. Festivalar:

Stønad kan søkjast til (eit avgrensa tal) nettverkssamarbeid som må involvere minst åtte EU land eller sju EU land og to assosierte land. Stønad kan også søkjast til festivalar som samarbeider i partnerskap. Det gjeld lang- og kortfilm, fiksjon og dokumentarfilm, video og ny teknologi. Minimum fire land må vere involverte.

-
- G. Cinema Networks - stønad til kinoar
Innanfor dette tiltaket blir det gjeve stønad til kinoar med eit repertoar som på årsbasis inneheld ein stor del europeiske filmar. Det kan også gjevast ein særskild stønad til visningar av europeiske filmar for born og ungdom.
- H. Forsøksprosjekt med tanke på å betre tilgangen på europeisk audio visuelt innhald og dra fordel av dei høva som oppstår som følgje av utviklinga og innføringa av ny og innovativ teknologi, t.d. digitalisering og nye distribusjonsmåtar. Forsøksprosjekta kan mellom anna fokusere på desse områda med tanke på å styrkje, opprette nettverk for og marknadsføre:
- Den filmatiske kulturarven
 - Europeiske audiovisuelle programarkiv
 - Katalogar over europeiske audiovisuelle verk
 - Digital spreing av europeiske verk til dømes gjennom avanserte distribusjonstenester

Målgruppe

MEDIA Plus vender seg primært til små og mellomstore uavhengige produksjons- og distribusjonsselskap. MEDIA Plus gjev ikkje direkte produksjonsstønad, men stør i første omgang pre- og postproduksjon, det vil seie det som skjer før og etter ei innspeling. Tilskota frå Media Plus skal vere eit supplement til nasjonale ordningar.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 13, s. 34 - 43, 17.01.2001 (Rådsavgjerd 2000/821/EF av 20. desember 2000) (MEDIA Plus – utvikling, distribusjon og marknadsføring)
EF-tidende nr. L 26, s. 1 - 9, 27.01.2001 (Europaparlaments- og rådsavgjerd 2001/163/EF av 19. januar 2001) (MEDIA Plus – opplæring)
EF-tidende nr. L 321, s. 25 - 32, 30.12.95 (Rådsavgjerd 95/563/EF av 10. juli 1995) (MEDIA II – utvikling og distribusjon)
EF-tidende nr. L 321, s. 33, 30.12.95 (Rådsavgjerd 95/564/EF av 22. desember 1995) (MEDIA II – opplæring)
EØS-avtalens protokoll 31, art. 9
St. prp. nr. 56 (2000-2001) (Media Plus)
St. prp. nr. 40 (1996-1997) (Media II)

Tidslengd

1. januar 2001 til 31. desember 2005.

Økonomisk ramme

400 millionar euro fordelte over heile programperioden. Budsjettet fordeler seg med 50 millionar euro til opplæringstiltak, 350 millionar euro til utviklingstiltak og distribusjonsstønad.

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

Den norske delen av budsjettet til MEDIA Plus er stipulert til ca. 50 millionar kr for heile programperioden eller ca. 10 millionar kr per år. I tillegg kjem utgifter til å delfinansiere det nasjonale kontakt- og rettleiingskontoret MEDIA Desk Noreg som utgjer ca. 650 000 kr per år, og kostnader i samband med ein norsk nasjonal

ekspert som er tilknytt programkontoret for Media Plus i Europakommisjonen. Dei norske midlane til programmet blir løyvde over Kulturdepartementets budsjett. For Media II, som var i perioden 1996 til 2000, utgjorde den norske delen av budsjettet ca. 40 millionar kr for heile programperioden eller ca. 8 millionar kr per år.

I og med at Media Plus er i oppstartingsfasen ligg det ikkje føre tal for utbetalingar frå programmet. For Media II har norske aktørar henta ut nærmare 68 millionar kr. Tilskota frå Media II fordeler seg slik over programtida:

1996:	4,0 millionar kr
1997:	10,7 millionar kr
1998:	12,0 millionar kr
1999:	14,3 millionar kr
2000:	26,8 millionar kr

I tillegg til stønaden ovanfor kjem eit tilskot på 50 % av driftsutgiftene til Media Desk Noreg. Under Media II utgjorde dette tilskotet ca. 4,5 millionar kr.

Supplerande finansieringskjelder

Det er ikkje oppretta særskilde supplerande stønadsordningar for norske deltakarar i programmet. Likevel er det ingen formelle hinder for å kombinere stønad frå Media-programmet med nasjonale stønadsordningar.

Norske deltakarar

I og med at Media Plus er i oppstartingsfasen, er det førebels ingen norske deltakarar som har fått godkjent prosjekt under programmet.

For Media II har det over perioden 1996 til 2000 blitt gjeve stønad til desse prosjekta/aktivitetane:

- ?? 30 norske prosjekt/produsentar
- ?? 130 europeiske filmar på norske kinoar
- ?? Ti norske filmar på europeiske kinoar
- ?? Tre filmfestivalar i Noreg
- ?? Ca. 150 norske deltakarar i utdanningsaktivitetar

Elles har fem norske kinoar delteke i nettverket Cinema Networks/Europa Cinemas, medan fire kinoar deltek i EuroKids Network.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Kulturdepartementet har det overordna nasjonale og politiske ansvaret for den norske deltaking i MEDIA-programmet. Kulturdepartementet og Audiovisuelt produksjonsfond deltek med kvar sin representant i den rådgjevande komiteen for programmet under Europakommisjonen.

Det jamlege administrative ansvaret for norsk deltaking i MEDIA-programmet er lagt til MEDIA Desk Noreg. MEDIA Desk Noreg blir delvis finansiert av Europakommisjonen og delvis av Kulturdepartementet, og har kontor og administrativ tilknytning til Norsk filminstitutt. MEDIA Desk Noreg har eit godt

fungerande samarbeid med MEDIA deskane i dei andre landa som deltek i programmet, spesielt i dei andre nordiske landa.

MEDIA Desk Noreg driv eit omfattande informasjonsarbeid om dei områda som MEDIA-programmet tilbyr. Viktige delar av dette informasjonsarbeidet er å svare på spørsmål og rettleie i sjølve søknadsarbeidet, dessutan å sende ut retningsliner og søknadsskjema. MEDIA Desk Noreg gjev ut eit nyheitsbrev annan kvar månad - MEDIA Nytt - som inneheld oppdatert informasjon. Nyheitsbrevet er gratis og kan abonnerast på. Mykje informasjon er også lagt ut på Internett på adressa: <http://www.nfi.no/mediadesk/>

MEDIA Desk Noreg kan kontaktast på denne adressa:

MEDIA Desk Noreg
Norsk filminstitutt
Postboks 482 Sentrum
N-0105 OSLO
Tlf.: 22 47 45 70
Faks : 22 47 45 97
E-post: sidsek@nfi.no
Kontaktperson: Sidsel Kraakenes

Søknader om økonomisk tilskot for å delta på MEDIA II relaterte kurs kan sendast til Statens studiesenter for film, Filmens Hus, Dronningensgate 16, 0104 Oslo.

I samband med Media-programmet har Noreg fått høve til å utplassere ein nasjonal ekspert knytt til programkontoret for Media Plus i Europakommisjonen. Fram til mai 2002 er det Hilde Berit Eide som har denne stillinga. Ho kan kontaktast på denne adressa:

Hilde Berit Eide
Education and Culture DG (EAC)/C3
Tlf.: +32 2 295 99 25
Faks: +32 2 299 92 14
E-post: hilde.eide@cec.eu.int

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Frå EU si side blir MEDIA II styrt og administrert av Generaldirektoratet for utdanning og kultur i Europakommisjonen (tidlegare DG XXII), direktorat C "Kultur, audiovisuell politikk og sport". I styringa av programmet er det etablert ein komité, MEDIA-komiteen, som fyller ein rådgjevande funksjon i høve til MEDIA Plus. Den består av to representantar frå kvart land som er tilknytt MEDIA Plus.

Det er Europakommisjonen som handsamar søknader til MEDIA Plus. I dette arbeidet blir Europakommisjonen assistert av underkontor - Intermediary Organisations (IO) for dei ulike sektorane. Desse underkontora har sete i fleire europeiske land. Kontaktinformasjon til desse underkontora får ein frå MEDIA deskane eller frå Europakommisjonen.

Europakommisjonen har publisert eit omfattande materiale om multimedie-spørsmål generelt og MEDIA-programma spesielt. Mellom anna blir det gjeve ut eit eige "MEDIA Programme Newsletter" som er tilgjengeleg gjennom MEDIA deskane i dei deltakande landa. DG for utdanning og kultur har lagt ut mykje informasjon om MEDIA-programma på heimesida på adressa: http://europa.eu.int/comm/avpolicy/index_en.htm

Eit viktig ledd i informasjons- og koordineringsarbeidet er MEDIA deskane som finst i alle landa som er tilknytte MEDIA-programmet. Enkelte store land som Tyskland, Storbritannia og Frankrike har i tillegg til eigne nasjonale MEDIA deskar oppretta eigne distriktsfilialar, såkalla "antenner". Oversyn over og adresser til dei ulike MEDIA deskane kan ein finne på heimesidene til DG for utdanning og kultur og den norske MEDIA desken.

Den ansvarlege eininga i Generaldirektoratet for utdanning og kultur kan kontaktast på denne adressa:

MEDIA Plus Programme of The European Union
European Commission
Directorate General for Education and Culture
120, Rue dei Trèves
B - 1040 BRUSSELS
Tlf.: +32 2 299 91 47
Faks: +32 2 299 92 14
E-post: avpolicy@cec.eu.int

4.8 Sivil beredskap

Sivil beredskap har vore eit område EU-landa har samarbeidd om frå 1985. I 1998 vart det etablert eit toårig handlingsprogram for sivil beredskap. Noreg, gjennom Direktoratet for sivilt beredskap, har delteke i styringskomiteen for programmet frå april 1998. EFTA-/EØS-landa slutta seg likevel ikkje formelt til handlingsprogrammet før i 1999. Eit nytt handlingsprogram for sivil beredskap vart i 1999 vedteke for perioden 2000 til 2004. Det nye programmet er med omsyn til rammer og prioriteringar stort sett likt det tidlegare programmet. Norsk deltaking i det noverande programmet var vedteke i EØS-komiteen i april 2000.

Handlingsprogram for sivil beredskap

Den overordna målsetjinga ved dette programmet er å styrkje det europeiske samarbeidet innanfor sivil- og katastrofeberedskap. I tillegg til EU-landa deltek EFTA-EØS-landa Island, Liechtenstein og Noreg i programmet.

Formål

Handlingsprogrammet skal stø og supplere nasjonale tiltak for å verne folk, miljø og eigedom mot naturlege eller tekno logiske katastrofar. Formålet med programmet er også å fremje samarbeid, utveksle erfaringar og gjensidig hjelp mellom dei deltakande statane i arbeidet på området sivilt vern.

Innhald

Som eit ledd i gjennomføringa skal styringskomiteen for programmet utarbeide ein treårig rullerande plan for konkrete prosjekt. Planen blir revidert årleg. For 2000 har komiteen valt å prioritere prosjekt som har som mål å førebyggje katastrofar, tiltak som kan betre informasjonen til innbyggjarane i EU i tilfelle krise og følgje opp prosjekt frå det føregåande handlingsprogrammet som alt er sette i gang, særleg innanfor katastrofemedisin.

Generelt kan programmet yte stønad til tiltak innanfor desse fire tiltaksområda:

- A Store prosjekt som har generell interesse for deltakarlanda:
Formålet med desse prosjekta er å styrkje evna til sivil beredskap i deltakarlanda på områda:
- ?? Førebygging og handtering av kriser
 - ?? Informasjon til publikum
 - ?? Krisekommunikasjon
 - ?? Katastrofemedisin
 - ?? Ny teknologi

Det blir gjeve stønad på inntil 75 % av kostnadene ved prosjekta.

- B Opplæring gjennom kurs, utveksling av ekspertar og øvingar.
- ?? Opplæringstiltak for ekspertar og teknikarar som vil auke beredskapsnivået og betre føresetnadene for å opprette nettverk og etablere operasjonelt samarbeid mellom deltakarstatane i katastrofesituasjonar
 - ?? Utveksling av ekspertar med tanke på å fremje erfaringsutveksling om metodar og teknikkar som blir brukte i dei ulike statane
 - ?? Øvingar for å samanlikne metodar og fremje utvikling i dei nasjonale systema for sivil beredskap

Det blir gjeve stønad på inntil 75 % av kostnadene ved opplæringstiltak og utveksling av ekspertar og inntil 50 % av kostnadene ved øvingar for å samanlikne metodar.

- C Stønad til pilotprosjekt og supplerande tiltak
Stønad kan gjevast til pilotprosjekt som har som mål å betre framgangsmåtar, teknikkar og prosedyrar og dermed medverke til å redusere responstida på kriser. Under dette tiltaksområdet kan det også gjevast stønad til å utvikle sivile beredskapsprogram, konferansar og informasjons tiltak om sivil vern.

Pilotprosjekta får inntil 50 % stønad, opp til 200 000 euro per prosjekt. For andre prosjekt innanfor dette området blir det gjeve stønad på mellom 30 % og 100 % av kostnadene.

- D Mobilisering av ekspertar i katastrofesituasjonar
I tilfelle det skjer katastrofar kan programmet gje stønad til å mobilisere ekspertar som skal stø opp om krisehandteringsapparata i kvart deltakarland.

Programmet dekkjer 100 % av kostnadene ved å sende ut ekspertar i

katastrofesituasjonar.

Gjennomgåande blir alle prosjekta finansierte gjennom kostnadsdeling mellom dei deltakande statane, Europakommisjonen og dei institusjonane eller organisasjonane som søker stønad.

Målgruppe

Institusjonar, organisasjonar og personar med ansvar for katastrofeberedskap. Det er berre juridiske personar som institusjonar, organisasjonar og personar med ansvar for katastrofeberedskap som kan søkje stønad frå programmet. Enkelt-personar kan få stønad gjennom institusjonar og organisasjonar som deltek i prosjekt under programmet.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 327, s. 53-57, 21.12.99 (Rådsavgjerd 99/847/EF av 9. desember 1999)

EØS-avtalens protokoll 31, art. 10

St. prp nr 45 (1999-2000)

Tidslengd

1. januar 2000 til 31. desember 2004.

Økonomisk ramme

Aktivitetar i det nye handlingsprogrammet vil ha ei total økonomisk ramme på 7,5 millionar euro eller ca. 61 millionar kroner.

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

Det norske bidraget til programmet vil vere ca. 206 000 kroner årleg, til saman ca. 1,03 millionar kr for heile programperioden. Dei norske midlane blir løyvde med 60 % over budsjettet til Justisdepartementet via Direktoratet for sivil beredskap, og med 40 % over budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet via Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern.

Det kan ikkje gjerast ei nøyaktig utrekning av kva som kjem attende til Noreg gjennom stønad til norske deltakarar i programmet, fordi det ikkje ligg føre tal over ressursar til norske deltakarar som inngår i europeiske samarbeidsprosjekt leia av aktørar frå andre land. Det eine norskleia prosjektet som vart gjennomført under det føregåande handlingsprogrammet i 1999, mottok i alt ca. 500 000 kr i stønad.

Supplerande finansieringskjelder

Det er ikkje lagt opp til supplerande stønadsordningar utover den stønaden som kjem direkte frå programmet.

Norske deltakarar

Hausten 2000 var det ingen norskleia prosjekt innanfor programmet. Direktoratet for sivil beredskap leia i 1999 eit prosjekt for å førebyggje kriser under tiltaksområdet for store prosjekt som har generell interesse for deltakarlanda. Prosjektet, eit seminar om å bruke risiko- og fareanalysar i EU-/EØS-området vil når

prosjektet sluttar, motta ca. 75 % av totalkostnadene frå EU. Fleire norske ekspertar og statstenestemene nn deltek i fleire prosjekt leia av andre deltakarland innanfor dei ulike tiltaksområda i programmet. Til det får dei heilt eller delvis dekt kostnader i samband med å delta på møte, i arbeidsgrupper og konferansar. Representantar frå Direktoratet for sivil beredskap og Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern får også delvis dekt utgiftene i samband med deltaking på møte i styringskomiteen for programmet.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Justisdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet har det overordna nasjonale og politiske ansvaret for den norske deltakinga i handlingsprogrammet for katastrofeberedskap. Direktoratet for sivil beredskap (DSB) har hovudansvaret for det jamlege koordinerings- og informasjonsarbeidet for den norske deltakinga i programmet. DSB har også ei viktig formidlar- og rettleiarrolle i samband med søknader til programmet frå norske aktørar. DSB samarbeider med Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern (DBE) om koordineringa av programmet, og DBE tek seg av oppfølginga av dei delane av programmet som vedkjem kompetanseområdet deira. Både DSB og DBE deltek med representantar i styringskomiteen for programmet.

DSB og DBE driv eit avgrensa informasjonsarbeid retta mot målgruppene for handlingsprogrammet. I samband med det er det oppretta ei kontaktgruppe i Noreg der det etter behov blir kalla inn til informasjonsmøte. Generell informasjon om handlingsprogrammet er lagd ut på heimesida til DSB på adressa: <http://www.dsb.no/>

Dei to etatane som har ansvar for å følgja opp programmet kan kontaktast på desse adressene:

Direktoratet for sivil beredskap
Plan- og tilsynsavdelinga, sekretariatet
Postboks 8136 Dep
0033 Oslo
Telefon: 22 35 84 00
Telefaks: 22 35 17 81
E-post: postmottak@dsb.dep.no

Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern
Postboks 355 Sentrum
3101 Tønsberg
Telefon 33 39 88 00
Telefaks 33 31 06 60
E-post: postmottak@dbe.dep.no

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Frå EU si side blir handlingsprogrammet for katastrofeberedskap styrt og administrert av Generaldirektoratet for miljø i Europakommisjonen (tidlegare DG XI), direktorat C3 "sivilt vern". I styringa av programmet er det etablert ein komité som består av representantar for alle dei deltakande landa. Komiteen

vedtek ein treårig rullerande plan for gjennomføringa av programmet og tildeler stønad til prosjekt etter innstilling frå Europakommisjonen.

Generaldirektoratet for miljø har publisert eit omfattande informasjonsmateriale om sivil- og katastrofeberedskap generelt og handlingsprogrammet for katastrofeberedskap spesielt. Mykje av informasjonsmaterialet er publisert på Internett på adressa: <http://europa.eu.int/comm/environment/civil/>

Den ansvarlege eininga i Generaldirektoratet for miljø kan kontaktast på denne adressa:

European Commission
Directorate-General ENVIRONMENT
Directorate Nuclear Safety and Civil Protection
Civil Protection Unit
TRMF 174
Wetstraat 200, rue dei la Loi
B-1049 Brussels
Belgium
Faks: +32-2-29.90314
E-post: civil-protection@cec.eu.int

4.9 Kultur

Frå 1. januar 2000 vedtok EU å samordne programaktivitetane på kultur området i rammeprogrammet Kultur 2000. Rammeprogrammet inneber ei samordning av kulturstønad i EU i eit integrert program som erstattar dei tre avslutta kulturprogramma Kaleidoskop (utøvande og skapande kunst), Ariane (litteratur) og Rafael (kulturminnevern).

Omtalen av EUs programaktivitet på kulturområdet vil i hovudsak ta utgangspunkt i Kultur 2000, men dei føregåande programma som Kultur 2000 byggjer på, vil bli omtala der det høver inn.

Kultur 2000

Rammeprogrammet femner om heile kulturfeltet, det vil seie alle kunststartar, andre kulturytringar og kulturvern, inklusiv kulturminnevern som tidlegare var omfatta av dei opphavlege programma på kulturområdet; Kaleidoskop, Ariane og Rafael. Prioriteringane og organiseringa av tiltaksområda gjev likevel større rom for prosjekt som går på tvers av kunstneriske genrar og område på kulturfeltet enn den tidlegare strukturen med tre åtskilde program. Det nye rammeprogrammet opnar også for meir langvarig stønad enn tidlegare. Stønad til kvart prosjekt har også auka monaleg i høve til dei føregåande programma på kulturområdet.

EU har opna for at til saman 14 land i tillegg til dei 15 EU-landa kan delta i MEDIA II. Dette er EFTA-EØS-landa og søkjarlanda i Aust- og Sentraleuropa i tillegg til Kypros. Det er også opna for at andre tredjeland som har inngått assosierings- eller samarbeidsavtalar med EU som femner om kultur, kan delta i

heile eller delar av rammeprogrammet. Ved oppstarten av programmet var det likevel berre EFTA-EØS landa Island, Liechtenstein og Noreg som deltok i programmet i tillegg til EU-landa.

Noreg har delteke i kultursamarbeidet i EU frå 1996, og norsk deltaking i Kultur 2000 vart formelt vedteke i EØS-komiteen i mai 2000.

Formål

Målsetjingane for det nye rammeprogrammet er å:

- ?? fremje kulturdialogen og den gjensidige kjennskapen til kultur og historie for dei europeiske folka
- ?? fremje skaparevne og kulturspreiing over landegrensene og mobilitet for kunstnarar, skapande personar, andre kulturaktørar og fagfolk i tillegg til verka deira, særleg med vekt på unge og vanskelegstilte menneske og på kulturelt mangfald
- ?? framheve det kulturelle mangfaldet og utvikle nye kulturelle uttrykksformer
- ?? utveksle og framheve på europeisk plan den felles kulturarven som har europeisk verdi
- ?? spreie fagkunnskap og fremje gode framgangsmåtar for å ta vare på og verne denne kulturarven
- ?? ta omsyn til kva kulturen har å seie i den sosioøkonomiske utviklinga
- ?? fremje tverrkulturell dialog og gjensidig utveksling mellom europeiske og ikkje-europeiske kulturar
- ?? uttrykkeleg godkjenne kulturen som ein økonomisk faktor og som ein faktor for sosial integrering og borgarskap
- ?? betre tilgangen til og deltakinga i kulturverksemda i Den europeiske union for flest moglege borgarar

Innhald

Kulturstønad vil bli fordelt på tre tiltaksområde eller aksjonar:

- A Spesielle, nyskapande og/eller eksperimentelle aksjonar
Under dette tiltaksområdet blir det gjeve stønad til hendingar og prosjekt som blir gjennomførte i partnerskap eller i nettverk. Prosjekta skal omfatta minst tre statar som deltek i Kultur 2000 programmet. Tiltaka skal i prinsippet strekkje seg over eit tidsrom på eitt år og kan forlengjast med ytterlegare to år. EU dekkjer inntil 60 % av prosjektkostnadene, normalt innanfor ei ramme på 50 000 til 150 000 euro (ca. 410 000 til 1,23 millionar kr).
- B Integrerte tiltak organiserte ved fleirårige, transnasjonale kultursamarbeidsavtalar
Gjennom dette tiltaksområdet skal Kultur 2000 programmet oppmuntre til nærmare samband og lagarbeid ved å stø kulturelnettverk og særleg nettverk av aktørar, kulturorgan og kulturinstitusjonar, særleg der fagfolk frå dei ulike deltakande statane medverker for å gjennomføre strukturerte kulturprosjekt både innanfor og utanfor EU. Det blir gjeve stønad til samarbeidsavtalar som femner om minst fem statar som deltek i Kultur 2000 programmet. Samarbeidsavtalane kan få stønad for eit tidsrom på inntil tre år. EU dekkjer inntil

60 % av budsjettet for kultursamarbeidsavtalane, inntil 300 000 euro per år (ca. 2,46 millionar kroner).

- C Spesielle kulturtiltak med ein europeisk og/eller ein internasjonal dimensjon
Det blir her gjeve stønad til kulturtiltak med stort omfang og som når langt med stor gjennomslagskraft. Under dette området blir det mellom anna gjeve stønad til europeiske kulturhovudstader og europeiske kulturminnelaboratorium. EU dekkjer inntil 60 % av budsjettet for kulturhendingane, innanfor ei ramme på frå 200 000 til 1 million euro (ca. 1,64 til 8,2 millionar kr) for europeiske kulturbyar og frå 150 000 til 300 000 euro (1,23 til 2,46 millionar kroner) for andre kulturtiltak.

Innanfor dei tre tiltaksområda kan prosjekta vere organiserte vertikalt eller horisontalt. Vertikale prosjekt inneber prosjekt innanfor éin genre i utøvande og skapande kunst, til dømes musikk, scenekunst, biletkunst, fotografi, arkitektur, nye kulturelle uttrykk, barnekultur og gatekunst. Samarbeidsprosjekt for å fremje bøker og lesing og stø omsetjing er også omfatta av programmet. Vidare vil det bli gjeve midlar til å ta vare på kulturarv som har europeisk verdi; til immateriell og materiell kulturarv og til kulturminne, t.d. museum og samlingar, bibliotek og arkiv, marin arkeologi, arkitektonisk kulturarv, arkeologiske og arkitektoniske kulturminne, kulturmiljø og naturlandskap. Den horisontale metoden har som mål å fremje synergi og utvikle kulturell kreativitet og skapande verksemd, både ved å fremje tverrsektorielle aktivitetar som vedkjem fleire kulturområde, og ved stønad til felles aktivitetar som vedkjem fellesskapsprogram og fellesskapspolitikk på ulike område, særleg når det gjeld utdanning, ungdom, yrkesopplæring, sysselsetjing osv.

Søknader om stønad skal sendast direkte til Europakommisjonen innan fastsette fristar som kjem fram i årlege utlysingar av midlar. Samarbeidsprosjekt som blir leia av norske kulturaktørar, konkurrerer på lik line med prosjekt frå EU-medlemsland og andre deltakande land i programmet.

Målgruppe

Kunstnarar, kunst- og kulturorganisasjonar/-institusjonar.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 63, s. 1-9, 10.3.2000, (Europaparlaments- og rådsavgjerd 2000/508/EF av 14. februar 2000)
EØS-avtalens protokoll 31, art. 13
St. prp. nr. 37 (1999-2000)

Tidslengd

Programmet vil gå over 5 år frå 1. januar 2000 til 31. desember 2004.

Økonomisk ramme

Det er vedteke ei kostnadsramme på 167 mill euro. Det er retningsliner for fordelinga mellom dei tre tiltaksområda; 45 % til nyskapande prosjekt, 35 % til tiltak baserte på fleirårige kultursamarbeidsavtalar, 10 % til store kultur-

arrangement og dei resterande 10 % til andre utgifter; mellom anna teknisk assistanse.

Norsk del og utbetalingar frå programmet

Samla betaling for den norske deltakinga i kulturprogram i EU var nærmare 14 mill. kroner i perioden 1996 til 1999.

For Kultur 2000 vil den norske delen av programkostnadene bli i om lag 25 millionar kr fordelte over dei 5 åra programmet varer. I tillegg kjem bidraget frå EFTA/EØS-landa til felles administrasjon av programmet, medrekna ein norsk nasjonal ekspert som er tilknytt Europakommisjonen. I gjennomsnitt reknar ein med at dei samla utgiftene ved norsk deltaking blir ca. 6 til 6,5 millionar kroner per år.

Det er vanskeleg å gjere ei nøyaktig utrekning av kva som kjem attende til Noreg gjennom stønad til norske kunstnarar og kulturorganisasjonar, fordi det ikkje ligg føre tal over ressursar som blir gjevne til norske deltakarar som inngår i europeiske samarbeidsprosjekt leia av aktørar frå andre land. For prosjekt leia av norske kunst- og kulturorganisasjonar/institusjonar i perioden 1996 til 1999, er den mottekne stønaden høgare enn den samla kontingenten som den norske staten har betalt i same tidsrommet for å delta i programma Kaleidoskop, Ariane , Rafael og prøveprosjektet for Kultur 2000 (Pilot 1999). Tabellen under viser stønaden til prosjekt med norsk leiing i perioden 1996 –1999 (prosjekt med norsk deltaking er ikkje medrekna:

I millionar kr	1996	1997	1998	1999	Totalt
Kaleidoskop	0,5	1,5	1,4	1,2	4,6
Ariane	0,5	0,3	0,5	1,3	2,6
Rafael	0	1,4	2,9	2,4	6,7
Pilot 1999				1,0	1,0
Sum	1,0	3,2	4,8	5,9	14,9

For Kultur 2000 hadde tre norskleia prosjekt fått tilsegn om ca. 2,3 millionar kr i stønad etter utlysingane i 2000.

Supplerande finansieringskjelder

Norske deltakarar står fritt til å søkje supplerande finansiering frå andre kjelder for å delta i prosjekt under Kultur 2000. Norsk kulturråd kan stø aktivitetar i Noreg i tilknytning til prosjekt under Kultur 2000.

Norske deltakarar

På dei vel fire åra som Noreg har delteke i EU-program på kulturområdet, har det vore ein gradvis auke i norsk deltaking i ulike prosjekt. Norske kunstnarar, kulturinstitusjonar og organisasjonar har i perioden 1996-2000 til saman leia 63 prosjekt som har fått stønad frå dei respektive tre kulturprogramma Kaleidoskop, Ariane og Rafael. I tillegg har bøker til 21 norske forfattarar kome ut på utlandske forlag, omsette med stønad frå EU. Norske kulturorganisasjonar og kunstnarar har også vore medarrangørar/deltakarar i 44 andre prosjekt som har fått stønad frå EU.

I 1999 var det lyst ut midlar til prøveprosjekt for det nye rammeprogrammet (pilot 1999). To norskleia prosjekt innanfor fritheater og samtidsmusikk fekk stønad som prøveprosjekt.

For Kultur 2000 programmet har norske aktørar fått stønad til fleire prosjekt. I 2000 har desse prosjekta med norsk leiing motteke stønad:

- ?? Samtidsmusikk (BIT 20 Ensemble)
- ?? Teater (Dei utvalde)
- ?? Kulturvern (Hardanger Fartøyvernssenter)

I tillegg kjem prosjekt der norske institusjonar deltek som medarrangør:

- ?? Samtidskunst (Museumet for samtidskunst)
- ?? Arkitektur (Norsk Arkitekturmuseum)
- ?? Scenekunst (Bergen Internasjonale Teater, Carte Blanche, Det norske teatret)
- ?? Kystkultur (Forbundet kysten)
- ?? Litteratur (Norsk kulturråd)

Nettverk:

- ?? Ultima - nettverk for samtidsmusikk
- ?? Landslaget for spelemenn og Rikskonsertane - nettverk for tradisjonell musikk
- ?? Norsk musikkinformasjon - IMAIC-nettverket.

Innanfor omsett litteratur har åtte norske forlag fått stønad til omsetjing til norsk av til saman 27 bøker av europeiske forfattarar og til andre språk av tre norske romanar.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Kulturdepartementet har det overordna nasjonale og politiske ansvaret for den norske deltakinga i Kultur 2000. Kulturdepartementet deltek i forvaltningskomiteen for programmet.

Norsk kulturråd er nasjonalt kontaktpunkt for Kultur 2000 programmet, med ansvar for informasjon og rådgjeving av potensielle søkjarar i Noreg til kulturprogram i EU. Arbeidet blir gjort i samarbeid med NORLA (Norsk litteratur i utlandet), Norsk museumsutvikling og Riksantikvaren. Norsk kulturråd deltek i eit nettverk mellom dei nasjonale kontaktpunkta for programmet i landa som deltek i programmet. Dette nettverket møtest jamleg og arbeider for å etablere ein partner- og prosjektdatabase for programmet.

Meir informasjon om å søkje stønad frå kulturprogram i EU, finn ein på Kulturrådets heimeside: <http://www.kulturrad.no>

Norsk kulturråd kan kontaktast på adressa:

Norsk kulturråd
Grev Wedels plass 1
0151 Oslo
Telefon: 22 47 83 30

Telefaks: 22 33 40 42
E-post: kultur@kulturrad.dep.no

I samband med Kulturprogrammet har Noreg fått høve til å utplassere ein nasjonal ekspert tilknytt Generaldirektoratet for utdanning og kultur i Europakommisjonen. Fram til mars 2003 er det Brit Holtebekk som har denne stillinga. Ho kan kontaktast på denne adressa:

Brit Holtebekk
Education and Culture DG (EAC)/C2
Tlf.: +32 2 296 96 63
Faks: +32 2 299 92 83
E-post: brit.holtebekk@cec.eu.int

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Frå EU si side blir Ung i Europa styrt og administrert av Generaldirektoratet for utdanning og kultur i Europakommisjonen (tidlegare DG XXII), direktorat C "Kultur, audiovisuell politikk og sport". Europakommisjonen får assistanse av ein programkomité der alle dei deltakande landa i programmet er representerte.

Generaldirektoratet for utdanning og kultur er også ansvarleg for å handsame søknader til Kultur 2000. Prosjekta blir valde ut etter at fagjuryar av uavhengige ekspertar har vurdert den kunstneriske kvaliteten på prosjekta og forvaltningskomiteen har godkjent innstillinga.

Generaldirektoratet for utdanning og kultur har publisert eit omfattande materiale om europeisk kultursamarbeid. Mykje av informasjonsmaterialet er publisert på Internett på adressa: http://europa.eu.int/comm/culture/index_en.html

Den ansvarlege eininga i Generaldirektoratet for utdanning og kultur kan kontaktast på denne adressa:

European Commission
Directorate-General for Education and Culture
Policy development in the cultural sphere – Culture 2000 Programme
Rue dei Trèves, 120 – Office 5/51
B-1049 Brussels
E-post: eac-culture@cec.eu.int

4.10 Energi og miljøtilknytt energiverksemd

EU har på heile 1990-talet finansierte ulike program innanfor energi og miljøtilknytt energiverksemd. I 1998 vedtok Rådet å samle eksisterande EU-program og energipolitiske tiltak, med unntak av forskingsprogram for energi som er omfatta av rammeprogramma for forskning og utvikling, under eit felles rammeprogram. Etter planen skal rammeprogrammet omfatte seks underprogram/tiltak.

EFTA-EØS-landa fekk lov til å delta i nokre av programma på dette området frå 1996. Noreg deltok hausten 2000 i programma Save II (energiøkonomisering), Altener II (energikjelder som kan fornyast) og ETAP (studiar, analysar, prognosar og anna som er knytt til arbeidet i energisektoren). Noreg deltek i tillegg i

programmet for Energi, miljø og berekraftig utvikling under Det femte ramme-programmet for forskning og utvikling. Det programmet er omtala i pkt. 4.1.1. i denne rapporten.

Omtalen av programma på energiområdet vil vere konsentrert om dei tre (under-) programma som Noreg for tida deltek i. I tillegg vil hovudstrukturen i ramme-programmet bli kort omtala.

4.10.1 Rammeprogram for energi

Rammeprogrammet for energi femner om EU-tiltak på energi og energiverksemd som er knytt til miljø. Samordninga av tiltaka på energiområdet vart vedteke i 1998, men ved årsskiftet 2000/2001 var arbeidet med å integrere dei ulike programma i det felles rammeprogrammet framleis ikkje avslutta, og ramme-programmet var difor ikkje formelt teke til å gjelda.

Rammeprogrammet for energi er berre ope for EU-landa, men dei einskilde særprogramma vil i varierende grad, og etter nærmare forhandlingar, vere opne for deltaking frå interesserte tredjeland. EFTA-EØS landa deltok ved årsskiftet 2000/2001 i tre av programma som var underlagde rammeprogrammet: Save II, Altener II og ETAP.

Formål

Formålet med rammeprogrammet for energi er å freiste å sikre openskap, koordinering, forenkling og effektivitet i gjennomføringa av EU-tiltaka på området energi og miljøtilknytt energiverksemd. Rammeprogrammet skal også medverke til å nå desse overordna målsetjingane for energipolitikken:

- ?? forsyningstryggleik,
- ?? konkurransedugleik og
- ?? vern av miljøet

Innhald

Rammeprogrammet inneheld seks ulike tiltaksområde/underprogram:

1. Program for studiar, analysar, prognosar og anna arbeid knytt til energisektoren (ETAP)
2. Tiltak for å styrkje det internasjonale energisamarbeidet (SYNERGI)
3. Program for å fremje energikjelder som kan fornyast (ALTENER II)
4. Program for å fremje energieffektivitet (SAVE II)
5. Program for å fremje bruken av miljøvenleg teknologi for fast brensel (CARNOT)
6. Tiltak for å auke tryggleiken på det kjernefysiske området, mellom anna ved å betre transporten av radioaktive materiale (SURE).

Innanfor kvart tiltaksområde/program vil det bli vedteke separate Rådsavgjerder med nærmare retningsliner for oppstart og drift.

Målgruppe

Nasjonale styresmakter, utdannings- og forskingsinstitusjonar, organisasjonar og offentlege og private verksemdar på energiområdet.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 007, s. 16-19, 13.01.1999, (Rådsavgjerd 1999/21/EF, Euratom av 14. desember 1998).

Tidslengd

1. januar 1998 til 31. desember 2002. Rammeprogrammet var enno ikkje fullt implementert ved årsskiftet 2000/2001.

Økonomisk ramme

170 millionar euro for heile programperioden. Budsjetta for SAVE II og ALTENER II utgjer til saman ca. 80 % av totalbudsjettet for rammeprogrammet.

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

Sjå omtale under programma SAVE II, ALTENER II og ETAP.

Supplerande finansieringskjelder

Sjå omtale under programma SAVE II, ALTENER II og ETAP.

Norske deltakarar

Sjå omtale under programma SAVE II, ALTENER II og ETAP.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Olje- og energidepartementet (OED) har det overordna nasjonale og politiske ansvaret for ei norsk deltaking i programverksemda i EU på energiområdet. OED deltek i styringskomiteane for SAVE II og ALTENER II, og vil delta i den felles styringskomiteen som skal etablerast under Rammeprogrammet for energi når denne komiteen handsamar saker med relevans for programma SAVE II, ALTENER II og ETAP.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har ansvar for å vurdere norske prosjektforslag til SAVE II, ALTENER II og ETAP. I samband med det gjer NVE og OED ei førehandsgodkjenning av prosjekt som skal fremjast frå Noreg i styringskomiteen. Det er likevel mogeleg for norske søkjarar å sende søknader direkte til Europakommisjonen utan at prosjekta er vurderte og førehandsgodkjende av norske styresmakter.

NVE hjelper OED i arbeidet med å informere om Rammeprogrammet for energi og dei underprogramma som Noreg deltek i. Informasjonsarbeidet har vore vidareformidling av utlysingar og anna informasjonsmateriale frå Europakommisjonen til målgruppa for programmet. Elles er det gjeve ut lite informasjonsmateriale om programmet i Noreg.

I samband med deltakinga i SAVE og ALTENER har Noreg plassert ut to nasjonale ekspertar i Generaldirektoratet for energi og transport i Europakommisjonen. Dette er:

SAVE:

Jan Børresen

Transport and Energy DG (TREN)/D3

Tlf.: +32 2 296 68 83
Faks: +32 2 296 60 16
E-post: jan.borresen@cec.eu.int

ALTENER:
Hans Jakob Mydske
Transport and Energy DG (TREN)/D2
Tlf.: +32 2 296 79 90
Faks: +32 2 296 62 61
E-post: hans-jakob.mydske@cec.eu.int

Kontraktane til Børresen og Mydske gjeld fram til høvesvis mars 2002 og september 2003.

Dei ansvarlege organa i Noreg for å følgje opp programma kan kontaktast på desse adressene:

Olje- og energidepartementet
Energi- og vassdragsavdelinga
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Enøk- og marknadsavdelinga
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo
Telefon 22 95 95 95,
Telefaks 22 95 90 00

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Frå EU si side blir Rammeprogrammet for energi styrt og administrert av Generaldirektoratet for energi og transport i Europakommisjonen (tidlegare DG XVII). Europakommisjonen blir assistert av ein programkomité der alle dei deltakande landa i programmet er representerte.

Generaldirektoratet for energi og transport har publisert lite informasjonsmateriale spesifikt om Rammeprogrammet for energi. Det finst meir informasjonsmateriale tilgjengeleg om dei ulike særprogramma som skal inngå i rammeprogrammet, t.d. programma SAVE II, ALTENER II og ETAP som Noreg deltek i, men det meste av informasjonen er basert på den tidlegare strukturen med separate program. Mykje av informasjonsmaterialet er publisert på Internett på adressa: http://europa.eu.int/comm/energy/index_en.html

Ein del informasjon om rammeprogrammet og underprogramma er også tilgjengeleg på forskingsdatabasen til EU, Cordis: <http://www.cordis.lu/>

Den ansvarlege eininga i Generaldirektoratet for energi og transport kan kontaktast på denne adressa:

European Commission

Directorate-General for Energy and Transport
Rue de la Loi 200
B-1049 Brussels
E-post: tren-info@cec.eu.int

SAVE II - Fleirårig program for å fremje energieffektivitet

SAVE er EUs ikkje-teknologiske energieffektiviseringsprogram (enøk-program). Formålet med SAVE-programmet er å stø arbeidet i medlemslanda med ei betre utnytting av energiressursane. Programmet skal samtidig medverke til å avgrense dei skadelege innverknadene energiforbruket har på miljøet, og er, saman med ALTENER-programmet for energi som kan fornyast, tenkt som eit viktig ledd i EUs strategi for å redusere CO²-utslepp.

Det første SAVE-programmet vart vedteke i 1993, medan det noverande programmet, SAVE II, starta opp 1. januar 1996. Frå 2000 inngår SAVE II-programmet som eit underprogram i EUs Rammeprogram for energi (sjå pkt. 4.10.1). EU har opna for at EØS-EFTA-landa, søkjarlanda i Aust- og Sentraleuropa i tillegg til Kypros kan delta i programmet. Noreg har delteke i SAVE II sidan oppstarten av programmet i 1996.

Formål

Hovudformålet med SAVE-programmet er:

- ?? Stimulere til energieffektiviseringstiltak innanfor alle sektorar
- ?? Oppmuntre private og offentlege forbrukarar og industrien til å investere i energisparing
- ?? Leggje tilhøva til rette for å redusere sluttforbruket av energi

Innhald

Gjennom SAVE-programmet kan ein få stønad til energieffektivitetstiltak innanfor desse områda:

- ?? Teknisk evaluering og undersøkingar for å fastslå standardar og spesifikasjonar
- ?? Undersøkingar av innverknaden energiprisane har på energieffektiviteten og undersøkingar med tanke på innføre energieffektivitet i andre EU-program
- ?? Overvaking av framsteg innanfor energieffektivitet
- ?? Målretta forsøksprosjekt for å stimulere til auka enøk-investeringar og betre forbruksmønster
- ?? Prosjekt for å få ei betre effektiv energiutnytting i bygningar, utstyr, transport og industri
- ?? Opplysnings- og formidlingsaktivitetar
- ?? Utveksling av erfaringar mellom styresmakter på alle nivå
- ?? Tiltak for å stø organiseringa av enøk-tiltak på regionalt og lokalt nivå

Normalt blir det gjeve stønad på inntil 50 % av prosjektkostnadene. Det blir ikkje gjeve stønad til tekniske investeringar under SAVE II.

Målgruppe

Nasjonale og lokale styresmakter, utdannings- og forskingsinstitusjonar, organisasjonar og offentlege og private verksemder på energiområdet. Berre juridiske personar kan søkje stønad frå programmet.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 079, s. 6, 30/03/2000 (Europaparlaments- og rådsavgjerd 647/2000/EF av 28. februar 2000)

EF-tidende nr. L 007, s. 16-19, 13.01.1999, (Rådsavgjerd 1999/21/EF, Euratom av 14. desember 1998)

EØS-avtalens protokoll 31, art. 14

St. prp. nr. 13 (2000-2001)

St. prp. nr. 52 (1996-97)

Tidslengd

Opphavleg var tidslengda på programmet fastsett til perioden 1. januar 1996 til 31. desember 2000. I og med at programmet skal integrerast i Rammeprogrammet for energi vil tida på programmet følgje det. Rammeprogrammet for energi gjeld frå 1. januar 1998 til 31. desember 2002.

Økonomisk ramme:

Opphavleg 45 millionar euro for perioden 1996 til 2000. I det reviderte budsjettet vedteke i samband med integreringa av SAVE II i rammeprogrammet for energi, er det fastsett eit budsjett på 66 millionar euro for perioden 1998 til 2002.

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

Det norske tilskotet til SAVE II-programmet utgjer ca. 1,8 % av budsjettet for programmet. I dei første åra av programmet utgjorde det norske bidraget ca. ein million kroner per år. Det norske bidraget har stige til ca. 2 millionar kr per år frå 2000. Totalt vil det norske tilskotet til SAVE II utgjere ca. 10 millionar kr for heile programtida (1996-2002). I tillegg kjem utgifter i samband med administrasjon og oppfølging av programmet på norsk side og utgifter i samband med ein norsk nasjonal ekspert som er tilknytt Europakommisjonen i samband med SAVE-programmet. Desse utgiftene inngår i dei ordinære driftsbudsjetta til Olje- og energidepartementet og Noregs vassdrags- og energidirektorat, og det er difor ikkje mogeleg å spesifisere dei eksakt.

Norske styresmakter bidreg også med supplerande finansiering til norske deltakarar i programmet. Desse midlane utgjer ca. 1,5 til 2 millionar kr per år.

I perioden 1996 til 2000 har norske søkjarar fått tilsegn om ca. 1,4 millionar kr frå SAVE-programmet til prosjekt som har vore behandla av norske faginstansar. I tillegg kjem midlar til prosjekt der norske aktørar har søkt direkte til Europakommisjonen og/eller delteke i prosjekt leia av aktørar frå andre deltakande land.

Supplerande finansieringskjelder

Noregs vassdrags- og energidirektorat disponerer midlar som kan tildelast norske deltakarar i SAVE II-programmet utover det søkjarane mottek direkte frå programmet.

Norske deltakarar

I 2000 deltok det norske aktørar i ni prosjekt under SAVE som var godkjende og behandla av norske faginstansar. I tillegg vart det utbetalt bidrag frå Europakommisjonen til arbeid med støtte og vurdering av SAVE-prosjektsøknader i Noreg. Dei to norske institusjonane med den mest omfattande deltakinga i SAVE-programmet er Institutt for energiteknikk og Norsk Enøk og Energi. Eit fullstendig oversyn over norske deltakarar i prosjekt som er behandla av norske faginstansar, kan ein få ved å vende seg til Noregs Vassdrags- og energidirektorat (NVE).

I tillegg til dei ovanfor nemnde prosjekta har fleire norske aktørar søkt midlar direkte frå Europakommisjonen og/eller delteke som partnerar i prosjekt leia av aktørar frå andre deltakande land i SAVE. Det finst ikkje særskilde oversyn over desse prosjekta, men alle godkjende prosjekt under SAVE skal i prinsippet vere lagde inn i EUs forskingsdatabase CORDIS (www.cordis.lu).

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Sjå omtale under Rammeprogram for energi.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Sjå omtale under Rammeprogram for energi.

ALTENER II - fremje av energikjelder som kan fornyast

ALTENER er EUs program for å stimulere til auka bruk av energikjelder som kan fornyast. Programmet skal samtidig medverke til å avgrense dei skadelege innverknadene som energiforbruket kan ha på miljøet, og er, saman med SAVE-programmet for energiøkonomisering, tenkt som eit viktig ledd i EUs strategi for å redusere CO²-utslepp.

Det første ALTENER-programmet byrja i 1993, medan programmet som går no, ALTENER II, starta opp 1. januar 1998. Frå 2000 inngår ALTENER II-programmet som eit underprogram i EUs Rammeprogram for energi (sjå pkt. 4.10.1). EU har opna for at EØS-EFTA-landa og søkjarlanda i Aust- og Sentraleuropa, i tillegg til Kypros og Malta kan delta i programmet. Noreg har delteke i ALTENER-programma frå 1996.

Formål

Hovudformålet med ALTENER II-programmet er:

- ?? Avgrense/ redusere utslepp av CO²
- ?? Auke mengda av varige energikjelder i energibalansen
- ?? Redusere behovet for energiimport
- ?? Bidra til auka forsyningstryggleik og økonomisk utvikling

Innhald

Tiltak på desse områda kan få finansiering frå programmet:

- ?? Tiltak for å utnytte potensialet til energikjelder som kan fornyast

-
- ?? Pilottiltak som kan etablere strukturar og instrument som medverkar til å utvikle energikjelder som kan fornyast
 - ?? Tiltak for å utvikle opplysnings-, nettverks- og utdanningsstrukturar for å spreie informasjon og kunnskap om energikjelder som kan fornyast
 - ?? Målretta tiltak som lettar marknadssituasjonen og stimulerer til investeringar i energi som kan fornyast
 - ?? Overvakings- og evalueringstiltak

Målgruppe

Nasjonale og lokale styresmakter, utdannings- og forskingsinstitusjonar, organisasjonar og offentlege og private verksemdar på energiområdet. Berre juridiske personar kan søkje stønad frå programmet.

Relevante avgjerder:

EF-tidende nr. L 079, s. 1-5, 30/03/2000 (Europaparlaments og rådsavgjerd 646/2000/EF av 28.februar 2000)

EF-tidende nr. L 007, s. 16-19, 13.01.1999, (Rådsavgjerd 1999/21/EF, Euratom av 14. desember 1998)

EØS-avtalens protokoll 31, art. 14

St. prp. nr. 14 (2000/2001)

Tidslengd

1. januar 1998 til 31. desember 2002.

Økonomisk ramme

Opphavleg vedtok Rådet ei løyving på 22 millionar euro (ca. 178 millionar kr) for perioden 1998 til 1999. Vidare finansiering av programmet skulle sjåast i samanheng med integreringa av ALTENER II i rammeprogrammet for energi. I samband med denne integreringa har Rådet vedteke eit budsjett på 77 millionar euro (ca. 624 millionar kr) for perioden 1998 til 2002.

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

Det norske tilskotet til ALTENER II-programmet utgjer ca. 1,8 % av programbudsjettet. I dei første to åra av programtida (1998-99) utgjorde det norske bidraget ca. 3,6 millionar kroner. Bidraget har stige til ca. 2,5 millionar kr per år frå 2000. Totalt vil norske tilskot til ALTENER II utgjere ca. 11 millionar kr i programperioden (1998-2002). I tillegg kjem utgifter i samband med administrasjon og oppfølging av programmet på norsk side og utgifter i samband med ein norsk nasjonal ekspert som er tilknytt Europakommisjonen i samband med ALTENER-programmet. Desse utgiftene inngår i dei ordinære driftsbudsjetta til Olje- og energidepartementet og Noregs vassdrags- og energidirektorat og det er difor ikkje mogeleg å spesifisere dei eksakt.

Norske styresmakter yter også supplerande finansiering til norske deltakarar i programmet. Det utgjer rundt 1,5 til 2 millionar kr per år.

I 2000 har norske søkjarar fått tilsegn om 300 000 kr frå ALTENER-programmet til prosjekt som har vore behandla av norske faginstansar. I tillegg kjem midlar til

prosjekt der norske aktørar har søkt direkte til Europakommisjonen og/eller deltek i prosjekt som er leia av aktørar frå andre deltakande land.

Supplerande finansieringskjelder

Noregs vassdrags- og energidirektorat disponerer midlar som kan tildelast norske deltakarar i ALTENER-programmet utover det søkjarane mottek direkte frå programmet.

Norske deltakarar

I 2000 deltok det norske aktørar i to prosjekt under ALTENER som var godkjende og behandla av norske faginstansar. Eit fullstendig oversyn over norske deltakarar i prosjekt som er behandla av norske faginstansar, kan ein få ved å vende seg til Noregs Vassdrags- og energidirektorat (NVE).

I tillegg til dei ovanfor nemnde prosjekta har fleire norske aktørar søkt midlar direkte frå Europakommisjonen og/eller delteke som partnarar i prosjekt leia av aktørar frå andre deltakande land i ALTENER. Det finst ikkje særskilde oversyn over desse prosjekta.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Sjå omtale under Rammeprogram for energi.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU:

Sjå omtale under Rammeprogram for energi.

ETAP

ETAP er EUs fleirårige program for studiar, analysar, prognosar og anna tilknytt arbeid i energisektoren. Programmet inngår som eitt av seks underprogram/aktivitetsområde i Rammeprogrammet for energi (sjå pkt. 4.10.1).

EU har opna for at EØS-EFTA-landa og søkjarlanda i Aust- og Sentraleuropa i tillegg til Kypros kan delta i programmet. Noreg har delteke i ETAP-programmet frå 1. januar 2000.

Formål

Formålet med ETAP-programmet er å utvikle eit program for regulær overvaking av utviklinga i energimarknader, slik at politiske avgjerder relatert til energi kan gjerast på grunnlag av ein felles analyse.

Innhald:

ETAP-programmet skal medverke til å:

- ?? Opprette ein felles metode i dei deltakande landa for studiar, analysar, prognosar og anna som er knytt til arbeidet i energisektoren
- ?? Fremje samordna analysar av energimarknadene og energipolitikken innanfor dei deltakande landa
- ?? Analysere og evaluere utviklinga i energimarknaden i Europa og i verda elles, m.a. med omsyn til forsyningstryggleiken og konkurranseevna

-
- ?? Analysere og vurdere verknaden av energiproduksjonen og energibruken på miljøet, spesielt med omsyn til klimaendringar
 - ?? Medverke til å identifisere og overføre dei beste analysemetodane og god kunnskap
 - ?? Fremje informasjonsnett i energisektoren
 - ?? Føre ein aktiv politikk for å spreie resultat
 - ?? Utvikle metodar for å overvake gjennomføringa av Rammeprogrammet

Målgruppe

Nasjonale styresmakter, utdannings- og forskingsinstitusjonar, organisasjonar og offentlege og private verksemdar på energiområdet. Berre juridiske personar kan søkje stønad frå programmet.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 007, s. 20, 13/01/1999 (Rådsavgjerd 1999/22/EF av 14. desember 1998)

EF-tidende nr. L 007, s. 16-19, 13.01.1999, (Rådsavgjerd 1999/21/EF, Euratom av 14. desember 1998)

EØS-avtalens protokoll 31, art. 14

St. prp. nr. 51 (1999-2000)

Tidslengd

1. januar 1998 til 31. desember 2002. Noreg har delteke i programmet frå 1. januar 2000.

Økonomisk ramme

5 millionar euro for heile programperioden. Av budsjettet var 2 millionar sette av for perioden 1998 til 1999, medan planen er at dei resterande 3 millionar euro skal nyttast i perioden 2000 til 2002.

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

Det norske bidraget til ETAP-programmet utgjer ca. 1,8 % av totalbudsjettet. For 2000 er det norske bidraget rekna til rundt 220 000 kr. I dei tre åra Noreg deltek i programmet, vil dei norske innbetalingane koma opp i ca. 545 000 kr. I tillegg kjem utgifter i samband med administrasjon og oppfølging av programmet på norsk side. Desse utgiftene inngår i dei ordinære driftsbudsjetta til Olje- og energidepartementet og Noregs vassdrags- og energidirektorat, og det er difor ikkje mogeleg å spesifisere dei eksakt.

Ved årsskiftet 2000/2001 hadde norske aktørar ikkje motteke stønad frå programmet.

Supplerande finansieringskjelder

Norske styresmakter vil kunne yta supplerande finansiering til norske deltakarar i programmet.

Norske deltakarar

Høgskolen i Stavanger er registrert som partner under programmet. Ved årsskiftet 2000/2001 deltok det ikkje norske aktørar i prosjekt under programmet.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Sjå omtale under Rammeprogram for energi.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Sjå omtale under Rammeprogram for energi.

4.11 Folkehelse

I EUs traktatar er det slege fast at EU-landa skal leggje vekt på folkehelseaspektet i utforming og gjennomføring av tiltak i fellesskapet på alle politikkområde. Heimelsgrunnlaget for at EU skal ha aktivitet på helseområdet vart styrkt etter at Amsterdam-traktaten vart vedteken i 1997.

På folkehelseområdet er det etablert spesielle program på område som er rekna for å vere særleg viktige. Hausten 2000 hadde EU i gang i alt åtte program. Dei aktuelle programma er:

- ?? Handlingsprogram for helsefremjande tiltak (1996-2000*)
- ?? Handlingsprogram for kampen mot kreft (1996-2000*)
- ?? Handlingsprogram for å førebyggje AIDS og visse andre smittsame sjukdomar (1996-2000*)
- ?? Handlingsprogram for å førebyggje narkotikamisbruk (1996-2000*)
- ?? Handlingsprogram for helseovervaking (1997-2001*)
- ?? Handlingsprogram for sjukdomar som kjem av ureining (1999-2001*)
- ?? Handlingsprogram for å førebyggje skader og ulukker (1999-2003)
- ?? Handlingsprogram for sjeldne sjukdomar (1999-2003)

Fleire av desse programma skulle i utgangspunktet avsluttast ved utgangen av 2000. Men Europakommisjonen har føreslege at dei seks førstnemnde programma som er merkte med * ovanfor, blir forlengde til 31. desember 2002. Ved årsskiftet 2000/2001 var det enno ikkje gjort endeleg vedtak om dette. Formålet med forslaget til forlenging er å hindre at det oppstår eit tomrom fram til EU etter planen skal setje i gang eit overordna folkehelseprogram frå 2003.

EFTA-EØS-landa har delteke i folkehelseprogrammet i EU frå hausten 1996. Noreg deltok ved årsskiftet 2000/2001 i alle dei ovanfor nemnde programma på folkehelseområdet. EU har også opna for at søkjarlanda til EU frå Aust- og Sentraleuropa og Middehavsområdet kan delta i programma.

Alle programma på folkehelseområdet blir administrerte av dei same organa både i EU og i Noreg. Difor høver det best å omtale desse organa innleiingsvis.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Sosial- og helsedepartementet (SHD) har det overordna nasjonale, politiske og jamlege administrative ansvaret for den norske deltakinga i EUs folkehelseprogram. SHD deltek i styringskomiteane for dei ulike programma, og utgiftene til den norske deltakinga går over budsjettet til SHD.

SHD driv eit avgrensa informasjonsarbeid retta mot relevante norske aktørar på dei områda som kjem inn under programma. Informasjonsarbeidet er i form av nettverk/kontaktgrupper og informasjonsmøte. Det er ikkje utgjeve informasjonsmateriale med tanke på allmenta om programmet i Noreg.

I tilknytning til den norske deltakinga EUs folkehelseprogram har Noreg fått høve til å utplassere tre nasjonale ekspertar i Generaldirektoratet for helse og forbrukarvern i Europakommisjonen. Det er:

Helsefremjande tiltak, helseovervaking og skadeførebygging:
Camilla Sandvik (engasjement fram til august 2003)
Health and Consumer Protection DG (SANCO)/G3
Tlf.: +352 4301 34340
Faks: +352 4301 32059
E-post: camilla.sandvik@cec.eu.int

Tiltak mot kreft, narkotikamisbruk og sjukdomar som kjem av ureining:
Odd Hordvin (engasjement fram til august 2001)
Health and Consumer Protection DG (SANCO)/F2
Tlf.: +352 4301 32697
Faks: +352 4301 34975
E-post: odd.hordvin@cec.eu.int

Sjeldne sjukdomar:
Førebels ikkje tilsett.

Den ansvarlege eininga for programma i SHD kan kontaktast på denne adressa:

Sosial og helsedepartementet
Førebyggings- og rehabiliteringsavdelinga
Postboks 8011 Dep
Tlf.: 22 24 87 01
Faks: 22 24 86 56

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Alle programma på folkehelseområdet blir styrt og administrerte av Generaldirektoratet for helse og forbrukarvern (fram til 1999 vart programma administrerte av tidlegare DG V). Europakommisjonen blir assistert av programkomitear for kvart program, med representantar for landa som deltek i programma. For alle folkehelseprogram utarbeider Europakommisjonen årlege arbeidsprogram. Europakommisjonen har også utvikla system for evaluering, og går gjennom søknadsbehandlinga på basis av faste kriterium for søknadsprosedyre og -behandling.

Generaldirektoratet for helse og forbrukarvern har utgjeve ein god del informasjonsmateriale om dei enkelte programma og om arbeidet som Europakommisjonen gjer på folkehelseområdet. Mykje av det informasjons materialet er tilgjengeleg på Europaservaren på adressa:
http://europa.eu.int/comm/health/index_en.html

Den ansvarlege eininga i Generaldirektoratet for helse og forbrukarvern kan kontaktast på denne adressa:

European Commission
Directorate General: Health and Consumer Protection
Directorate G: Public Health
Bâtiment Jean Monnet
Rue Alcide dei Gasperi
L-2920 Luxembourg

Faks: +352 4301.32059
E-post: sanco-helpline@cec.eu.int

Handlingsprogram for helsefremjande tiltak, helseopplysning, helseutdanning og helseopplæring

Formål

Det overordna formålet for programmet er å medverke til å gjere den generelle helsestandarden i dei deltakande landa betre ved å stø tiltak som medverkar til å auke kunnskapen om risikofaktorar og oppmuntrar folk til å ha eit sunt levesett og ei helsegagnleg åtferd. Konkret vil programmet stø tiltak som styrkjer det helsepolitiske samarbeidet mellom EU-landa og koordineringa av det førebyggjande helsearbeidet i landa.

Innhald

Tiltak som skal gjennomførast etter programmet, femner om:

- ?? Strategiar og strukturar for helsefremjande tiltak
- ?? Særskilde førebyggjande og helsefremjande tiltak
- ?? Helseopplysning
- ?? Helseutdanning
- ?? Yrkesretta opplæring innanfor folkehelse og helsefremjande tiltak

Innanfor dei ovanfor nemnde tiltaksområda kan det gjevast stønad til studiar, analysar, opplæringstiltak, nettverk, erfaringsutveksling og ulike målretta prosjekt. Det kan gjevast stønad til inntil 70 % av prosjektkostnadene.

Målgruppe

Helsestyresmakter på alle nivå, offentlege- og private institusjonar og organisasjonar med verksemd som er relevant for aktivitetsområdet for programmet.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 095, s. 1, 16/04/1996 (Europaparlaments- og Rådsavgjerd 1999/645/EF av 29. mars 1998)

Forslag til Europaparlaments- og Rådsavgjerd om forlenging av visse EF-handlingsprogram om folkehelse [...], KOM(2000) 448 endeleg, 25.07.2000
EØS-avtalens protokoll 31, art. 16

St. prp. nr. 31 (1996-1997)

Tidslengd

1. januar 1996 til 31. desember 2000. Europakommisjonen har føreslege at programmet går fram til 31. desember 2002. Endeleg vedtak om dette vil truleg bli gjort før utgangen av 2001.

Økonomisk ramme

35 millionar euro for heile programperioden (1996-2000). I forslaget til forlenging av programmet har Europakommisjonen føresle ge ei økonomisk ramme på 8,5 millionar euro for perioden 1. januar 2001 til 31. desember 2002.

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

Det norske tilskotet til programmet har vore ca. 1,4 millionar kr per år. Av denne summen er i overkant av 60 % kontingent til programmet, medan den resterande summen er tilskot til administrasjonskostnader, medrekna delvis dekking av utgiftene for ein norsk nasjonal ekspert som arbeider med programmet i Europakommisjonen. I tillegg kjem utgifter med å administrere programmet frå norsk side. I og med at dette arbeidet blir gjort som ein integrert del av verksemda i Sosial- og helsedepartementet er det ikkje mogeleg å spesifisere eksakt kor store desse kostnadene er.

Dei åtte prosjekta der det deltok norske aktørar under programmet, mottok i alt 2 255 812 euro eller ca. 18,5 millionar kr i stønad. Dei fleste av desse prosjekta var store nettverksprosjekt med mellom 15 og 20 deltakande land.

Supplerande finansieringskjelder

Ingen.

Norske deltakarar

Statens helsetilsyn deltek i eit nettverk av helsefremjande organ (ENHPA)

Av i alt 18 prosjekt som fekk stønad frå programmet i 2000, deltok det norske aktørar i 8 prosjekt. Ingen av prosjekta var leia frå Noreg. Oversyn over prosjekt som får stønad av programmet er tilgjengeleg på Europaservaren på:
<http://europa.eu.int/comm/health/ph/programmes/health/projects.htm>

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Sjå innleiande tekst under punkt 4.11 Folkehelse.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Sjå innleiande tekst under punkt 4.11 Folkehelse.

Handlingsprogram for tiltak mot kreft

Den noverande handlingsplanen er ei vidareføring av ein tidlegare handlingsplan for tiltak mot kreft. Den føregåande planen for ein europeisk innsats mot kreft var i perioden 1990 til 1994.

Formål

Handlingsprogrammet skal medverke til å sikre eit høgt nivå for helsevernet ved å utvikle kunnskap om årsakene til kreft og mo gelege metodar til å vinne over kreften. Viktige målsetjingar for tiltak under programmet er å:

- ?? Hindre for tidleg død på grunn av kreft
- ?? Redusere døds- og sjukdomstala på grunn av kreft
- ?? Fremje livskvaliteten ved å betre den allmenne helsesituasjonen
- ?? Fremje den allmenne velferda mellom borgarane, særleg ved å minske dei økonomiske og sosiale følgjene av kreft

Innhald

Tiltak som skal gjennomførast på grunn av programmet, femner om:

- ?? Datainnsamling og forskning
- ?? Opplysning og helseutdanning
- ?? Tidleg diagnostisering og screening
- ?? Opplæring, kvalitetskontroll og -sikring

Innanfor dei ovanfor nemnde tiltaksområda kan det gjevast stønad til å arbeide ut felles målsetjingar, standardisering og innsamling av helseopplysningar, erfaringsutveksling, nettverk, studiar på europeisk plan, pilotprogram og -prosjekt, utarbeiding av rapportar, dokumentasjon og informasjonsmateriale.

Målgruppe

Helsestyresmakter på alle nivå, offentlege- og private institusjonar og organisasjonar med verksemd som er relevant for aktivitetsområdet for programmet.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 095, s. 9, 16/04/1996 (Europaparlaments- og Rådsavgjerd 1999/646/EF av 29. mars 1998)

Forslag til Europaparlaments- og Rådsavgjerd om forlenging av visse EF-handlingsprogram om folkehelse [...], KOM(2000) 448 endeleg, 25.07.2000
EØS-avtalens protokoll 31, art. 16

St. prp. nr. 31 (1996-1997)

Tidslengd

1. januar 1996 til 31. desember 2000. Europakommisjonen har føreslege at programmet går til 31. desember 2002. Endeleg vedtak om dette vil truleg bli gjort før utgangen av 2001.

Økonomisk ramme

64 millionar euro for heile programperioden (1996-2000). I forslaget til forlenging av programmet har Europakommisjonen føreslege ei økonomisk ramme på 31,1 millionar euro for perioden 1. januar 2001 til 31. desember 2002.

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

Det norske bidraget til programmet har vore ca. 2,2 millionar kr per år. Av denne summen er i overkant av 60 % kontingent til programmet, medan den resterande summen er tilskot til administrasjonskostnader, medrekna delvis dekking av utgiftene for ein norsk nasjonal ekspert som arbeider med programmet i

Europakommisjonen. I tillegg kjem utgifter med å administrere programmet frå norsk side. I og med at dette arbeidet blir gjort som ein integrert del av verksemda i Sosial- og helsedepartementet er det ikkje mogeleg å spesifisere eksakt kor store desse kostnadene er.

Det finst ikkje tilgjengeleg statistikk på utbetalingar til prosjekt med norske deltakarar under programmet.

Supplerande finansieringskjelder

Ingen.

Norske deltakarar

I 1999, som er det siste året der det er tilgjengeleg informasjon om prosjekt som har fått stønad frå programmet, er det eitt norskleia prosjekt: "European Prospective Investigation Into Cancer and Nutrition. The Norwegian Women And Cancer Cohort Study". Prosjektet vart leia av institutt for folkehelse ved Universitetet i Tromsø. I tillegg deltok det ein norsk partner i eitt anna prosjekt som fekk stønad frå programmet.

Oversyn over prosjekt som får stønad av programmet er tilgjengeleg på Europaservaren på:
<http://europa.eu.int/comm/health/ph/programmes/cancer/projects.htm>

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Sjå innleiande tekst under punkt 4.11 Folkehelse.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Sjå innleiande tekst under punkt 4.11 Folkehelse.

Handlingsprogram for å førebyggje AIDS og andre smittsame sjukdomar

Programmet er ei vidareføring av EUs tidlegare innsats på området under programmet "Europa mot AIDS".

Formål

Programmet skal medverke til å redusere spreinga av AIDS og andre smittsame sjukdomar og redusere dødstal og helsesvikt frå desse sjukdomane ved å:

- ?? Fremje samarbeid og samordning mellom dei deltakande landa om førebyggjande arbeid
- ?? Stø arbeidet til ikkje-statlege organisasjonar på området

Innhald

Tiltak som skal gjennomførast på grunn av programmet, femner om:

- ?? Overvaking av og kontroll med smittsame sjukdomar
 - ?? Medverke til meir og betre talmateriale, styrkje nasjonale og regionale overvakingssystem, og inkludere dei i nettverk

-
- ?? Betre kvaliteten på og stø samordninga av epidemiologiske overvåkings-system i dei deltakande landa, dessutan stønad til Det europeiske senter for epidemiologisk overvaking av AIDS
 - ?? Opprette eit europeisk nettverk for epidemiologar innanfor folkehelse med tanke på å utvikle felles overvåkingsmetodar og –reiskapar
 - ?? Stø utvikling og utsending av informasjon, inkludert ein EU-bulletin om overvaking av smittsame sjukdomar
 - ?? Auke medvitet om problem i samband med sjukehusinfeksjonar
 - ?? Undersøkje kor effektiv screening er for visse typar smittsame sjukdomar
 - ?? Tiltak mot smitte
 - ?? Samordne undersøkingar og informasjon om risikogrupper og smittevegar
 - ?? Rådgeving til gravide kvinner og til kvinner som ønskjer å få barn, og som risikerer å overføre HIV til borna
 - ?? Utveksle røynsler frå kampanjar og hjelpe til å spreie informasjon om vern mot seksuelt overførlege sjukdomar
 - ?? Samarbeid mellom dei deltakande landa om vaksinasjonspolitik og –program
 - ?? Informasjon, undervisning og opplæring
 - ?? Evaluere og utvikle nye metodar for å samordne og utvide informasjonskampanjar i dei deltakande statane
 - ?? Samle inn, analysere og formidle opplysningar om førebyggjande tiltak, i tillegg til å utvikle metodar for å evaluere tiltaka
 - ?? Kartlegge kunnskapar og haldningar til HIV/AIDS og andre seksuelt overførlege sjukdomar mellom allmenta og risikogrupper
 - ?? Fremje informasjonskampanjar om kondom
 - ?? Fremje informasjonskampanjar retta mot innvandrara
 - ?? Røynsleutveksling om trening av helsepersonell og andre som kjem i kontakt med ymse smittsame sjukdomar
 - ?? Opplæring av helsepersonell
 - ?? Stønad til personar med HIV/AIDS og tiltak mot forskjellsbehandling
 - ?? Røynsleutveksling, studiar og pilotprosjekt
 - ?? Informasjonsarbeid og stønad til organisasjonsnettverk
 - ?? Kartlegging av noverande eller potensielle diskriminerande situasjonar

Målgruppe

Helsestyresmakter på alle nivå, offentlege og private institusjonar og organisasjonar med verksemd som er relevant for aktivitetsområdet for programmet, m.a. interesseorganisasjonar for HIV-smitta og AIDS-sjuka.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 095, s. 16, 16/04/1996 (Europaparlaments- og Rådsavgjerd 1999/647/EF av 29. mars 1998)

Forslag til Europaparlaments- og Rådsavgjerd om forlenging av visse EF-handlingsprogram om folkehelse [...], KOM(2000) 448 endeleg, 25.07.2000

EØS-avtalens protokoll 31, art. 16

St. prp. nr. 31 (1996-1997)

Tidslengd

1. januar 1996 til 31. desember 2000. Europakommisjonen har foreslege at programmet går til 31. desember 2002. Endeleg vedtak om dette vil truleg bli gjort før utgangen av 2001.

Økonomisk ramme

49,6 millionar euro for heile programperioden (1996-2000). I forslaget til forlenging av programmet har Europakommisjonen foreslege ei økonomisk ramme på 22,3 millionar euro for perioden 1. januar 2001 til 31. desember 2002.

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

Det norske bidraget til programmet har vore ca. 1,7 millionar kr per år. Av denne summen er i overkant av 60 % kontingent til programmet, medan den resterande summen er tilskot til administrasjonskostnader. I tillegg kjem utgifter med å administrere programmet frå norsk side. I og med at dette arbeidet blir gjort som ein integrert del av verksemda i Sosial- og helsedepartementet er det ikkje mogeleg å spesifisere eksakt kor store desse kostnadene er.

Det finst ikkje tilgjengeleg statistikk på utbetalingar til prosjekt med norske deltakarar under programmet.

Supplerande finansieringskjelder

Ingen særskilde.

Norske deltakarar

Det har delteke norske aktørar i i alt 15 ulike prosjekt og nettverk som mottok stønad under programmet i 2000. I åtte av prosjekta og nettverka var den norske deltakaren Statens institutt for folkehelse. Eitt prosjekt var leia frå Noreg. I 1999 deltok det norske representantar i til saman 13 prosjekt og nettverk under programmet.

Eit oversyn over godkjende prosjekt under programmet er tilgjengeleg på Europakommisjonens Internettsider på adressa:
<http://europa.eu.int/comm/health/ph/programmes/aids/projects.htm>

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Sjå innleiande tekst under punkt 4.11 Folkehelse.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Sjå innleiande tekst under punkt 4.11 Folkehelse.

Handlingsprogram for å førebyggje narkotikamisbruk

Formål

Handlingsprogrammet har til formål å kjempe mot narkotikamisbruk ved å hjelpe og motivere til betre samarbeid mellom deltakarlanda i programmet, m.a.:
?? Styrkje kunnskapen om narkotikamisbruk og konsekvensane av det

-
- ?? Medverke til betre informasjonsutveksling, utdanning og opplæring innanfor førebyggjande verksemd
 - ?? Utnytte fordelane ved auka samarbeid og røynslutveksling om førebyggjande tiltak

Innhald

Tiltak som skal gjennomførast på grunn av programmet, femner om:

A. Data, forskning og evaluering

Under dette tiltaksområdet blir det gjeve stønad til:

- ?? datainnsamling
- ?? strategiutvikling for forskning på førebygging av narkotikamisbruk
- ?? undersøkingar og pilotprosjekt om kva faktorar som har samband med narkotikamisbruk og
- ?? utveksling av erfaringar i samband med metodar og verkemiddel i førebyggingsarbeidet.

B. Informasjon, helseundervisning og opplæring

Under dette tiltaksområdet blir det gjeve stønad til:

- ?? evaluering av opplysnings- og helseundervisningskampanjar
- ?? europeiske veker for å førebyggje narkotikamisbruk
- ?? utvikle og teste ut verktøy og metodar for informasjon til og undervisning av misbrukarar
- ?? fastslå retningslinjer for å førebyggje narkotikamisbruk, m.a. utveljing og bruk av undervisningsmetodar og –materiell
- ?? prosjekt og initiativ for å førebyggje narkotikamisbruk på stader der barn og ungdom ferdast
- ?? røynslutveksling frå samordningsinitiativ på undervisningsområdet
- ?? informasjonstiltak retta mot lærarar, familiar og ungdomsarbeidarar for korleis dei lettast kan oppdage narkotikamisbruk på eit tidleg tidspunkt og korleis det skal reagerast mot slikt misbruk
- ?? utviding av det europeiske nettet av forsøksbyar mot narkotika
- ?? utveksle røynsler om lokale førebyggjande initiativ retta mot risikogrupper
- ?? yrkesretta opplæringsprogram for lærarar og ungdomsarbeidarar om førebygging av narkotikamisbruk
- ?? utvikle vidareutdanningsprogram og undervisningsmateriell for personar som kan kome i kontakt med narkotikamisbrukarar
- ?? tverrfagleg samarbeid mellom offentleg, privat og frivillig sektor om førebygging av narkotikamisbruk

Målgruppe

Helse- og sosialstyresmakter på alle nivå, offentlege og private institusjonar og organisasjonar innanfor helse, sosialomsorg, forskning og undervisning med verksemd som er relevant for aktivitetsområdet for programmet.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 019, s. 25, 22/01/1997 (Europaparlaments- og Rådsavgjerd 1997/97/EF av 16. desember 1996)

Forslag til Europaparlaments- og Rådsavgjørd om forlenging av visse EF-handlingsprogram om folkehelse [...], KOM(2000) 448 endeleg, 25.07.2000
EØS-avtalens protokoll 31, art. 16
St. prp. nr. 26 (1997-98)

Tidslengd

1. januar 1996 til 31. desember 2000. Europakommisjonen har føreslege at programmet går til 31. desember 2002. Endeleg vedtak om dette blir truleg vedteke før utgangen av 2001.

Økonomisk ramme

27 millionar euro for heile programperioden (1996-2000). I forslaget til forlenging av programmet har Europakommisjonen føreslege ei økonomisk ramme på 11,4 millionar euro for perioden 1. januar 2001 til 31. desember 2002.

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

Det norske bidraget til programmet har vore ca. 1 million kr per år. Av denne summen er i overkant av 60 % kontingent til programmet, medan den resterande summen er tilskot til administrasjonskostnader, medrekna delvis dekking av utgiftene for ein norsk nasjonal ekspert som arbeider med programmet i Europakommisjonen. I tillegg kjem utgifter med å administrere programmet frå norsk side. I og med at dette arbeidet blir gjort som ein integrert del av verksemda i Sosial- og helsedepartementet er det ikkje mogeleg å spesifisere eksakt kor store desse kostnadene er.

Det er ikkje tilgjengeleg statistikk på utbetalingar til prosjekt med norske deltakarar under programmet.

Supplerande finansieringskjelder

Ingen særskilde.

Norske deltakarar

I 1998/99, som var den siste perioden med tilgjengeleg statistikk, var det to norskleia prosjekt i programmet. Det var ikkje registrert norske partnarar i andre prosjekt under programmet.

Eit oversyn over godkjende prosjekt under programmet er tilgjengeleg på Europakommisjonens Internettsider på adressa:

<http://europa.eu.int/comm/health/ph/programmes/drugs/funded.htm>

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Sjå innleiande tekst under punkt 4.11 Folkehelse.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Sjå innleiande tekst under punkt 4.11 Folkehelse.

Handlingsprogram for helseovervaking

Formål

Formålet med programmet er å medverke til å etablere eit felles system for helseovervaking som gjer det mogeleg å:

- ?? Måle helsetilstanden, utviklingstrekk og avgjerande helseindikatorar i dei landa som deltek i programmet
- ?? Lette planlegging, oppfølging og evaluering av fellesskapsprogram og –tiltak
- ?? Gje dei deltakande statane relevante helseopplysningar som gjer det mogeleg å gjere samanlikningar og som er til stønad for den nasjonale helsepolitikken

Innhald

Innanfor ramma av programmet skal desse tiltaka gjennomførast:

- ?? Fastsetjing av felles helseindikatorar:
 - ?? Gransking av eksisterande helseindikatorar og helsedata med tanke på å avgjere relevans, kvalitet og dekningsgrad. Det gjeld til dømes indikatorar for venta levetid, funksjonering og livskvalitet, levesett og vanar som verkar inn på helse, leve- og arbeidsvilkår, ressursbruk i helsestellet, samt demografiske og sosiale faktorar
 - ?? Innsamling, standardisering og samanlikning av helsedata
 - ?? Samarbeid med internasjonale organisasjonar som arbeider med helsedata og helseindikatorar, mellom andre WHO, OECD og ILO
- ?? Oppretting av eit fellesskapsnett for felles bruk av helsedata
- ?? Analysar og rapportar
 - ?? Utvikle metodar og verktøy til bruk for analysar og rapportar om helse-tilstand, utviklingstrekk, avgjerande helsefaktorar og verknaden av helsepolitikken
 - ?? Stønad til utarbeiding og formidling av rapportar, analysar og anna informasjonsmateriell

Målgruppe

Helsestyresmakter på alle nivå, offentlege og private institusjonar og organisasjonar nasjonalt og internasjonalt innanfor helse- og universitets- og forskingssektoren med verksemd som er relevant for aktivitetsområdet for programmet.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 193, s. 1-10, 22/07/1997 (Europaparlaments- og Rådsavgjerd 1997/1400/EF av 30. juni 1997)

Forslag til Europaparlaments- og Rådsavgjerd om forlenging av visse EF-handlingsprogram om folkehelse [...], KOM(2000) 448 endeleg, 25.07.2000

EØS-avtalens protokoll 31, art. 16

St. prp. nr. 48 (1997-98)

Tidslengd

1. januar 1997 til 31. desember 2001. Europakommisjonen har føreslege at programmet varer til 31. desember 2002. Endeleg vedtak om dette vil truleg ikkje bli gjort før på nyåret 2001.

Økonomisk ramme

13,8 millionar euro for heile programperioden (1997-2001). I forslaget til forlenging av programmet har Europakommisjonen føreslege ei økonomisk ramme på 4,4 millionar euro for perioden 1. januar til 31. desember 2002.

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

Det norske bidraget til programmet har vore ca. 500 000 kr per år. Av denne summen er i overkant av 60 % kontingent til programmet, medan den resterande summen er tilskot til administrasjonskostnader, medrekna delvis utgifter for ein norsk nasjonal ekspert som arbeider med programmet i Europakommisjonen. I tillegg kjem utgifter med å administrere programmet frå norsk side. I og med at dette arbeidet blir gjort som ein integrert del av verksemda i Sosial- og helsedepartementet er det ikkje mogeleg å spesifisere eksakt kor store desse kostnadene er.

Dei seks prosjekta der det deltok norske aktørar under programmet i 2000, mottok i alt 1,67 millionar euro eller ca. 13,7 millionar kr i stønad. Dei fleste av desse prosjekta var store nettverksprosjekt med mellom 15 og 20 deltakande land.

Supplerande finansieringskjelder

Ingen særskilde.

Norske deltakarar

Av prosjekta som fekk stønad i 2000, deltok det norske deltakarar i åtte prosjekt. Eitt av prosjekta var leia frå Noreg. I 1999 deltok det norske partnerarar i to prosjekt som var finansierte av programmet.

Eit oversyn over godkjende prosjekt under programmet er tilgjengeleg på Europakommisjonens Internettsider på adressa:
<http://europa.eu.int/comm/health/ph/programmes/monitor/projects.htm>

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Sjå innleiande tekst under punkt 4.11 Folkehelse.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Sjå innleiande tekst under punkt 4.11 Folkehelse.

Handlingsprogram for sjukdomar som kjem av ureining

Formål

Formålet for programmet er å medverke til å utvikle strategiar og politikk på helse- og miljøområdet med tanke på å førebygge ureiningsrelaterte sjukdomar, mellom anna ved å auke kunnskapen om og forståinga for helsefarane i samband med desse sjukdomane.

Innhald

Innanfor ramma av programmet blir det gjeve stønad til å:

-
- ?? Betre forståinga av korleis ureiningsstoff er årsak til eller forverrar sjukdomar. Det skjer ved desse tiltaka:
 - ?? Samanlikne førekomstar av ureiningsrelaterte sjukdomar med data om miljøfaktorane, analysere forholdet mellom dei og gjere kunnskapen tilgjengeleg for publikum.
 - ?? Vurdere kvaliteten av epidemiologiske data for desse sjukdomane og dermed leggje grunnlag for vidare forskning på området, eventuelt i samarbeid med WHO
 - ?? Jamleg revisjon av data om gift i stoff som er årsak til sjukdomar som kjem av ureining, og vurdere moglege synergjar mellom stoffa også i eit langtidsperspektiv
 - ?? Betre kunnskap og forståing når det gjeld analyse og behandling av ureiningsbundne risikofaktorar ved desse tiltaka:
 - ?? Utveksle kunnskap for betre å kunne samanlikne data frå førebyggingsaktivitetar
 - ?? Stø informasjonsopplegg for å betre forståinga til folk om samanhengen mellom helse og miljøfaktorar
 - ?? Auke forståinga av ureiningsbundne risikofaktorar i miljøet, konsekvensar for helsa og strategiar for å kunne redusere dei same risikofaktorane, mellom anna ved å etablere normer for beste praksis

Målgruppe

Helse- og miljøstyresmakter på alle nivå, offentlege og private institusjonar og organisasjonar innanfor helse- og universitets- og forskingssektoren med verksemd som er relevant for aktivitetsoområdet for programmet.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 155, s. 7-11, 22/06/1999 (Europaparlaments- og Rådsavgjerd 1999/1296/EF av 29. april 1999)

Forslag til Europaparlaments- og Rådsavgjerd om forlenging av visse EF-handlingsprogram om folkehelse [...], KOM(2000) 448 endeleg, 25.07.2000
EØS-avtalens protokoll 31, art. 16

St. prp. nr. 7 (2000-2001)

Tidslengd

1. januar 1999 til 31. desember 2001. Europakommisjonen har føreslege at programmet varer til 31. desember 2002. Endeleg vedtak om dette vil truleg bli gjort før utgangen av 2001.

Økonomisk ramme

3,9 millionar euro for heile programperioden (1999-2001). I forslaget til forlenging av programmet har Europakommisjonen føreslege ei økonomisk ramme på 1,3 millionar euro for perioden 1. januar til 31. desember 2002.

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

Det norske bidraget til programmet vil vere ca. 300 000 kr per år. Av denne summen er i overkant av 60 % kontingent til programmet, medan den resterande summen er tilskot til administrasjonskostnader, medrekna delvis dekning av utgiftene for ein norsk nasjonal ekspert som arbeider med programmet i Europa-

kommisjonen. I tillegg kjem utgifter med å administrere programmet frå norsk side. I og med at dette arbeidet blir gjort som ein integrert del av verksemda i Sosial- og helsedepartementet er det ikkje mogeleg å spesifisere eksakt kor store desse kostnadene er.

Det er ikkje tilgjengeleg statistikk på utbetalingar til prosjekt med norske deltakarar under programmet.

Supplerande finansieringskjelder

Ingen særskilde.

Norske deltakarar

I 1999 deltok det norske partnarar i to prosjekt under tiltaksområdet for å betre kunnskap og forståing når det gjeld analyse og behandling av ureiningsbundne risikofaktorar. Det var ikkje registrert norskleia prosjekt under programmet.

Eit oversyn over godkjende prosjekt under programmet er tilgjengeleg på Europakommisjonens Internettsider på adressa:
http://europa.eu.int/comm/health/ph/programmes/pollution/ph_poll_fp_en.html

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Sjå innleiande tekst under punkt 4.11 Folkehelse.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Sjå innleiande tekst under punkt 4.11 Folkehelse.

Handlingsprogram for å førebyggje skader

Formål

Målet med handlingsprogrammet for skadeførebygging er å byggje opp eit godt overvakingssystem som kan stø folkehelsearbeidet med tanke på å redusere talet på personskadar, særleg der årsaka er heime- og fritidsulukker.

Innhald

Innanfor ramma av programmet blir det gjeve stønad til:

- ?? Epidemiologisk overvaking ved hjelp av eit fellesskapssystem for innsamling av data og utveksling av opplysningar basert på å styrkje og forbetre det tidlegare EHLASS-systemet (European Home and Leisure Accidents Surveillance System)
- ?? Stimulere og stø opprettingar av fellesskapsnett for skadeepidemiologi og utveksle opplysningar om korleis data blir brukte for å kunne definere prioriterte område og utvikle gode førebyggingsstrategiar

Målgruppe

Aktivitetsområdet som femner om epidemiologisk overvaking rettar seg i første rekkje mot nasjonale helsestyresmakter i dei landa som deltek i programmet. Innanfor nettverksaktiviteten for programmet er målgruppa helsestyresmakter på alle nivå, offentlege og private institusjonar og organisasjonar innanfor helse- og

universitets- og forskingssektoren med verksemd som er relevant for aktivitetsområdet for programmet.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 46, s. 1, 22/02/1999 (Europaparlaments- og Rådsavgjerd 1999/372/EF av 8. februar 1999)
EØS-avtalens protokoll 31, art. 16
St. prp. nr. 7 (2000-2001)

Tidslengd

1. januar 1999 til 31. desember 2003.

Økonomisk ramme

14 millionar euro for heile programperioden (1999-2003).

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

Det norske bidraget til programmet er ca. 500 000 kr per år. Av denne summen er i overkant av 60 % kontingent til programmet, medan den resterande summen er tilskot til administrasjonskostnader, medrekna delvis dekning av utgiftene for ein norsk nasjonal ekspert som arbeider med programmet i Europakommisjonen. I tillegg kjem utgifter med å administrere programmet frå norsk side. I og med at dette arbeidet blir gjort som ein integrert del av verksemda i Sosial- og helsedepartementet er det ikkje mogeleg å spesifisere eksakt kor store desse kostnadene er.

Den nyaste tilgjengelege statistikken for programmet femner om tildelte midlar i 1999. Det var ingen norske deltakarar i prosjekta som fekk stønad i 1999.

Supplerande finansieringskjelder

Ingen særskilde.

Norske deltakarar

Statens institutt for folkehelse deltek i programmet, mellom anna gjennom leveransar av norske data til den felles databasen som blir bygd opp som ein del av programmet. Det er likevel ingen norske deltakarar med i oversynet over "Funded Projects in 1999" som er lagt ut på Europakommisjonens Internettsider på adressa: <http://europa.eu.int/comm/health/ph/programmes/injury/projects.htm>

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Sjå innleiande tekst under punkt 4.11 Folkehelse.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Sjå innleiande tekst under punkt 4.11 Folkehelse.

Handlingsprogram for sjeldne sjukdomar

Formål

Formålet med programmet for sjeldne sjukdomar er å medverke til å sikre god helsetryggleik i høve til sjeldne sjukdomar ved å betre kunnskap og lette tilgangen til informasjon om desse sjukdomane, og å oppmuntre til samarbeid over landegrensene.

Innhald

Programmet har som mål å stø desse tiltaka:

- ?? Utvikle eit europeisk nett med samanhengande og gjensidig utfyllande opplysningar om sjeldne sjukdomar, mellom anna ved å bruke eksisterande databasar
- ?? Opplæring og oppfriskingskurs for helsefagleg personell for å betre tidleg oppdaging, påvising, intervensjon og førebygging i høve til personar som har sjeldne sjukdomar
- ?? Fremje tverrnasjonalt samarbeid og kontakt mellom grupper av personar som direkte eller indirekte får den same sjeldne lidinga, eller involverte frivillige og fagfolk
- ?? Stø fellesskapsplanar for å overvake sjeldne sjukdomar og system for tidleg varsling ved fleire liknande sjukdomstilfelle, dessutan fremje opplæring av ekspertar som steller med handtering av sjeldne sjukdomar

Målgruppe

Helsestyresmakter på alle nivå, offentlege og private institusjonar og organisasjonar innanfor helse- og universitets- og forskingssektoren med verksemd som er relevant for aktivitetssområdet for programmet.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 155, s. 1-6, 22/06/1999 (Europaparlaments- og Rådsavgjerd 1999/1295/EF av 29. april 1999)
EØS-avtalens protokoll 31, art. 16
St. prp. nr. 67 (1999-2000)

Tidslengd

1. januar 1999 til 31. desember 2003.

Økonomisk ramme

6,5 millionar euro for heile programperioden (1999-2003).

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

Det norske bidraget til programmet vil bli ca. 250 000 kr per år. I tillegg kjem tilskot til felles administrasjonskostnader, medrekna utgifter i samband med ein norsk ekspert som etter planen skal knytast til Europakommisjonens sekretariat for programmet i Luxembourg. Det kjem også til omkostnader i samband med å administrere programmet frå norsk side. I og med at dette arbeidet blir gjort som ein integrert del av verksemda i Sosial- og helsedepartementet er det ikkje mogeleg å spesifisere eksakt kor store desse kostnadene er.

Det er førebels ikkje kunngjort oversyn som viser kva prosjekt som har motteke stønad frå programmet.

Supplerande finansieringskjelder

Ingen særskilde.

Norske deltakarar

Det er førebels ikkje kunngjort oversyn over kva prosjekt som har motteke stønad frå programmet.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Sjå innleiande tekst under punkt 4.11 Folkehelse.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Sjå innleiande tekst under punkt 4.11 Folkehelse.

4.12 Sysselsetjing

EU har ein omfattande aktivitet på sysselsetjingsområdet både i form av forskning, politikktutvikling, nettverk og ulike stønadsordningar. Arbeidet på sysselsetjingsområdet er blitt styrkt dei seinare åra, mellom anna på grunnlag av vedtaket om eit eige sysselsetjingskapittel i Amsterdam-traktaten.

Når det gjeld stønadsordningar, blir mestedelen av stønaden kanalisert frå EU gjennom Det europeiske sosialfondet (ESF). Noreg deltek ikkje i aktivitetane i regi av ESF.

Eit viktig instrument i EUs sysselsetjingspolitikk er EURES, som er eit informasjonsnettverk som knyter saman nasjonale arbeidsmarknadsstyresmakter, partnerane deira og Europakommisjonen. Nettverket består av to element, eit menneskeleg og eit elektronisk. Det menneskelege nettverket femner om rundt 525 eurokonsulentar spreidde rundt i medlemslanda. Til disposisjon har dei ein felles elektronisk database som inneheld opplysningar om ledig arbeidskraft og ledige stillingar i kvart land. Noreg har delteke i EURES gjennom EØS-avtalen frå 1996, men norske arbeidsmarknadsstyresmakter deltok i nettverket også før den tida. Det norske kontaktpunktet er i dag plassert som ei særskild avdeling i Arbeidsmarknadsetaten (Aetat utland). I tillegg er det tilsett eurokonsulentar ved kontora til Aetat i Oslo, Stavanger, Hamar, Kristiansand, Ålesund, Trondheim, Drammen, Porsgrunn og Tromsø. I denne rapporten har vi valt å ikkje omtale EURES som eit EU-program, fordi EURES er eit permanent nettverk mellom arbeidsmarknadsstyresmaktene i EØS-området.

Det einaste tiltaket på sysselsetjingsområdet som oppfyller kriteria for å vere eit EU-program⁷ og som Noreg deltek i, er EU-verksemda med omsyn til analyse, forskning og samarbeid innanfor sysselsetjing og arbeidsmarknadspolitik. Det programmet vart etablert av EU i 1998, og EFTA-EØS-landa Island, Liechtenstein og Noreg slutta seg til programmet frå 1. januar 1999.

⁷ Vi viser her til pkt. 1 og 1.1 der vi har definert avgrensinga av rapporten

Analyse, forskning og samarbeid innanfor sysselsetjing og arbeidsmarknadspolitik

Dette programmet er eit ledd i arbeidet i EU for å styrkje innsatsen på sysselsetjingsområdet, mellom anna på grunn av vedtaka som vart gjorde i samband med Amsterdam-traktaten og EU-toppmøtet om sysselsetjing i november 1997. I tillegg til dei 15 EU-medlemslanda er programmet ope for EFTA-EØS-landa, søkjarlanda til EU i Aust- og Sentral-Europa og middelhavsregionen, i tillegg til andre middelhavsstatar som har partnerskapsavtalar med EU.

Formål

Programmet har som mål å fremje samarbeid mellom medlemslanda med omsyn til analyse, forskning og overvaking av arbeidsmarknaden. I tillegg er intensjonen med programmet å utveksle erfaringar om gode praktiske ordningar og informasjon og finansiering av nasjonale seminar om sysselsetjingspolitikk og andre konferansar så vel som utgjevingar og offentleggjering av resultat som er finansierte av programmet.

Innhald

Programmet femner om tre hovudaktivitetar:

- B. Fremje samarbeidet med omsyn til overvaking og analyse av arbeidsmarknaden og sysselsetjingspolitikken
 - ?? utvikle statistikk som kan samanliknast, og indikatorar for arbeidsmarknaden
 - ?? gjennomføre studiar på område som har tilknytning til arbeidsmarknadspolitikken for å få kunnskap om kva faktorar som verker inn på tilbud og etterspurnad av arbeidskraft
 - ?? studiar relaterte til sysselsetjingspolitikken
 - ?? effektstudiar for å få betre kunnskap om verknader av politikken innanfor sysselsetjingsområdet
- C. Identifikasjon og overføring av beste praksis
 - ?? styrkje arbeidet for å synleggjere gode døme på arbeidsmarknadspolitikkområdet og korleis dei kan gjennomførast for å nå måla for arbeidsmarknadspolitikken
 - ?? sjå spesielt på røymsler med arbeidsmarknadstiltak innanfor miljøvern- og kultursektoren, og korleis røymslene kan overførast til andre land
 - ?? etablere samarbeid med ILO og OECD for å styrkje feltet og unngå dobbeltarbeid
- D. Spreiing av kunnskap
 - ?? finansiere nasjonale og internasjonale seminar
 - ?? finansiere publikasjonar for å spreie resultatane av dei aktivitetane som blir finansierte under programmet

Målgruppe

Arbeidsmarknadsstyresmakter på nasjonalt og internasjonalt nivå og forskingsinstitusjonar på arbeidsmarknadsområdet.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 63, s. 26, 04/03/1998 (Rådsavgjerd 1999/171/EF av 23. februar 1998)

EØS-avtalens protokoll 31, art. 15

St. prp. nr. 95 (1998-1999)

Tidslengd

1. januar 1998 til 31. desember 2000. EØS-EFTA-landa har delteke i programmet frå 1. januar 1999. Det er planar om ei vidareføring av programmet som skal sjåast i samanheng med det framtidige arbeidet med sysselsetjingsstrategien i EU. Det nye programmet blir truleg vedteke i 1. halvår av 2001.

Økonomisk ramme

30 millionar euro for heile programperioden (1998 – 2000)

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

Det norske bidraget til programmet er rekna til å vera ca. 1,4 millionar kr for perioden 1999 til 2000. I tillegg kjem det til utgifter i samband med å administrere programmet frå norsk side. I og med at dette arbeidet blir gjort som ein integrert del av verksemda i Arbeids- og administrasjonsdepartementet er det ikkje mogeleg å spesifisere eksakt kor store desse kostnadene er.

Det har ikkje vore utbetalingar frå programmet til norske aktørar.

Supplerande finansieringskjelder

Det er ikkje lagt opp til supplerande finansiering frå norsk side utover den stønaden som blir gjeven frå programmet

Norske deltakarar

Den norske deltakinga har avgrensa seg til deltaking frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet og Arbeidsdirektoratet på seminar i regi av Europakommisjonen i samband med programmet. Ein viktig motivasjon for å delta i programmet frå norsk side, er at det gjev norske styresmakter høve til å følgje arbeidet på sysselsetjingsområdet i EU ved å delta i seminar og ved informasjon som blir spreidd gjennom nettverka under programmet.

Det har ikkje vore norske søkjarar til forskings- og utgreiingsprosjekta som har vore utlyste i samband med programmet.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Arbeids- og administrasjonsdepartementet (AAD) har det overordna nasjonale og politiske ansvaret for den norske deltakinga i programmet. AAD tek seg også av den jamlege oppfølginga og administreringa av programmet og deltek i styringskomiteen for programmet under Europakommisjonen.

AAD har i avgrensa omfang drive informasjonsarbeid om programmet. Hovudsakleg har informasjonsarbeidet vore vidareformidling av utlysingar og anna informasjonsmateriale frå Europakommisjonen til målgruppa for programmet.

Den ansvarleg eininga for å følgje opp programmet kan kontaktast på denne adressa:

Arbeids- og administrasjonsdepartementet
Arbeidsavdelinga
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo
Tlf. 22 24 47 01
Faks: 22 24 95 49

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Generaldirektoratet for sysselsetjing og sosialpolitikk (tidlegare DG V) i Europakommisjonen har ansvar for styringa av programmet for sysselsetjing- og arbeidsmarknadspolitikkk på EU-nivå. Det er også Europakommisjonen som tek seg av behandlinga av søknader og vel ut prosjekt som skal få stønad. I gjennomføringa av handlingsprogrammet får Europakommisjonen hjelp av ein styringskomité som er sett saman av representantar for alle dei deltakande landa og blir leia av ein representant for Europakommisjonen. I praksis har programmet vore integrert i sysselsetjingsstrategien i EU, og Europakommisjonen har ikkje lagt vekt på programmet som eit separat tiltak.

Europakommisjonen har publisert eit omfattande materiale om sysselsetjings-spørsmål generelt, men det er publisert lite materiale spesifikt om programmet for analyse, forskning og forsøk innanfor sysselsetjing og arbeidsmarknadspolitikkk. Ein del av materialet om sysselsetjingspolitikk er tilgjengeleg på Internett på heimesida til Generaldirektoratet for sysselsetjing og sosialpolitikk på adressa: http://europa.eu.int/comm/employment_social/empl&esf/index_en.htm

Generaldirektoratet for sysselsetjing og sosialpolitikk kan nåast på denne adressa:

European Commission
Directorate General for Employment and Social Affairs
Directorate A: Employment Strategy and ESF policy development and coordination
200, rue de la Loi , Wetstraat
B-1049 BRUXELLES/BRUSSEL

4.13 Offentleg forvaltning

På dette området har Noreg tidlegare delteke i to program: IDA-programmet for datautveksling mellom forvaltningane som er omtala nedanfor og Karolus-programmet for utveksling av nasjonale tenestemenn som arbeider med implementeringa av lovverket i den indre marknaden. Karolus-programmet vart avslutta 31. januar 1999, og på grunnlag av evalueringa av programmet vedtok Europakommisjonen ikkje å tilrå ei vidareføring. Likevel har Europakommisjonen lagt fram eit forslag til korleis eit revidert program med same formål som Karolus bør utformast. Dersom eit slikt revidert program blir vedteke av Rådet, vil programmet truleg bli ope for deltaking frå EFTA-/EØS-landa.

IDA – Transeuropeiske nett for elektronisk datautveksling mellom forvaltningar

Det noverande IDA-programmet for perioden 1999 til 2004 er det andre i rekkja. Noreg deltok i siste delen av det føregåande programmet i 1997 og har delteke som observatør i interimperioden med utfasing av det gamle programmet og førebuingar til det nye programmet.

Formål

Formålet med IDA-programmet er å etablere ein moderne infrastruktur og felles tenester for å utveksle informasjon mellom forvaltningane i EU anten dei er nasjonale eller regionale, og eventuelt mellom forvaltningane og EU-organ. Programmet skal lette datautvekslinga på fleire prioriterte sektorområde, til dømes innanfor statistikk, helse- og legemiddelkontroll, veterinærkontroll, trygd og pensjon, arbeidsmarknad, miljøvern m.m. Programmet stør opp under dei sektorvise løysingane med fleire horisontale tiltak, til dømes felles kommunikasjonsløysingar og tenester som alle sektorane kan bruke, e-post og sikker dokumentutveksling.

Innhald

EFTA-EØS-statane Island, Liechtenstein og Noreg kan delta i desse prosjekta innanfor ramma av IDA-programmet:

I. PROSJEKT MED FELLES INTERESSE

A. Generelt

- ?? Opprette dei netta som er nødvendige for at europeiske byrå og organ skal kunne utøve verksemda si, og stø den rettslege ramma rundt opprettinga av dei europeiske byråa
- ?? Opprette nett på tiltaksområde knytt til at personar kan ferdast fritt
- ?? Opprette nett som er nødvendige straks for å stø tiltak som partane har vedteke, mellom anna for å verne liv og helse for menneske, dyr og plantar, europeiske forbrukar-rettar, levevilkåra for personar innanfor Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet eller grunnleggjande interesser i dei deltakande landa

B. Særlege nett som stør opp om ØMU og fellesskapspolitikk og -verksemd

- ?? Telematikknett i samband med fellesskapsfinansiering, mellom anna med tanke på å opprette eit grensesnitt til eksisterande kommisjonsdatabasar for å lette tilgangen til Fellesskapets finansieringskjelder for europeiske organisasjonar, særleg for små og mellomstore bedrifter
- ?? Telematikknett på statistikkområdet, mellom anna med omsyn til innsamling og distribusjon av statistiske data
- ?? Telematikknett på området publisering av offisielle dokument
- ?? Telematikknett i industrisektoren, m.a. med omsyn til utveksling av opplysningar mellom administrasjonar med ansvar for industrispørsmål og mellom slike administrasjonar og industriforbund, utveksling av data om typegodkjenning av motorvogner mellom administrasjonar, og tenester for å forenkle og forbetre prosessane ved å fylle ut skjema til det offentlege

-
- ?? Telematikknett på området konkurransepolitikk, m.a. ved å gjennomføre betre elektronisk datautveksling med nasjonale administrasjonar for å gjere informasjons- og samrådsordningane meir effektive
 - ?? Telematikknett på områda kultur, informasjon, kommunikasjon og audio-visuell sektor, mellom anna for å utveksle informasjon om problemstillingar knytte til innhaldet i opne nett, og for å fremje utvikling og fri formidling av nye audiovisuelle tenester og informasjonstenester
 - ?? Telematikknett i transportsektoren, m.a. for å støt utveksling av data om førarar, kjøretøy og transportørar
 - ?? Telematikknett på områda turisme, miljø, forbrukarvern og vern av helsa til forbrukarane for å kunne utveksle informasjon mellom partane i programmet

C. Interinstitusjonelle nett

- ?? Telematikknett til støtte for informasjonsutveksling mellom institusjonar, mellom anna:
 - ?? for å fremje fleirspråkbruk i informasjonsutvekslinga mellom institusjonar, metodar til forvaltning av omsetjingsoppdrag og omsetjingsverktøy, deling/utveksling av fleirspråkbruksressursar og tilrettelegging av felles tilgang til terminologibasar, og
 - ?? med omsyn til felles handtering av dokument mellom europeiske byrå og organ og europeiske institusjonar

D. Globalisering av IDA-nett

- ?? Utvide IDA-nett til også å omfatte EØS, EFTA, sentral- og austeuropeiske land og andre assosierte land i tillegg til G7-landa og internasjonale organisasjonar, særleg med omsyn til nett på områda trygd, helsepleie, lækjemiddel og miljø

II. HORIZONTALA TILTAK OG VERKEMIDDEL

- ?? Fellestenester
- ?? Felles verktøy og teknikkar
- ?? Samverknadsevne for informasjonsinnhald
- ?? Juridisk og tryggleiksmessig referansepraksis
- ?? Kvalitetssikring og kvalitetskontroll
- ?? Samverknadsevne med nasjonale og regionale initiativ
- ?? Spreiing av beste praksis

Målgruppe

Forvaltningsorgan innanfor EU-systemet og på nasjonalt og regionalt nivå i statane som deltek i programmet.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 203, s. 1-8, 03/08/1999 (Europaparlaments- og rådsavgjerd 1999/1719/EF av 12. juli 1999) (vertikale tiltak om eit sett retningsliner for prosjekt som har felles interesse)

EF-tidende nr. L 203, s. 9, 03/08/1999 (Europaparlaments- og rådsavgjerd 1999/1720/EF av 12. juli 1999) (fellestiltak med horisontal karakter)

EØS-avtalens protokoll 31, art. 17

St. prp. nr. 18 (2000-2001)

Tidslengd

3. august 1999 til 31. desember 2004. EFTA-/EØS-landa Island, Liechtenstein og Noreg skal etter planen delta i programmet frå 15. desember 2000.

Økonomisk ramme

I dei første to åra av IDA-programmet har programmet hatt ei budsjetttramme på 24 millionar euro per år. Det er venta at budsjettet vil bli det same i resten av programtida.

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

Dersom budsjettet for IDA-programmet blir halde på det tilsvarende nivået som i dei første to programåra, vil norske bidrag i samband med programmet utgjere ca. 3,4 millionar kr per år. Denne summen inkluderer kostnader til utplassering av ein norsk ekspert i Europakommisjonen i samband med programmet.

Det kjem også til utgifter i samband med å administrere programmet frå norsk side. I og med at dette arbeidet blir gjort som ein integrert del av verksemda i Arbeids- og administrasjonsdepartementet er det ikkje mogeleg å spesifisere eksakt kor store desse kostnadene er.

Det har førebels ikkje vore utbetalingar frå programmet til prosjekt der norske aktørar deltek.

Supplerande finansieringskjelder

Ikkje relevant.

Norske deltakarar

Statens forvaltningsteneste som har ansvaret for det tverrsektorielle statlege nettet i Noreg, vil vere tilknytingspunktet til det europeiske stamnettet (TESTA) som blir etablert mellom deltakarlanda i IDA-programmet. Når det gjeld prosjekt med felles interesse, er dei baserte på alt eksisterande nettverk innanfor dei ulike sektorane som er nemnde under dette aktivitetsområdet. Dersom norske forvaltningsorgan deltek i ulike sektornettverk, vil dei difor kunne bli involverte i program som får stønad frå IDA. Søknader til IDA må fremjast gjennom dei europeiske sektornettverka. I og med at programmet er i ein innleiande fase og Noreg formelt sett ikkje sluttar seg til program før frå desember 2000, er det førebels ikkje avklart kva norske aktørar som skal delta i programmet.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Arbeids- og administrasjonsdepartementet (AAD) har det overordna nasjonale og politiske ansvaret for ei norsk deltaking i programmet. AAD tek seg også av den jamlege oppfølginga og administreringa av programmet på norsk side og deltek i styringskomiteen for programmet under Europakommisjonen. AAD vil opprette ei referansegruppe der representantar frå dei aktuelle sektorområda kan gje innspel som kan formidlast vidare i styringskomiteen. Det kjem i tillegg til det høvet sektorstyresmaktene har til å fremje prosjekt gjennom dei respektive europeiske sektornettverka sine.

AAD har i avgrensa omfang drive informasjonsarbeid om programmet retta mot målgruppa for programmet. Hovudsakleg har informasjonsarbeidet vore som vidareformidling av utlysingar og anna informasjonsmateriale frå Europa-kommisjonen til målgruppa for programmet. Dersom det blir aktuelt at IDA-programmet finansierer prosjekt som gjeld EU-satsingar på eEurope og e-government, kan det bli aktuelt å ha ein meir utoverretta informasjon om programmet.

Den ansvarlege eininga for å følgje opp programmet kan kontaktast på denne adressa:

Arbeids- og administrasjonsdepartementet
Forvaltningspolitisk avdeling
Seksjon for statleg IT-koordinering (STI)
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo

Tlf. 22 24 49 63
Faks: 22 24 95 17

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

Generaldirektoratet for næringspolitikk (tidlegare DG III) i Europakommisjonen har ansvar for styringa av IDA-programmet på EU-nivå. Det er også Europakommisjonen som behandlar søknader og vel ut prosjekt som skal få stønad. I gjennomføringa av handlingsprogrammet får Europakommisjonen hjelp av ein styringskomité som er sett saman av representantar for alle dei deltakande landa og blir leia av ein representant for Europakommisjonen.

Europakommisjonen har publisert eit omfattande materiale om IDA-programmet, mellom anna nyheitsbrevet IDA Report. Både nyheitsbrevet og mykje anna informasjon er tilgjengeleg på ei særskild vevside som er oppretta for IDA-programmet på adressa: <http://europa.eu.int/ISPO/ida/>

Ein del informasjon om programmet er også tilgjengeleg på heimesida til Generaldirektoratet for næringspolitikk på adressa:
http://europa.eu.int/comm/enterprise/index_en.htm

Generaldirektoratet for næringspolitikk kan nåast på denne adressa:

IDA Central Office
European Commission
Directorate General Enterprise Unit B/6
200, rue dei la Loi/Wetstraat
B-1049 Brussels

Fax: +32-2-299 02 86
E-post: ida-central@cec.eu.int

4.14 Program som ikkje er omfatta av EØS-avtalen

I punkt 3.2 var det eit oversyn over dei viktigaste områda av programverksemd i EU som ikkje kjem inn under EØS-avtalen. Dersom Noreg vil delta i somme av desse programma, må det gjerast særskilde bilaterale avtalar mellom EU og Noreg for kvart program.

Per i dag har Noreg inngått bilaterale avtalar med EU på aktivitetsoområdet for strålevern under Euratomdelen av det femte rammeprogrammet for forskning og utvikling, og for INTERREG III, som er eit fellesskapsinitiativ under EUs strukturfond for grenseregionalt, transnasjonalt og interregionalt samarbeid.

Den norske deltakinga i strålevern- og INTERREG-programmet skil seg frå EØS-programma ved at Noreg i utgangspunktet ikkje betaler inn ein fastsett del av totalbudsjettet for programma. Difor kan heller ikkje norske aktørar søkje om stønad frå programma. Dei norske deltakarane må difor anten finansiere deltaking fullt ut med egne midlar eller ved stønad frå norske styresmakter.

Strålevern

Innanfor det femte rammeprogrammet for forskning og utvikling er det oppretta eit særprogram for forskning og teknologisk utvikling på kjernekraft. Dette programmet er heimla i Euroatom-traktaten og er difor ikkje omfatta av EØS-avtalen. Noreg ønskjer likevel å delta i forskings- og utviklingsaktivitetar innanfor strålevern som utgjer ein mindre del av kjernekraftprogrammet, i hovudsak underlagt nøkkelaksjonen for nukleær fisjon og dei felles forskingssentra. Avtalen Noreg har inngått med EU, gjev norske aktørar høve til å delta i enkeltprosjekt på stålevernområdet, dersom Noreg dekkjer alle utgifter sjølv. Norske aktørar kan berre delta som partnarar i prosjekta, ikkje som prosjektkoordinator.

Formål

Aktivitetane på strålevernområdet har som mål å få fram vitenskapelig kunnskap for objektivt å kunne vurdere effektar av radioaktiv stråling, og utvikle metodar for å betre vernet mot stråling.

Innhald

Forskingssinnsatsen er retta mot korleis stråling kjem frå naturlege, medisinske og industrielle kjelder, og å forstå helsemessige konsekvensar og behandling av overeksponering. Det blir også forska på risikoforvaltning, overvakingssystem og forvaltning av område som har vore utsette for atomureining.

Målgruppe

Fagstyresmakter og forskingsmiljø på strålevernområdet.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 26, s. 34-45, 01/02/1999 (Rådsavgjerd 1999/64/Euratom av 22. desember 1998)

EF-tidende nr. L 64, s. 142-153, 12/03/1999 (Rådsavgjerd 1999/175/Euratom av 25. januar 1999)

Tidslengd

25. januar 1999 til 31. desember 2002.

Økonomisk ramme

Særprogram for forskning og teknologisk utvikling på kjernekraft har eit totalt budsjett på 979 millionar euro for heile programperioden. Det er berre ein mindre del av budsjettet som går til forskning på strålevern, om lag 120 millionar euro per år.

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

Frå norske styresmakter blir det løyvd ca. 5 millionar kr per år til å dekkje utgiftene til norske aktørar som deltek i prosjekt på strålevernområdet. Løyvingane er delte likt mellom Fiskeridepartementet, Landbruksdepartementet, Utanriksdepartementet, Sosial- og helsedepartementet og Miljøverndepartementet.

Norske deltakarar mottok ikkje stønad direkte frå programmet.

Supplerande finansieringskjelder

Ingen særskilde bortsett frå midlane som blir løyvde over budsjetta til dei fem departementa som er nemnde i punktet ovanfor.

Norske deltakarar

Statens strålevern, Institutt for energiteknikk og Noregs Landbrukshøgskole har delteke i til saman 4 prosjekt under programmet i 1999/2000.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Sosial- og helsedepartementet (SHD) har det overordna nasjonale og politiske ansvaret for ei norsk deltaking i EUs strålevernprogram.

Det jamlege administrative ansvaret for programmet er lagt til Noregs forskingsråd (NFR), området for miljø og utvikling. NFR fordeler den stønaden som norske styresmakter løyver for å dekke utgifter til norske deltakarar i programmet. Det er også NFR som har ansvaret for å informere om programmet.

Informasjonsarbeidet er retta mot relevante norske aktørar på dei områda som kjem inn under programmet. På vevsidene til NFR skal det etter planen leggast ut ein del informasjon på adressa:

<http://www.program.forskningsradet.no/forurensning/eu-stralevern/>

Den ansvarlege eininga for programma i NFR kan kontaktast på denne adressa:

Noregs forskingsråd
Området for miljø og utvikling
Postboks 2700 St. Haugen
0131 Oslo
Tlf.: 22 03 70 00
Faks: 22 03 72 78

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

The European Commission
Research Directorate General

Energy, Environment and Sustainable Development Information Desk
Rue dei la Loi 200 - Wetstraat 200
B-1049 Bruxelles
E-post: eesd@cec.eu.int
Internett: <http://www.cordis.lu/fp5-euratom/home.html>

4.14.1 Strukturfondsprogram

Av EUs strukturfond blir det sett av eigne midlar til såkalla fellesskapsinitiativ. I perioden 1995-99 hadde EU 13 slike fellesskapsinitiativ, og finansierte også ein del såkalla pilotprosjekt. Fellesskapsinitiativa og pilotprosjekta var konsentrerte om regional utvikling, bygdeutvikling og arbeidsmarknadspolitiske innsatsar. Det største av fellesskapsinitiativa var INTERREG II, eit program for regionalt samarbeid over landegrensar.

EØS-avtalen gjev ikkje Noreg tilgang til program eller prosjekt under strukturfonda. Noreg vart likevel invitert til å delta i INTERREG II av Sverige og Finland etter at desse landa vart medlemmer i EU. Alle grenseregionar i medlemslanda, både langs grensar til andre EU-land og langs grensar til tredjeland, er kvalifiserte for deltaking finansierte av strukturfonda. Grenseregionar utanfor EU må likevel ha nasjonal finansiering for å kunne delta. I Noreg har Kommunal og regionaldepartementet (KRD) etter 1995 hatt ei eiga løyving for deltaking i INTERREG-programmet. Denne løyvinga tilsvarar dei midlane som medlemslanda får frå strukturfonda. Regional medfinansiering kjem i tillegg. I perioden 1995-1999 har Noreg delteke i 6 grenseregionale program under INTERREG Iia, langs grensa til Sverige, Finland og Russland. Noreg har vidare delteke i to program som dekkjer større område; INTERREG Iic Austersjøen og INTERREG Iic Nordsjøen. Noreg har ikkje delteke i andre fellesskapsinitiativ. I tillegg har Noreg delteke i eit såkalla pilotprosjekt under strukturfonda med røynslutveksling mellom dei perifere nordlege delane av Skottland, Noreg, Sverige og Finland.

I perioden 2000-2006 er talet på fellesskapsinitiativ redusert til 4:

- ?? INTERREG III: grenseregionalt, transnasjonalt og interregionalt samarbeid
- ?? Urban: omstilling og opprusting av kriseramme byområde
- ?? Leader +: bygdeutvikling
- ?? Equal: motarbeide diskriminering og utestenging frå arbeidsmarknaden

Noreg vil delta i INTERREG III på same vilkår som deltakinga i INTERREG II. Det er ikkje teke endeleg stilling til ei eventuell norsk deltaking i dei andre fellesskapsinitiativa.

INTERREG III - Stønad til tverrnasjonalt og interregionalt samarbeid

Formål

Målsetjinga med INTERREG III er å styrkje den økonomiske og sosiale samhoøyrsla i EU ved å fremje grenseoverskridande, transnasjonalt og inter-

regionalt samarbeid og ei balansert utvikling av EU-området. Tiltak som gjeld grenser og grenseområde mellom medlemsstatar og mellom medlemsstatar og tredjeland utgjer difor ein hjørnestein i initiativet. Innsatsen vil bli retta inn mot:

- ?? Ytre grenser i EU, særleg med omsyn til utvidinga
- ?? Samarbeid i regionane i den ytste periferien i EU
- ?? Samarbeid for å fremje fredsprosessen på Balkan
- ?? Samarbeid om øyregionar

På grunnlag av røynslene frå dei tidlegare INTERREG-initiativa skal den nye fasen av initiativet gjennomførast via tre underprogram:

- ?? INTERREG IIIa: å fremje ei integrert regionalutvikling mellom naboregionar ved grenser, også ytre grenser og visse sjøgrenser (størstedelen av dei finansielle midlane er sette av til dette underprogrammet)
- ?? INTERREG IIIb: å medverke til ein harmonisk fysisk og territorial integrasjon i heile EU
- ?? INTERREG IIIc: å forbetre regionalutviklings- og samhoørslepolitikkar og -teknikkar via transnasjonalt/interregionalt samarbeid (dette underprogrammet er det finansielt minste)

Innhald

Samarbeidet går føre seg innanfor program, som blir utvikla for heile programperioden for dei utpeikte geografiske områda. Desse programma er til vurdering i Europakommisjonen og er venta å bli godkjende og sette i verk i første halvår 2001. Generelt kan det seiast at regional utvikling og næringsutvikling gjennom samarbeid over grenser vil vere hovudinnhaldet i programma under INTERREG IIIa. INTERREG IIIb vil vere konsentrert rundt samarbeid om regional planlegging for berekraftig regional utvikling, medan INTERREG IIIc i særleg grad vil vere retta mot røynsleutveksling mellom ulike regionalutviklingsinitiativ.

Gjennom det grenseregionale INTERREG IIIa-samarbeidet blir grunntrekka i det eksisterande INTERREG IIa-samarbeidet vidareført. Noreg deltok i desse INTERREG IIa-programma:

- ?? INTERREG Nordkalotten femner om dei tre nordlegaste fylka i Noreg, Norrlands län i Sverige og Lapplands län i Finland
- ?? INTERREG Barents femner om same område som INTERREG Nordkalotten, og i tillegg oblastane Murmansk og Arkhangelsk på russisk side
- ?? INTERREG Mittskandia-Kvarken femner om Helgelandsregionen i Nordland fylke saman med Västerbotten län i Sverige og Vasa län i Finland
- ?? INTERREG-programmet "Nordens grønne belte": Nord- og Sør-Trøndelag fylke samarbeider her med Jämtlands län
- ?? INTERREG-programmet "Det indre av Skandinavia": Hedmark fylke, indre delar av Østfold fylke (11 kommunar) og Øvre Romerike i Akershus fylke er med i samarbeid med Värmlands län
- ?? INTERREG-programmet "Et grenseløst samarbeid": Østfoldbyane med nabo-kommunar samarbeider med Dalsland i Göteborg og Bohuslän og Älvsborg län i Sverige

INTERREG IIIa-programma vil omfatte dei same områda, med nokre utvidingar. Dei tre sørlege programma (Grønne belte, Indre Skandinavia og Grenseløst

samarbeid) vil bli samordna under eitt program. Det er også lagt opp til å slå saman Barents og Nordkalotten.

INTERREG IIIb vil vidareføre arbeidet i dei to INTERREG IIc-samarbeida Noreg har vore med i; INTERREG IIc Nordsjøen og INTERREG IIc Austersjøen. I det nye programmet for Nordsjøen vil regionar frå desse land delta: Tyskland, Danmark, Nederland, Belgia, Storbritannia, Noreg, Sverige. I Noreg deltek alle fylke i Sør-Noreg til og med Sør-Trøndelag. I Austersjø-programmet vil det delta regionar frå desse landa: Sverige, Finland, Tyskland, Danmark, Estland, Latvia, Litauen, Polen, Kviterussland og Noreg. Heile Noreg vil vere innanfor. Pilot-programmet Den nordlege periferi vil også bli vidareført som eit INTERREG IIIb-program. Her er det i tillegg til regionar frå Skottland, Noreg, Sverige og Finland også ope for deltakarar frå Færøyane, Island, Grønland og Nordvest-Russland.

Det er ikkje endeleg klarlagt kva område som vil bli prioritert innanfor INTERREG IIIc.

Målgruppe

Regionale- og lokale styresmakter og næringsliv i tillegg til offentlege og private institusjonar og organisasjonar i regionane som er omfatta av programmet. Målgruppa(-ene) er nærmare definert i programdokumentet for kvart underprogram.

Relevante avgjerder

EF-tidende nr. L 161, s. 1-42, 26/06/1999 (Rådspåbod 1999/1260/EF av 21. juni 1999 som fastset dei generelle retningslinene for strukturfonda i perioden 2000-2006).

EF-tidende nr. L 213, s. 1-4, 13/08/1999 (Europaparlaments- og rådspåbod 1999/1783/EF av 12. juli 1999 om det europeiske regionalfondet).

Meddeling frå Kommisjonen til medlemsstatane av 28.04.00 (K(2000) 1101) om retningsliner vedkomande transeuropeisk samarbeid, for å fremje harmonisk og balansert utvikling innanfor det europeiske territoriumet. – INTERREG III

Tidslengd

1. januar 2000 til 31. desember 2006.

Økonomisk ramme

4 875 millionar euro frå regionalfondet i perioden 2000 – 2006.

Norske kostnader ved å delta i programmet og utbetalingar frå programmet

Noreg må dekkje kostnadene ved å delta. Dei norske midlane blir utbetalte for kvart program. I statsbudsjettet for 2001 er det løyvd 77 millionar kr på budsjettet for KRD til deltaking i INTERREG III.

Supplerande finansieringskjelder

Midlane frå KRD tilsvarar midlane medlemslanda får frå strukturfonda. I tillegg er det nødvendig med medfinansiering. Det kan kome frå ulike kjelder, oftast

regionalt. Dei deltakande fylkeskommunane og Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND) kan vere mogelege finansieringskjelder.

Norske deltakarar

Alle fylka som grenser mot Sverige og Finland vil delta i INTERREG IIIa. Alle norske fylke deltek i eitt eller fleire av programma innanfor INTERREG IIIb.

Informasjons- og koordineringsansvarleg i Noreg

Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) har det overordna koordineringsansvaret for INTERREG-programmet i Noreg. Departementet deltek i kontroll-/styringskomitear under Europakommisjonen og har ein sentral rolle i implementeringa av programmet i Noreg. Detaljerte retningsliner for utforminga av kvart underprogram blir utarbeidd av regionale styresmakter i dei områda som kvart underprogram femner om. KRD har produsert ein del informasjonsmateriale om INTERREG. Det er også lagt ut mykje informasjon om INTERREG på Internett på adressa: <http://www.distriktsforum.net/interreg>

KRD kan kontaktast på denne adressa:

Kommunal- og regionaldepartementet
Regionalpolitisk avdeling
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
Tlf.: 22 24 70 01
Faks: 22 24 27 38

Kontaktpersonar:

seniorrådgjevar Jan Edøy, tlf. 22 24 70 29, jan.edoy@krd.dep.no
eller rådgjevar Odd Godal, tlf. 22 24 70 21, odd.godal@krd.dep.no

Informasjons- og koordineringsansvarleg i EU

INTERREG-programma blir frå EU si side administrert av Generaldirektorat for regionalpolitikk i Europakommisjonen. Styringa av programma blir gjort i samarbeid mellom Europakommisjonen og kontroll-/styringskomitear av representantar frå EU-landa og observatørar frå tredjeland som deltek i programmet. Europakommisjonen har produsert eit omfattande informasjonsmateriale om Regionalpolitikk og INTERREG-programma. Det meste av dette materialet er tilgjengeleg på Internetttenesta "Inforegio" på adressa: <http://inforegio.cec.eu.int/>

Ein del informasjon er også lagt ut på heimesidene til Generaldirektoratet for regionalpolitikk på adressa: http://europa.eu.int/comm/regional_policy/

Generaldirektoratet for regionalpolitikk kan kontaktast på denne adressa:

DG REGIO/0-01 - Information Unit
CSM2 A00/234
European Commission
Rue dei la Loi 200
B - 1049 Brussels
Faks: +32 2 296 60 03

E-post: dgregio@info regio.cec.eu.int

Kontaktperson for INTERREG:
Esben Poulsen, faks: +32 2 296 32 90

5 Kjelder

Offentlege dokument

Stortingsproposisjon nr. 100 (1991-92): <i>Om samtykke til ratifikasjon av Avtale om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EØS), kap. 3, del VI og kap. 7</i>
Avtale om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (1992): <i>Del VI Samarbeid utenfor de fire friheter og Protokoll 31 om samarbeid på særlege område utenfor de fire friheter</i> . Avtalen er i heilskap utgjeve som eit særskild vedlegg nr. 1 til Stortingsproposisjon nr. 100 (1991-92). Oppdaterte versjonar av Protokoll 31 er i norsk utgåve tilgjengeleg via Lovdatas betalingsteneste Norim: http://www.lovdata.no/info/norim.html På vevstaden til EFTA er ein oppdatert versjon av protokoll 31 fritt tilgjengeleg i engelsk versjon: http://secretariat.efta.int/library/legal/EEA/
Stortingsproposisjon nr. 2 (1994-95), nr. 73 (1994-95), nr. 28 (1996-97), nr. 31 (1996-97), nr. 40 (1996-97), nr. 52 (1996-97), nr. 58 (1996-97), nr. 5 (1997-98), nr. 26 (1997-98), nr. 48 (1997-98), nr. 40 (1998-99), nr. 82 (1998-99), nr. 83 (1998-99), nr. 95 (1998-99), nr. 98 (1998-99), nr. 28 (1999-2000), nr. 31 (1999-2000), nr. 37 (1999-2000), nr. 45 (1999-2000), nr. 49 (1999-2000), nr. 50 (1999-2000), nr. 51 (1999-2000), nr. 67 (1999-2000), nr. 71 (1999-2000), nr. 80 (1999-2000), nr. 7 (2000-2001), nr. 13. (2000-2001), nr. 14 (2000-2001), nr. 18 (2000-2001), nr. 44 (2000-2001), nr. 48 (2000-2001), nr. 56 (2000-2001), nr. 57 (2000-2001) og nr. 64 (2000-2001) om endringar av EØS-avtalens protokoll 31.

Publikasjonar, bøker og databasar

Agderforskning (2000): <i>Verden er så stor...Evaluering av Norges deltakelse i EUs tredje flerårige program for små og mellomstore bedrifter (1997-2000)</i> , prosjektrapport 22/2000. Kristiansand: Agderforskning
Cordis - EUs forskingsdatabas. Tilgjengeleg på Internett på vevadressa: http://www.cordis.lu/
EFTA (1998-2000): EFTAs årsrapportar for 1997-1999. <i>Thirty-seventh, thirty-eight and thirty-ninth Annual Report of The European Free Trade Association</i> , Brussels: EFTA. Årsrapportane er tilgjengelege på EFTA-vevsidene på adressa: http://secretariat.efta.int/library/reports/
EFTA (2001): "EEA EFTA participation in EU programmes. Programme list and information sheets". Tilgjengeleg på EFTA-vevstaden: http://secretariat.efta.int/euroeco/ECProg/
EU ForskingsInfo: <i>EUs 5. rammeprogram for forskning og teknologisk utvikling</i> , nyheitsbrev, div. nr. Oslo: EU ForskingsInfo
EU ForskingsInfo: Omfattande informasjon om EUs rammeprogram for forskning og utvikling og Forskningsrådet si oppfølging av norsk deltaking er tilgjengeleg på Internett på vevadressa: http://www.forskningsradet.no/eu/
Euro Info Centre-nettverket i Noreg: <i>Innblikk</i> , nyheitsbrev frå Euro Info Centre nettverket i Noreg, Oslo: Euro Info Centre Aust (Noregs eksportråd)

Europakommisjonen: <i>RTD info. Magazine for European research</i> , div. nr, Brussels: European Commission, Research DG - Communication Unit
Europakommisjonen (1994): <i>EU's strukturfonde. Veiledning: EF-initiativerne 1994-1999, første udgave</i> , Luxembourg: Kontoret for dei Europæiske Fællesskabers Officielle Publikationar
Europakommisjonen (1996): <i>Community Social Policy. Programmes, Networks and Observatories</i> , Luxembourg: Kontoret for dei Europæiske Fællesskabers Officielle Publikationar
Europakommisjonen (2000): <i>Grants and loans of the European Union</i> . Brussels: European Commission. Denne publikasjonen finn ein også på Internett på adressa: http://europa.eu.int/comm/secretariat_general/sgc/aides/index_en.htm
Europakommisjonen sin delegasjon for Noreg og Island (2000): <i>Nytt fra EU</i> , nr. 6/7-2000. Oslo. Oversyn over program finn ein på: http://home.online.no/~europako/nor/informasjon/programma.htm
Forskningsministeriet i Danmark (1996): <i>EU forskning - hvem hvad hvor</i> , 2. udgave, København: Forskningsministeriet. Er også tilgjengeleg på Forskningsministeriets vevsted: http://www.fsk.dk/fsk/publ/1997/euforsking/
Kommunenes Sentralforbund (1996): <i>Støtte fra EU? Oversikt over europeiske samarbeidsmuligheter for kommunesektoren</i> , Oslo: Kommuneforlaget
Kommunenes Sentralforbund (1996a): <i>Lokalforvaltningen og europeisk samarbeid: Kilde til læring og utvikling</i> , Oslo: Kommuneforlaget
Media Desk Norge: <i>Medianytt. Nyhetsbrev fra Media Desk Norge</i> , div. nr. Oslo: Media Desk Norge (Norsk filminstitutt). Denne publikasjonen finn ein også på Internett på adressa: http://www.nfi.no/mediadesk/nyheter.html
Noregs forskingsråd (1998): <i>Evaluering av Norges deltakelse i EUs ramme-program for forskning, teknologisk utvikling og demonstrasjonsaktiviteter</i> . Inkluderer delrapportar frå EU Forskningsinfo (Noregs forskingsråd), Norsk institutt for studiar av forskning og utdanning (NIFU), Nordlandsforskning og Noregs teknisk-naturvitskapelege universitet (NTNU), Oslo: Noregs forskingsråd
Noregs forskingsråd (1999): <i>EUs 5. rammeprogram – støtte til forskning og teknologisk utvikling. En håndbok utarbeidet av EU ForskningsInfo</i> , Oslo. Denne publikasjonen finn ein også på Internett på adressa: http://www.forskningsradet.no/fag/eu/tilbud/bibliotek/
Senter for internasjonalt universitetssamarbeid (SIU), Statens ungdoms- og adopsjonskontor (SUAK) og Leonardo NCU Noreg: <i>Europavegen</i> , nyheitsbrev for europeiske utdannings- og ungdomsprogram. Bergen. Denne publikasjonen finn ein også på Internett på adressa: http://www.siu.no/europavegen

Andre kjelder

Årsrapportar, brosjyrar og andre utgjevingar frå EU-organ og norske forvaltningsorgan knytte til kvart særprogram. Desse publikasjonane er omtala under omtalen av særprogramma.

Relevante publikasjonar frå Statskonsult

Statskonsult (1995): *EU/EØS-arbeidet i departementa*. Oslo: Statskonsult, Rapport 1995:15

Statskonsult (1998): <i>Håndbok i EØS-arbeid. Utforming og gjennomføring av regelverket i EU og EØS</i> , Oslo: Statskonsult
Statskonsult (1998): <i>EØS-forvaltning i Norge</i> , Rapport 1998:20
Statskonsult (1999): <i>Norsk deltakelse i EU-komiteer. En oversikt over trekk ved forvaltningens deltakelse i komiteer og ekspertgrupper under Europa-kommisjonen</i> . Oslo: Statskonsult, rapport 1999:6
Statskonsult (1999): <i>EU's strukturfond og forvaltningsutviklingen</i> . Oslo: Statskonsult, rapport 1999:7
Statskonsult (2000): <i>Folkerettens innflytelse på norsk lovgiving</i> . Oslo: Statskonsult, rapport 2000:3
Statskonsult (2001): <i>Regionalisering. Internasjonale eksempler og norsk virkelighet</i> . Oslo: Statskonsult, rapport 2001:04

Dei fleste av publikasjonane frå Statskonsult som er nemnde ovanfor, er også tilgjengelege på vevsidene til Statskonsult på adressa:
<http://www.statskonsult.no/publik/>

REFERANSAR

Tittel:	Norsk deltaking i og forvaltning av EU-program
Forfattar(ar):	Tom-Espen Carlsen
Statskonsults rapportnummer:	2001: 13
Prosjektnummer:	374
Prosjektnamn:	Norsk deltaking i og forvaltning av EU-program
Prosjektleder:	Tom-Espen Carlsen
Oppdragsgjevar(ar):	Statskonsult
Resymé:	Rapporten omtaler alle dei EU-programma som Noreg deltek i og dei opningane som deltakinga i programma gjev norske aktørar. Det er også med ein kortfatta omtale av korleis det norske oppfølgingsapparatet er organisert.
Arbeidsområde:	<input type="checkbox"/> Styring og resultatorientering <input type="checkbox"/> Omstilling og organisasjonsformer <input type="checkbox"/> Informasjonsteknologi <input checked="" type="checkbox"/> Internasjonalisering <input type="checkbox"/> Leiarskapsutvikling
Emneord:	EU, EØS, EFTA, program, nettverk, prosjekt, kartlegging, forskning, utvikling, utdanning, støtte, tilskot, finansiering
Dato:	Mai 2001
Sider:	176
Utgjevar:	Statskonsult Direktoratet for forvaltningsutvikling Postboks 8115 Dep 0032 OSLO